

# **Den nordiske modellen som politisk reiskap**

Ein studie av Arbeidarrørslas Nordiske Samarbeidskomité (SAMAK)  
i perioden 1981-2006

Håvard Parr



**Masteravhandling i historie**

**Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap**

**Universitetet i Bergen**

**desember 2007**

## **Innholdsliste:**

|  |              |
|--|--------------|
| <b>Føreord.....</b>  | <b>s. 5</b>  |
| <b>Forkortingar nytta i denne oppgåva.....</b>               | <b>s. 6</b>  |
| <b>1. Innleiing.....</b>                                     | <b>s. 7</b>  |
| Problemformulering.....                                      | s. 8         |
| Arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomité – SAMAK.....       | s. 10        |
| SAMAK i Urban Lundberg sitt arbeid.....                      | s. 12        |
| Kjelder.....   | s. 13        |
| Den nordiske modellen i forskinga.....                       | s.15         |
| Gangen i oppgåva.....  | s.18         |
| <b>2. Ei Kjelde til nytenking.....</b>                       | <b>s. 21</b> |
| ”Den nordiske modellen – et debattinnlegg”.....              | s. 23        |
| <i>Utfordringar som har vokse fram gjennom 70-talet.....</i> | <i>s. 24</i> |
| <i>Element i ein ny modell.....</i>                          | <i>s. 25</i> |
| Inspirasjonskjelde.....                                      | s. 27        |
| Kva er det nye?.....   | s. 30        |
| Reaksjonar på debattinnlegget.....                           | s. 31        |
| Ringverknader frå arbeidet?.....                             | s. 34        |
| Konklusjon.....  | s. 34        |
| <b>3. Nordisk samarbeid, ein veg ut av krisa.....</b>        | <b>s. 36</b> |
| Kampen mot det andre.....                                    | s. 39        |
| Alternativet.....  | s. 41        |
| Norden – moglegheitene for ein eigen veg.....                | s. 43        |
| Kva syner Auken-gruppas arbeid?.....                         | s. 45        |
| Strid rundt arbeidet.....                                    | s. 46        |
| Oppfylging av Auken-gruppa.....                              | s. 47        |
| <i>Band til norsk inntektspolitikk?.....</i>                 | <i>s. 50</i> |
| <i>Lite realisme i Norden som samla aktør.....</i>           | <i>s. 52</i> |
| <b>4. Fornyng av den offentlege sektor.....</b>              | <b>s. 54</b> |
| Forboden frukt.....  | s. 54        |
| Fridom.....  | s. 55        |
| Ein ”förutsättningslös genomgång”.....                       | s. 56        |
| Opptakta til ”den förutsetningslösa genomgången”.....        | s. 56        |

|   |              |
|---|--------------|
| Eit førsteutkast.....   | s. 58        |
| Fornyingsforslag.....   | s. 59        |
| Open sjølvrefleksjon.....   | s. 61        |
| Kjeldeproblem.....  | s. 62        |
| Mellomspelet.....   | s. 62        |
| ”Förnya den offentliga sektorn!”.....                                 | s. 63        |
| SAMAK-impulsar i norsk programarbeid?.....                            | s. 65        |
| <i>Linjeskifte til syne i arbeidsprogramma</i> .....                  | s. 66        |
| <i>Dei nye tankane</i> .....  | s. 68        |
| <i>Parallell kronologi</i> .....                                      | s. 69        |
| <b>5. Den nordiske modellen i møte med europeisk integrasjon.....</b> | <b>s. 72</b> |
| Europeisk integrasjon.....  | s. 73        |
| Den nordiske samfunnsmodellen og Europa.....                          | s. 74        |
| <i>Vag modellformulering</i> .....                                    | s. 76        |
| Syssestettingsprogram for Europa.....                                 | s. 78        |
| ”Sett Europa i arbeid!”.....  | s. 80        |
| <i>I lys av Auken-gruppas arbeid</i> .....                            | s. 82        |
| <i>Syssestettinga som dørøpnar for nordisk heilskapstanke</i> .....   | s. 83        |
| Vegen mot den europeiske scenen.....                                  | s. 85        |
| Modellrefleksjonar frå slutten av tiåret.....                         | s. 88        |
| Konklusjon.....   | s. 91        |
| <b>6. Ei revitalisering av den nordiske modellen.....</b>             | <b>s. 93</b> |
| Opphavet til modellartikuleringa.....                                 | s. 93        |
| Ny interesse for den nordiske modellen.....                           | s. 94        |
| Norden – ein global vinnarregion.....                                 | s. 95        |
| Kva er den nordiske modellen?.....                                    | s. 96        |
| Grunnleggjande verdiar.....   | s. 98        |
| <i>Full syssestetting</i> .....                                       | s. 98        |
| <i>Velferd</i> .....  | s. 99        |
| <i>Rettferd</i> .....   | s. 101       |
| Kva kan ein lese ut av publikasjonen?.....                            | s. 102       |
| Rapport frå SAMAKs velferdsforum.....                                 | s. 103       |
| <i>Forsvar for den nordiske velferdsmodellen</i> .....                | s. 105       |
| <i>Eit medvite svar på ”velferdsstatens krise”</i> .....              | s. 106       |

|  |               |
|--|---------------|
| <i>Den retoriske kampen</i> .....          | s. 107        |
| Konkluderande tankar.....                  | s. 108        |
| <b>7. Oppsummering og konklusjon</b> ..... | <b>s. 110</b> |
| Modellen gjennom tre tiår.....             | s. 110        |
| Kva er det nye i denne oppgåva?.....       | s. 113        |
| <i>Kva syner oppgåva om SAMAK?</i> .....   | s. 115        |
| Nye spørsmål.....                          | s. 116        |
| <b>8. Litteratur og kjelder</b> .....      | <b>s. 118</b> |

## Føreord

Ved enden av dette masterarbeidet skodar eg tilbake på noko som fortonar seg som ei danningstreise. Ei reise som for meg har opna historiefaget, men der lærdomen vel så mykje ligg i forståinga av kor viktig hjelpa og tilbakemeldingane frå dei som står rundt er. For dette er det mange eg skuldar stor takk.

Den største takka går til min rettleiar Øyvind Bjørnson. Gjennom tolmodig gjennomlesing, eit ope sinn og mange konstruktive innspel, har han vore ei veldig støtte i arbeidet. Eg vil òg rette ei takk til lærarar og studentar ved masterseminaret som undervegs har gjeve respons og hjelpt meg vidare. Mot slutten av arbeidet har også Jenny Andersson og Klaus Petersen lese oppgåva og gjeve nyttige tilbakemeldingar.

Som noko urøynd forskar har eg vorte møtt med stor velvilje og fått mykje hjelp av dei tilsette ved Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek i Oslo, samt systerarkiva i Stockholm og København. Takk fortener også Per Kleppe og Gunnar Berge som stilte opp til intervju, samt Peter Palshøj og Urban Lundberg, for svar på mine mange spørsmål.

I stunder eg har hatt mest lyst til å legge bort arbeidet, har familien heime på Fiskå gjeve meg trua tilbake. Spesielt takk til syster Elisabeth for korrekturlesing, syster Maria for uvurderleg hjelp i slutfasen og til pappa Vidar for levande deltaking i det eg har sysla med. Den siste takka går til Guro, som har halde ut med og oppmuntra ein travel historiestudent.

Bergen, desember 2007

Håvard Parr

## **Forkortingar nytta i oppgåva:**

DNA: Det norske Arbeidarparti

EF: Det Europeiske Fellesskap

EEl: The European Employment Initiative

EFTA: European Free Trade Association

EU: Den Europeiske Union

EØS: Det Europeiske økonomiske samarbeidsområde

IGC: The Intergovernmental Conference

IMF: International Monetary Fund

OECD: Organisation for Economic Cooperation and Development

PES: The Party of European Socialists

PKL: Forkorting nytta om Per Kleppes arkiv

SAMAK: Arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomité

SAP: Socialdemokraterna

LO: Landsorganisasjonen

## 1. Innleiing

”Det fanns en tid, på 1980- och 1990-talen, då den nordiska modellen var närmast dödförklarad.”<sup>1</sup>, kan vi lese i ein publikasjon utarbeidd av Arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomité; ein komité som går under nemninga SAMAK. Denne publikasjonen vart lagt fram for den nordiske arbeidarkongressen i 2006. Med utgangspunkt i samarbeidet mellom sosialdemokratiske parti og fagrørslar i Norden, ynskte SAMAK å rette merksemd mot modellen dei meinte hadde gjort eit bemerkelsesverdige ”comeback” på den internasjonale scenen. Det at SAMAK her skildra dødsdomen som hang over den nordiske modellen, underkommuniserer den sentrale plassen forståinga av ein slik modell har hatt i det nordiske sosialdemokratiske samarbeidet sidan byrjinga av 80-talet. I dette masterarbeidet er nettopp forståinga av ”ein nordisk modell” innanfor SAMAK nøkkelen inn i undersøkinga av det nordiske sosialdemokratiske samarbeidet.

Eg har valt å starte den historiske studien i ei politisk brytingstid. På terskelen til 80-talet stod det klart for SAMAK at dei politiske løysingane som hadde prega dei skandinaviske samfunna i tiåra etter andre verdskrigen, ikkje lenger var tilstrekkelege i møte med utfordringane som hadde kome til. Vi ser mellom anna at det i møte med inflasjonsproblematikken oppstod ein sviktande tillit til den tradisjonelle keynesianske økonomistyringa i den stendig meir internasjonaliserte økonomien. I dette bilete ser vi også eit stemningsskifte i retning av nyliberale sanningar, som ønske om den frie marknaden og minimum av statleg styring, vinne tilslutning i den nordiske opinionen. I denne brytingstida er det spanande å sjå korleis SAMAK posisjonerte seg i forhold til det som hadde vore og som dei kjende eit sterkt eigarskap til.<sup>2</sup>

Den svenske historikaren Bo Stråth legg i ein artikkel om bakgrunnen for ”*hur talet om en nordisk modell uppstod*”<sup>3</sup> ut noko av tråden eg har valt å fylgje i mitt arbeid. Her skriv Stråth om den nordiske modellen:

”...att begreppet varaktigt etablerat sig i den inomnordiska diskursen först under 1980-talet under en politisk brytningstid. I en tidigare period har det innehåll begreppet står för uttryckt

---

<sup>1</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 10

<sup>2</sup> Jamfør kapittel 2 i denne oppgåva. Grunntanken i keynesianismen var den økonomisk aktive staten og trua på at staten kunne påverke dei økonomiske konjunkturane gjennom direkte inngrep.

<sup>3</sup> Stråth (1993): s. 55

hegemoni och problemformuleringsprimat. Det har inte på samma sätt varit ifrågasatt och därför inte heller varit politisk interessant.”<sup>4</sup>

Perioden før denne brytingstida, tiåra etter den andre verdskrigen, vel eg her å kalle gullalderen for det nordiske sosialdemokratiet. I den historiske forskingslitteraturen kan vi mellom anna sjå at Francis Sejersted omtalar tida på 50- og 60-talet som skandinaviske sosialdemokratars lukkelege augneblink<sup>5</sup>, medan Berge Furre i ein norsk samanheng skriv om ein sosialdemokratisk orden som først forvittra mot inngangen til 1980-talet.<sup>6</sup> Det interessante med analysen til Stråth er altså at han syner at det er nettopp når innhaldet i det som gjerne vert omtala som ”ein nordisk modell” vert truga, at det vert introdusert som ladd omgrep i den nordiske politiske debatten. Det er også etter kvart som SAMAK kjenner veksande trong til å forsvare det dei meiner arbeidarrørsla har bygd opp gjennom gullalderen, at forståinga av at det finst ein nordisk modell veks fram innanfor dette forumet.<sup>7</sup> Mitt utgangspunkt er difor at ein studie av modellomgrepet, er eigna til å gripe måten SAMAK, med dei sterke banda dei kjenner bakover, posisjonerer seg i ei ny tid.

### **Problemformulering**

Eg har valt ei problemstilling som grip inn i nordiske sosialdemokratars forståing av den nordiske modellen slik den kjem til uttrykk innanfor SAMAK. Her rettar eg altså merksemda mot den politiske bruken av omgrepet, der ein studie over tid syner ei skiftande forståing av og tru på denne. Slik er det oppretta ein veg inn mot SAMAK-samarbeidet, som viser endringar i forståinga av korleis den nordiske arbeidarrørsla ser seg sjølve og sitt prosjekt. Formuleringa eg har valt er todelt. Den første delen vert via størst merksemd og dannar i oppgåva grunnlaget for den andre:

*”Kva utfordringar ser den sosialdemokratiske rørsla for ein nordiske modell etter gullalderen, og kva vert gjort innafor SAMAK-samarbeidet for å skape ein modell som møter desse utfordringane? Korleis har forståinga og bruken av denne modellen endra seg fram til i dag?”*

*”Kva kan eit møte med desse spørsmåla fortelje om SAMAK, og er det med bakgrunn i ein slik studie mogleg å spore konkrete ringverknader av SAMAK-arbeidet?”*

---

<sup>4</sup> Stråth (1993): s. 57-58 I akademiske kreitsar kan omgrepet sporast tilbake til 1960-talet

<sup>5</sup> Sejersted (2007): s. 257, Sejersted (2005): Del II

<sup>6</sup> Furre (2000): s. 266-268

<sup>7</sup> Lundberg (2006): s. 274-275



For å kunne studere og syne korleis forståinga av denne nordiske modellen har endra seg med skiftingar i det politiske bilete, vil eg altså la problemstillinga danne grunnlaget for ein studie som tidsmessig strekk seg frå tidleg 80-tal og heilt inn i vår eiga samtid. Startpunktet er sett ved eit forslag om å utarbeide artikuleringa av "ein ny nordisk modell" innanfor SAMAK i 1981, og eg slepp utviklinga først etter å ha studert publikasjonen eg heilt inneliingsvis refererte til, lagt fram for den nordiske arbeidarkongressen i 2006. Valet av ein så lang periode er med på å legge føringar for kva som let seg utforske. Det eg primært har valt å seie noko om her, er nordiske sosialdemokratars eiga fortolking av den politiske røyndomen og korleis skiftingar i tanken om ein nordisk modell fangar opp denne.

Ei slik tilnærming til SAMAK-arbeidet gjer det mogeleg å studere idear som har strøymd mellom nordiske sosialdemokratlar i eit tidsrom den ytre politiske røyndomen har tvinga rørsla til posisjonsforflytningar. Oftast vert desse forflytingane forklart med bakgrunn i diskusjonar som har funne stad innanfor dei nasjonale partia i dei ulike land. I norsk samanheng ser vi dette mellom anna tydeleg i arbeida til Jostein Nyhammar og Karen R. Tjernshaugen,<sup>8</sup> som baa studerer Arbeidarpartiets linjeskifte i tida eg er oppteken av, men utan å sjå på impulsane utanifrå. Med merksemda retta mot den nordiske møtestaden vert det tydeleg at likearta utfordringar også har vore grunnlag for aktiv politisk nytenking i fellesnordiske arbeidsgrupper. Ved å rette søkelyset mot SAMAK meiner eg difor oppgåva gir eit perspektiv som supplerer den historiske forskinga som rettar seg mot den sosialdemokratiske fornyinga i dei ulike nordiske landa. Rammene for oppgåva har ikkje gjort det mogeleg å forfylgje dei konkrete ringverkandane av SAMAK-arbeidet i si fulle breidde, men ved å fylgje enkelte trådar avteiknar det seg eit bilete av om samarbeidet fungerer som premissleverandør. I valet av desse trådane vert det også tydeleg at denne undersøkinga er gjort frå ein norsk ståstad, ved at eg rettar mersemda mot område der SAMAK-diskusjonen kan ha spelt inn i den norske utviklinga. Eg har også sett nærare på SAMAKs innsats for å få sysselsettingsspørsmålet inn på dagsorden til den Europeiske Union. Men før vi kjem så langt må dei grunnleggande byggjesteinane for oppgåva leggast. Eit første steg på denne vegen er å gå nærare inn i kva SAMAK er for noko.

---

<sup>8</sup> Nyhammar (1990), Tjernshaugen (2006)

## Arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomité – SAMAK

Tradisjonane for arbeidarrørslas nordiske samarbeid strekk seg heilt tilbake til opprettinga av dei skandinaviske arbeidarkongressane i 1886.<sup>9</sup> I første omgang var det representantar frå Noreg, Sverige og Danmark som samlast, men frå kongressen i 1907 tok også Finland del. Den islandske arbeidarrørsla knytte så gradvis tettare band til sine nordiske meiningsfeller inn på 1900-talet. Ved kongressen i 1912 vart det beslutta å sette ned eit utval med representantar frå fagrørslar og parti frå kvart av landa, konstituert året etter som ”Kommittén för skandinaviska arbetarrörelsens samarbete”. Dette er forløparen for det som seinare skulle verte SAMAK, og oppåva til komiteen var å pleie den regelbundne kontakten mellom arbeidarrørslene i dei ulike landa. Samarbeidet vart likevel liggande brakk med radikaliseringa av den norske arbeidarrørsla gjennom 20-talet og det var først ute på 1930-talet, etter at det Norske Arbeidarpartiet hadde brote med si radikale linje, at samarbeidet fekk ei form som liknar den ein ser i dag.<sup>10</sup>

SAMAK-samarbeidet samlar i dag medlemmer frå landsorganisasjonane og dei sosialdemokratiske partia i Norden, og leiarskapen i SAMAK går på omgang mellom leiarane av partia i landa.<sup>11</sup> Det er også oppretta eit lite sekretariat i tilknytning til komiteen. For å få eit grep om kva føremål samarbeidskomiteen har, kan eit utgangspunkt vere å sjå korleis den presenterer seg gjennom sine internettsider. Her står det mellom anna at SAMAK har som målsetting: ”*At styrke og utvikle den nordiske arbejderbevægelses samarbejde om nationale såvel som internationale politiske spørgsmål – politisk, fagligt og organisatorisk*” og vidare at SAMAK skal ”... *initiere en samnordisk diskussion om fremtidsspørgsmål*”.<sup>12</sup> Spesielt framtidssintensjonen er interessant i møte med ei problemstilling som forsøker å gripe røyndomsoppfatning og nytenking i den sosialdemokratiske rørsla. For å vise kva arbeid som vert gjort i SAMAK i dag, framhevar presentasjonen utarbeiding av fellesprogram på sentrale politiske område, dei seinaste åra kring EU, velferd, menneskerettar, globalisering og demokrati.<sup>13</sup> Dette er rapportar utarbeidde av ulike arbeidsgrupper, som får sine mandat frå SAMAK.

---

<sup>9</sup> SAMAK (1986) c: s. 3

<sup>10</sup> SAMAK (1986) c: s 3-5 Lundberg (2006): s. 271-272

<sup>11</sup> Også dei sosialdemokratiske partia i dei nordiske sjølvstyreområda; Grønland, Færøyane og Åland, tek del.

<sup>12</sup> ”Hvad er Samak” [internett]

<sup>13</sup> ”Hvad er Samak” [internett]

Når ein går eit steg nærare strukturen i det nordiske sosialdemokratiske samarbeidet, vert bruken av SAMAK-namnet vanskelegare. For samstundes som forkortinga vert nytta synonymt med arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomité, ein komite som har årvisse møte, så er det tydeleg at SAMAK er noko meir enn desse møta og det vesle sekretariatet. I SAMAKs arkiv finst det materiale frå møte mellom partisekretærene, dokument frå dei store arbeidarkongressane og stoff frå ulike arbeidsgrupper. Dagens generalsekretær i SAMAK, Peter Palshøj, forklarar strukturen med orda:

”Hvad angår den formelle opbygning af SAMAK, så består arbejderbevægelsens nordiske samarbejde af aktiviteterne indenfor rammen af SAMAK, og der er de bestemmende organer den nordiske arbejderkongress, SAMAKs årsmøder, SAMAKs formandsmøder (for alle formændene for medlemsorganisationerne) og Parti- og LO-sekretærmøderne.”<sup>14</sup>

Dette peikar altså mot ei forståing av SAMAK som eit viktig rammeverk for det nordiske sosialdemokratiske samarbeidets ulike former og uttrykk.

For å skaffe ei djupare forståing av føremålet og kva som kjem ut av samarbeidet er det naturleg å lytte til nokon av dei som har vore sentrale aktørar. Gunnar Berge, med fartstid både som norsk finansminister og arbeidsminister, var aktiv i SAMAK i om lag ein tiårsperiode frå første halvdel av 1980-talet. Den største verdien i dette nordiske samarbeidet, meiner han låg i mogelegheitene forumet gav for ideutveksling og utforming av politikk, ei forståing som får Berge til å nytte omgrepet ”tankesmie” for å karakterisere SAMAK.<sup>15</sup> På dette området teiknar han eit bilete som stemmer overeins med forståinga Per Kleppe gir uttrykk for. Kleppe, også han i lang tid norsk finansminister, var aktiv i SAMAK før Berge og talar om SAMAK som eit relativt lukka forum for utveksling av idear.<sup>16</sup> Forståinga av SAMAK som ei nordisk tankesmie let seg sameine med bilete den svenske historikaren Urban Lundberg teiknar i artikkelen: ”A Leap in the Dark. From a Large Actor to a Large Area Approach: The Joint Committee of the Nordic Social Democratic Labour Movement and the Crisis of the Nordic Model”(2006). Det var denne som opprinneleg retta merksemda mi mot den nordiske samarbeidskomiteen, og artikkelen har vore sentral for retninga eg har valt i møte med kjeldematerialet.

---

<sup>14</sup> Opplysningar i e-post frå Peter Palshøj til underteikna 20.10.2006

<sup>15</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 3-4 i det transkriberte intervjuet

<sup>16</sup> Intervju med Per Kleppe 26. februar 2007

## **SAMAK i Urban Lundberg sitt arbeid**

Lundbergs forståing av den nordiske samarbeidskomiteen kjem tydeleg fram når han innleiingsvis reflekterer rundt spørsmålet om kva som kjem ut av dette samarbeidet. Han framhevar at det er vanskeleg å peike på den konkrete betydninga av SAMAK-samarbeidet, men at forumet truleg har spelt ei viktig rolle i skaping av politisk identitet og ei kjensle av å høyre til eit større nordisk sosialdemokratisk heile. Lundberg underbygg dette ved å vise til at SAMAK som relativt uavhengig kunnskapsprodusent driv eit stendig pågåande plattformarbeid der ideen om den nordiske modellen vert gitt stor merksemd. Dette kjem til uttrykk både ved at ein prøver å halde liv i tanken om ein nordisk modell, men òg ved at ein prøver å fylle denne ideen med eit nytt innhald.<sup>17</sup>

I artikkelen argumenterer Lundberg for at det fram mot 1970-talet mellom nordiske sosialdemokratar gradvis vaks fram ei forståing av at det fanst ein nordisk modell, noko han meiner skjedde i takt med at merksemda skifta frå å rette seg framover mot eit betre samfunn til å uttrykke forsvar for det samfunnet som allereie var utbygd.<sup>18</sup> I den historiske teorien han så presenterer for å gripe utviklinga innanfor SAMAK i tidsromet eg er oppteken av, låner han eit omgrepsett frå Larry Elliot og Dan Atkinson. Det er tale om ei utvikling frå ”a large actor approach” til ”a large area approach”.<sup>19</sup> Slik Lundberg les utviklinga, såg SAMAK på midten av 80-talet mogelegheitene for å drive ein sosialdemokratisk politikk i å utdjupe det nordiske samarbeidet. Ved å viske bort grensehindringar mellom landa kunne Norden framstå som ein samla aktør i den globale konkurransen. Dette skulle gjere det mogeleg å føre ein ekspansiv økonomisk politikk, sjølv om den rådande økonomiske konsensusen i den vestlege verda tala for ein stram nedskjeringspolitikk. Denne strategien meiner han vart endra på terskelen til 1990-talet. Svaret på det reduserte politiske handlingsromet på nasjonalt og nordisk nivå, vart då å rette merksemda mot kampen om vegen vidare i den pågåande europeiske integrasjonen. I denne ”large area approach” handla det for nordiske sosialdemokratar om å finne krefter i Europa som ønskte ei utvikling i den same retninga som SAMAK. I vendinga mot Europa ser Lundberg eit SAMAK som hadde mista trua på ein eigen nordisk modell, ei kriseforståing han meiner bit seg fast i den sosialdemokratiske rørsla.<sup>20</sup> Problemstillinga eg har valt for denne oppgåva gjer det mogeleg å posisjonere mitt arbeid i forhold til konklusjonane Urban Lundberg presenterer i sin artikkel. Både i dei einskilde kapitla og i oppgåvas konklusjon vil

---

<sup>17</sup> Lundberg (2006): s. 272

<sup>18</sup> Lundberg (2006): s. 273-276

<sup>19</sup> Lundberg (2006): s. 289

<sup>20</sup> Lundberg (2006): s. 297

eg difor diskutere korleis kjeldefunn og eiga utlesing forhold seg til det Lundberg har skrivne om SAMAK.

### **Kjelder**

Eg har nytta eit breitt samansett kjeldemateriale for å kaste lys over modellutviklinga innanfor SAMAK. Det politiske arbeidet i samarbeidskomiteen vert i hovudsak gjort av ulike arbeidsgrupper. Desse vert som oftast sette ned på initiativ frå partisekretærmøte eller einskildpersonar etter vedtak ved dei årvisse SAMAK-møta. Gruppene, som i sin natur kan vere alt frå svært midlertidige til meir permanente møtestadar, utarbeidar så rapportar i tråd med mandat givne av SAMAK. Frå byrjinga av 80-talet til midten av 90-talet finst dei endelege rapportane frå arbeidsgruppene som trykt materiale tilgjengeleg for heimlån ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København. Rapportar av nyare årgang er tilgjengelege på nettsidene til SAMAK. Det er analysen av eit utval av desse rapportane som utgjer reisverket i denne oppgåva. Med noko ulike utlesingsstrategiar, som eg gjer greie for i dei einskilte kapitla, er føremålet å trekke ut den stendig skiftande forståinga av modelltanken innanfor SAMAK.

For å skape ein kontekst for denne utlesinga har uttrykt arkivmateriale stått sentralt. Ved Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek i Oslo samt systerarkiva i Stockholm og København, har eg gått gjennom det tilgjengelege SAMAK-materiale i arkiva til dei sosialdemokratiske partia. Mest rikholdig er det svenske materiale, og det er også ved arkivet i Stockholm SAMAK-sekretariatet i seinare år har etablert sitt eige arkiv. Problemet med uttrykt arkivmateriale, og spesielt når undersøkinga strekk seg heilt inn i vår eiga samtid, er innsynsrestriksjonane. Når det gjeld det norske og danske partiet, så har eg fått innsyn i det som har vorte overlevert til arkivering. I det norske tilfellet strekk dette seg fram til midten av 80-talet, medan det i det danske arkivet er ein del materiale fram til byrjinga av 90-talet. Ved arkivet i Stockholm, der det meste av SAMAK-materiale ligg samla, oppstod ein del vanskar. SAMAKs eige arkiv inneheld materiale frå heile 90-talet, men absolutt mest frå første halvdel av dette tiåret.<sup>21</sup> For denne samlinga gjeld restriktive innsynskriterium for det som endå ikkje er 20 år gammalt, og eg fekk spesifisert eit avgrensa innsynsløyve av SAMAKs generalsekretær. Dette gav meg fullt innsyn i alt trykt materiale, offisielle fråsegner frå møter samt meldingar

---

<sup>21</sup> Arkivet inneheld protokollar frå SAMAK-møter i perioden oktober 1990 til mars 1995 samt meldingar og planar for SAMAKs verksemd for den same perioden. I dette arkivet fist også alt trykt materiale frå SAMAK gjennom 80- og 90-talet.

og planar for SAMAKs verksemd. Eg fekk derimot ikkje innsyn i dokument etter arbeidsgruppa for utanriks- og sikkerheitspolitiske saker og kunne mellom anna ikkje gjere nytte av brevvekslingar som var bevart i arkivet. I det som fall mellom desse to ytterpunkta, fekk eg delvis innsyn, der det mest relevante i mitt arbeid var protokollar ført ved SAMAKs møte. Ved bruk av dette trengs løyve frå SAMAK til å nytte kvart einskild dokument.<sup>22</sup> Når det gjeld arkivmateriale til Socialdemokraterna(SAP) vert ein streng 20-års regel praktisert, noko som berre opna for at eg kunne leite fram til 1987 i SAP-arkivet. Denne restriksjonen medførte ein del frustrasjonar ettersom eg først fekk førespegla at SAMAK-materialet i SAPs arkiv var overført til SAMAKs arkiv, noko som ville gitt meg delvis innsyn i materiale etter 1987 i denne rikhaldige samlinga.<sup>23</sup>

Ein måte å finne materiale som ikkje er tilgjengeleg i partiarkiva eller som ikkje finst der, er å gå inn i private arkiv som sentrale aktørar i det nordiske samarbeidet har overlevert til sentrale arkiv. På denne måten har eg funne nyttige kjelder i både det personlege arkivet til Per Kleppe og Clas-Erik Odhner. For dei seinaste åra har SAMAK gjort meir enn dei endelege rapportane tilgjengeleg på sine nettsider, og med det publisert materiale som gjer det mogeleg å utdjupe forståinga av dei endelege rapportane. Arkivarbeidet gjer det mogeleg å spore initiativa som leidde fram til dei endelege rapportane. Det kastar også lys over det som har gått føre seg i arbeidsgruppene og syner til ei viss grad diskusjonane og kritikken arbeida vekte.

Ei anna kjelde til oppgåva er av munnleg karakter. Gjennom intervju med to av dei som frå norsk side har vore mest sentrale i SAMAK, dei tidlegare finansministrane Per Kleppe og Gunnar Berge, har eg fått eit bilete av korleis aktørane sjølve forstår og vektlegg det nordiske sosialdemokratiske samarbeidet. Intervjua har også gjeve mange nyttige opplysningar om omstenda kring arbeida dei sjølve var ein del av og har slik hjulpet meg å sette fingeren på dei kontroversielle i materiale. I intervjuet med Berge kom eg også på sporet av fleire av aviskjeldene eg har nytta i oppgåva. Desse eignar seg til å syne dei tilfella frå denne relativt lukka "tankesmia" som har kome inn i den breiare offentlegheitas søkelys.

Kva typar materiale eg har hatt til rådvelde over den perioden oppgåva strekkjer seg, set sitt preg på framstillinga. Det første kapitlet er eksempelvis bygd nærast utelukkande på det utrykte arkivmateriale og refererer slik til eit arbeid Urban Lundberg, som byggjer framstilling

---

<sup>22</sup> Dette delvise innsynet innebar at eg heller ikkje hadde løyve til å kopiere frå materiale utan godkjenning.

<sup>23</sup> SAMAK-materiale frå SAP står plassert saman med SAMAKs egne arkivboksar i magasinet ved arkivet.

på det trykte SAMAK-materialet, ikkje i det heile har kome i kontakt med. Oppgåvas andre kapittel tek derimot føre seg eit gruppearbeid Lundberg legg stor vekt på, men der eg meiner at denne oppgåva ved hjelp av det utrykte arkivmaterialet, intervju med ein av dei sentrale medlemmene i arbeidsgruppa og eit norsk perspektiv, kastar eit nytt lys på både gruppearbeidet og konsekvensane av dette. I oppgåvas to siste hovudkapittel har eg ikkje eit like breitt arkivmateriale å stå på, men ved å halde saman fleire rapportarbeid og knyte anna forskingslitteratur til utlesingane, meiner eg å kunne underbyggje dei historiske linjene eg ser og argumentere for dei konklusjonane eg dreg

Ei anna viktig kjelde for masterarbeidet er å finne i historisk og samfunnsvitskapleg forskingslitteratur. Sjølv utan ei reinspekka positivistisk forskingsforståing er den kumulative naturen i historiefaget openberr. I nye historiske arbeid står vi på skuldrane til fagfrendar og nyttar overblikket ikkje berre til å tilføre ny kunnskap, men og til å regulere det fundamentet vi sjølve står på. Eg har allereie synt korleis arbeidet til Lundberg sette meg på sporet av SAMAK, men eg vil i dette innleiingskapitlet også rette merksemd mot eit forskingsfelt som gir ei vitskapleg forståing av det som vert omtala som ein nordisk modell, og som også syner noko av bakgrunnen for at sosialdemokratane hevdar eigarskap til denne i sin politiske bruk av omgrepet. Dette er å finne i forskinga med den nordiske velferdsstaten i sentrum.

### **Den nordiske modellen i forskinga**

Monumentet i denne samanhengen, er sosiologen Gøsta Esping-Andersens komparative studie av velferdsstatar i *The Three Worlds of Welfare Capitalism*, som kom ut i 1990.<sup>24</sup> Ut frå ein tanke om at variasjonane mellom velferdsstatar plasserer dei i klynger, deler Esping-Andersen inn i tre ulike regime: det liberale-, det konservative/korporatistiske- og det sosialdemokratiske velferdsstatsregime.<sup>25</sup> Utgangspunktet for inndelinga er marknadsuavhengigheita til den enkelte borgar i sosiale situasjonar, og korleis ulike velferdsstatar er med på å underbygge skilnader i samfunnet.<sup>26</sup> Det særigne med det sosialdemokratiske velferdsstatsregime, er universalisme og rause ytingar som gjer at brukarane får stor uavhengigheit av marknaden. Dette medfører ein sosial tryggleik som innanfor regimet vert sett på som produktiv ut frå tanken om at ein avansert økonomi krev eit

---

<sup>24</sup> Vert nytta som utgangspunkt for posisjonering for seinare forskning: Åmark (2005): s. 15, Christiansen mfl.: s. 12.

<sup>25</sup> Esping-Andersen (1990): s. 26-29

<sup>26</sup> Esping-Andersen nyttar omgrepa "de-commodification" og "stratification".



sosialt grunnlag for å vere effektiv.<sup>27</sup> Esping-Andersen nyttar omgrepet modell, og legg vekt på at det her er snakk om ein velferdsstat som etterstrebar likskap av høgste standard, og som bidreg til modernisering av samfunnet. Det er dei skandinaviske landa som er plasserte i denne kategorien,<sup>28</sup> og det er eit hovudpoeng for Esping-Andersen at sosialdemokratiet har vore den dominerande krafta bak dei sosiale reformene.<sup>29</sup>

Framstillinga til Esping-Andersen har møtt motbør frå mange hald. Den dansk-amerikanske historikaren Peter Baldwin tek eit oppgjær med arbeidarklassas eigarskap til den universalistiske modellen. Han hevdar det var dei agrare interessene som var pådrivarar for universalisme og desse var knytt til dei borgarlege partia meir enn dei sosialdemokratiske.<sup>30</sup> Også historikaren Anne-Lise Seip er kritisk til ei framstilling som gir sosialdemokratane ein for privilegert posisjon i høve velferdsstaten. Ho meiner det er gjennom ein brei politisk konsensus denne har vakse fram.<sup>31</sup> Ein annan kritikk kjem frå røyster som meiner dei innbyrdes skilnadane mellom dei nordiske landa er for stor til å kunne tale om ein nordisk modell. Frå historisk ståstad har kritikken mellom anna retta seg mot det problematiske i at det ”sosialdemokratiske regimet” er modellert over dei fullt utvikla velferdsstatane i ei svært avgrensa periode og at inndelinga fell saman om ein nyttar kategoriane utanfor perioden.<sup>32</sup>

Dei siste åra har interessa for velferdsstatsforskning innanfor historiefaget i Norden vore sterkt veksande. Ein sentral del av denne trenden har vore eit samnordisk forskingsprosjektet under tittelen ”The Nordic Modell – a Historical Reappraisal”, noko som mellom anna har munna ut i eit omfattande verk med same tittel. Ved å studere dei nordiske velferdsstatane i eit komparativt perspektiv med utgangspunkt i ei historisk forståing av korleis dei har vakse fram, har ambisjonen vore å spore og forklare både fellestrekk og ulikskapar mellom velferdsstatane. Den langt på veg stadfesta arbeidshypotesen er Norden forstått som ein modell med fem unntak.<sup>33</sup> Om dei nordiske landa vert sett frå eit internasjonalt perspektiv trer likskapane fram, medan ei samanlikning mellom dei viser eit komplisert mønster av likskapar og ulikskapar.<sup>34</sup>

---

<sup>27</sup> Andersson (2004): s. 338, 346

<sup>28</sup> I seinare framstillingar plasserer Esping-Andersen alle dei nordiske landa i denne kategorien: Esping-Andersen (1999) s. 78

<sup>29</sup> Esping-Andersen (1990): s. 27-28.

<sup>30</sup> Baldwin (1990)

<sup>31</sup> Sjå artikkelen ”Velferdsstaten – en nordisk modell?” der Anne-Lise Seip ser på spørsmålet om realiteten av ein nordisk modell.

<sup>32</sup> Christiansen m.fl. (2006): s. 13-14. Det er her tale om perioden frå 1950-80, som eg har omtala som den sosialdemokratiske gullalderen.

<sup>33</sup> Christiansen m.fl. (2006): s. 28-29, 351

<sup>34</sup> Christiansen m.fl. (2006): s. 335



Likskapane ligg mellom anna i den relativt sterke statsmakta balansert mot lokale myndigheiter som saman utøver velferdspolitikken gjennom ein stor skattefinansiert offentleg sektor. Den historiske gjennomgangen viser også ei iaugefallande mogelegheit for å etablere ein parallell kronologi med utgangspunkt i epoke-skapande velferdsreformer. Men på ei rekke felt viser det seg at både vegen fram og den endelege utforminga av sentrale velferdsgoder som alderspensjon og sjukelovsordning skil seg mellom landa. Det historiske perspektivet får fram ei utvikling i svinging mellom konvergens og divergens, der 1930-talet og gullalderen på 1960- og 70-talet er konvergenshøgdepunkt.<sup>35</sup> Når det gjeld "eigarskapen" til den nordiske velferdsstaten, så konkluderer verket med at det har vore både Esping-Andersens sosialdemokratane og Baldwins agrare middelklasse som har forma denne. I tida då sosialdemokratane kom til makta, på 1930-talet og i tiåra etter andre verdskrig, var vegen for den framtidige utviklinga allereie staka ut, og det sosialdemokratane kunne gjere, var å fylle den eksisterande strukturen med innhald og gradvis endre retninga på den utstaka vegen. Så sjølv i dei periodane sosialdemokratane stod sterkast, var det sentrale skilnader mellom dei fem landa.<sup>36</sup> Bilete vert ytterlegare nyansert ved at Klas Åmark hevdar at det på ingen måte var ein einskapleg universalitetstanke innanfor den sosialdemokratiske rørsla, men at det i etterkrigstida berre i Noreg og Sverige var minst fire ulike modellar i sving.<sup>37</sup>

Som ein overgang til måten SAMAK nyttar omgrepet "den nordiske modellen", er det interessant å vende tilbake til Esping-Andersen. Med boka "Social Foundations of Postindustrial Economies" er han oppteken av velferdsregima i møte med det postindustrielle samfunnet.<sup>38</sup> Med radikale endringar i familiestruktur og arbeidsmarknad, er det nye former for risiko som utfordrar velferdsstatstanken. Samstundes er det tydeleg at Esping-Andersen meiner måten velferdsregima responderer viser at dei er kraftig stibundne.<sup>39</sup> Det som opptek meg er at han presenterer det nordiske sosialdemokratiet som ei fleksibel framtidsretta kraft i møte med desse utfordringane. Dette kjem tydeleg fram når Esping-Andersen skriv:

---

<sup>35</sup> Christiansen m.fl. (2006): s. 351

<sup>36</sup> Christiansen m.fl. (2006): s. 351-352

<sup>37</sup> Åmark (2005). Også Klas Åmark har vore ein del av forskingsprosjektet "The Nordic Welfare State – A Historical Reappraisal"

<sup>38</sup> "Social Foundations of Postindustrial Economies" kan lesast som eit forsøk på å revidere "The Three Worlds of Welfare Capitalism" i lys av delar av kritikken mot dette verket (då særleg ved å integrere kjønn og familie i analysen) Esping-Andersen (1999): s. 12

<sup>39</sup> Esping-Andersen (1999): s. 172 Ei forståing som er parallell med det vi såg kome til uttrykk i den historiske forskinga, ved påpeikinga av at sosialdemokratane måtte forhalde seg til ein alleiere utstaka veg.

”Synthetically speaking, the inherent logic of our three welfare regimes seems to reproduce itself. The social democratic nations have responded actively with a redirection of welfare state efforts increasingly emphasizing services and shifting resources towards younger households, both to sustain their incomes and to maximize their employment.”<sup>40</sup>

Dette står i kontrast til den passive måten han meiner dei andre velferdsregima møter endringane på. Slik eg les Esping-Andersen ser han innebygd i det eg her kallar den nordiske modellen ein fleksibilitet som gjer at dette er ein modell også for framtida, og som langt på veg også kan vere eit førebilete for andre velferdsstatar.<sup>41</sup>

I arbeidet med denne oppgåva er det tydeleg at det i den politiske bruken av modellomgrepet er ei skiftande forståing av kva nordiske sosialdemokratlar refererer til når ”den nordiske modellen” vert nytta. Bakgrunnen for at eg her har valt å gi eit riss av forskinga kring den nordiske velferdsstaten, er at det inn på 1990-talet er den nordiske velferdsmodellen SAMAK refererer til og at dei i sine diskusjonar nærmar seg forståinga Esping-Andersen legg til grunn og også til ei viss grad dreg vekslar på dette arbeidet i si modelltilnærming. Føremålet med denne oppgåva er ikkje å gå vidare inn i ein diskusjon om den faktiske realpolitiske eksistensen av ein slik velferdsmodell, men det er avgjerande å få fram at det i sosialdemokratane si eiga sjølvforståing er dei som har bore fram det nordiske velferdssamfunnet. SAMAK nyttar også omgrepet ”den nordiske modellen” i omtale av ei eiga form for økonomisk politikk og om særlegne relasjonar på arbeidsmarknaden.<sup>42</sup> Slik eg les kjeldematerialet er det likevel også i denne bruken tydeleg at det er som del eit forsvar for den omfattande nordiske velferdsstaten modellomgrepet vert nytta. Før eg går vidare med det første hovudkapitlet, vil eg gje eit riss av kva dei ulike kapitla vil ta føre seg.

### **Gangen i oppgåva**

I opningskapitlet er merksemda retta mot det tidlege 80-tal. I kjølvatnet av 70-års økonomiske krise og med ei tiltakande høgrebølgje i det politiske landskapet, lanserer den norske ministeren Per Kleppe ideen om ei modellskrivargruppe. Arbeidet munnar ut i eit debattinnlegg som talar for ”*en ny nordisk modell*”. Modellen er utforma med utgangspunkt i at den skandinaviske modellen gruppa meiner framstod i etterkrigstiåra som: ”... *et vellykket*

---

<sup>40</sup> Esping-Andersen (1999): s. 165

<sup>41</sup> Esping-Andersen (1999): s. 178

<sup>42</sup> Det er også innanfor forskinga tale om ein nordisk modell når det gjeld arbeidslivsrelasjonar. Sjå f. eks: Kjellberg (1998)

*forbilde for andre land*<sup>43</sup> ikkje lenger fungerer etter at dei politiske forutsetningane hadde endra seg gjennom 70-talet. Dette er den første skikkelege artikuleringa av modelltanken innanfor SAMAK, og tittelen på kapitlet: ”Ei kjelde til nytenking” spelar på funksjonen modellarbeidet var tiltenkt.

Frå arbeidet til modellskrivargruppa går vegen til SAMAKs ambisiøse oppgjer med handlingslamminga dei meiner pregar den nasjonale politikktutforminga i vestlege land. I ei tid med tiltakande arbeidsløyse og vedvarande økonomiske vanskar set SAMAK i 1983 ned ei økonomisk-politisk arbeidsgruppe under leiing av danske Svend Auken for å utarbeide eit ekspansivt sosialdemokratisk svar på denne vanskelege situasjonen. Den uttalte ambisjonen til arbeidsgruppa var å ”... *lægge grunden for en ny konsensus i vore landes politikk baseret på solidaritet og bevarelse af de vigtigste træk ved den ”nordiske modell”*”<sup>44</sup>. I kapitlet ”Nordisk samarbeid, ein veg ut av krisa” ser eg nærare på Auken-gruppas forslag til denne nye konsensusen. Eg ser også på kva reaksjonar og faktiske konsekvensar gruppas arbeid medførte.

Ein heilt avgjerande del av tanken om at det finst ein eigen nordisk modell er den omfattande offentlege sektoren som garantist for dei universelle velferdsgodene. I kapitlet ”Fornyng av den offentlege sektor” kjem det fram at SAMAK i andre halvdel av 80-talet tok den borgarlege kritikken av denne hjørnesteinen i modellen tungt innover seg. Den økonomisk-politiske arbeidsgruppa, då under leiing av danske Mogens Lykketoft, gjekk i sitt arbeid med rapporten ”Förnya den offentliga sektorn!” langt bort frå det som hadde vore tradisjonelle sosialdemokratiske haldningar. I arbeidet med denne rapporten vil eg nytte eit tidleg rapportutkast for å syne kva tankar som rådde i gruppa så tidleg som i 1986 og vidare halde dette opp mot den endelege rapporten som stod ferdig heilt på tampen av tiåret. Arbeidet til Lykketoft-gruppa er også eigna til å syne korleis SAMAK kan verke som premissleverandør for den nasjonale politikktutforminga, og eg vil i kapitlet knyte rapportarbeidet opp mot den politiske nyorienteringa som fann stad i Det norske Arbeidarparti den andre halvdel av 80-talet.

90-talet er i den nordiske samanhengen sterkt prega av den europeiske integrasjonsprosessen. I oppgåvas fjerde hovudkapittel vil eg difor studere korleis denne integrasjonsprosessen

---

<sup>43</sup> SAP 1982: s. 1 ”Den nordiske modellen – et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>44</sup> DNA 1985: Brev datert årsskiftet 84/85 frå Svend Auken til SAMAK

pregar modellforståinga innanfor SAMAK. Rapportane ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” og ”Sett Europa i arbeid!” frå den første delen av tiåret syner liten vilje til å trekke ut ein eigen nordisk modell, og Urban Lundberg ser i sitt arbeid eit SAMAK som, etter å ha misslukkast med å etablere ein samla nordisk aktør, noko planlaust vender seg mot den europeiske scenen for å alliere seg med krefter som dreg i den same politiske retninga. I kapitlet held eg eiga kjeldeutlesing opp mot det bilete Lundberg teiknar. Den krisa for forståinga av ein eigen nordisk modell det tidlege 90-tal representerer, meiner Lundberg SAMAK dreg med seg inn i det nye tusenåret, medan eg her nyttar ein modellrefleksjon frå SAMAKs velferdsarbeidsgruppe i 1998 til å peike fram mot ei anna tolking. Som i det føregåande kapitlet er det mogeleg å spore ringverknadar av SAMAK-arbeidet også på 90-talet, og eg vil syne korleis sysselsettingsprogrammet ”Sett Europa i arbeid!” spelte inn i prosessen med å få sysselsettinga inn på dagsorden til den Europeiske Union.

I oppgåvas siste hovudkapittel har vi kome inn mot eiga samtid, og tittelen ”Ei revitalisering av den nordiske modellen” peikar mot den nye interessa for den nordiske modellen. Den positive økonomiske utviklinga og konkurransekrafta dei nordiske landa syner får SAMAK til å tale om eit oppsiktsvekkande internasjonalt ”comeback” som igjen gjer den nordiske modellen til eit føredøme for omverda. I kapitlet legg eg vekt på å syne korleis SAMAK forsøker å knytte den nordiske suksesshistoria til den sosialdemokratiske rørsla, noko som i stor grad skjer ved ei vending mot verdiane bak den nordiske modell.

## 2. Ei kjelde til nytenking.

Forståinga av ”den nordiske modellen” utgjer nøkkelen for vegen inn i det nordiske sosialdemokratiske samarbeidet i denne oppgåva. I den politiske brytingstida på byrjinga av 80-talet vart ideen om å utarbeide ein ny nordisk modell lufta innanfor SAMAK. Initiativtakaren var ein norsk statsråd på veg ut av den nordiske politikken, og eg vil i dette kapitlet sjå nærare på modellartikuleringa initiativet munna ut i. Dette vil eg gjere ved først å syne vegen ideen om modellarbeidet gjekk frå den vart lansert til det endelege resultatet i form av debattinnlegget ”Den nordiske modellen” låg føre. Slik ønskjer eg å illustrere korleis SAMAK-samarbeidet har vorte nytta til å lufter og prøve ut idear, samstundes som forarbeidet utgjer ein del av konteksten for den utlesinga eg så vil gjere av debattinnlegget. I denne møter eg ”Den nordiske modellen” med den første delen av problemstillinga for denne oppgåva og spør kva utfordringar debattinnlegget ser for ein nordisk modell og korleis desse kan møtast. Eg vil så forsøke å syne kva som er det nye denne modellartikuleringa representerer. Dette leier så fram til reaksjonane på debattinnlegget.

Etter seks år som norsk finansminister gjekk Per Kleppe i januar 1980 over til ein post som planleggingsminister i regjeringa Odvar Nordli. Oppgåva til det nyoppretta sekretariatet var langsiktig planlegging og samordning av regjeringas politikk.<sup>45</sup> Gjennom arbeidet i planleggingssekretariatet, mellom anna med utarbeidinga av det nye langtidsprogrammet for regjeringa, fekk han moglegheita til å arbeide med heilskapen og dei lange linjene i politikken. Dette er nok bakgrunnen for at Kleppe heldt innlegget ”Arbeiderbevegelsen i 1980-årene” ved SAMAK-møtet på Bommersvik i midten av mai 1981.<sup>46</sup> I innlegget står spørsmålet om korleis arbeidarrørsla kan tilpasse seg den internasjonale økonomiske utviklinga sentralt. Etter ei eventyrleg økonomisk blømingstid i dei tre tiåra etter andre verdenskrig kan oljekrisa i 1973 stå som brotet på denne framgangen. Ein regulert kapitalisme, styrt med keynesianske verkemiddel hadde oppnådd breitt gjennomslag i den økonomiske gullalderen, men når den økonomiske veksten opphørde, arbeidsløysa skaut i veret og inflasjonen synt seg vanskeleg å kontrollere forsvann trua på verkemidla.<sup>47</sup> På terskelen til

---

<sup>45</sup> Kleppe (2003): s. 336-353

<sup>46</sup> PKL 1981: Arbeiderbevegelsen i 1980-årene. Sammendrag av Per Kleppe`s innlegg på SAMAKs møte på Bommersvik 15.-16. mai 1981

<sup>47</sup> For ein djupare gjennomgang av den internasjonale utviklinga, sjå: Sassoon (2003): s. 477-494, Hobsbawm (1997): s. 409-437 Grunntanken i keynesianismen var den økonomisk aktive staten. Staten kunne påverke dei økonomiske konjunkturane gjennom direkte inngrep.

80-talet førte Margaret Thatchers og Ronald Reagans valsigrar i England og USA til det endelege gjennomslaget for ein politikk bygd på liberale og monetære økonomiske idear. Innstramming med store nedskjeringar i dei sosiale utgiftene stod i denne tankegangen som svaret på den økonomiske krisa. Og det er med bakgrunn i den høge sosiale prisen den internasjonale høgresidas krisehandtering medfører at Kleppe spør: ”*Kan vi her utvikle en ”skandinavisk modell” som avviker en del fra den som andre vestlige land velger?*”<sup>48</sup> I kjølvatnet av innlegget foreslår Kleppe at ei mindre nordisk gruppe skal ta på seg oppgåva å formulere 80-talsversjonen av den skandinaviske modellen. Forslaget får inga formell forankring ved møtet, men etter nokon uformelle sonderingar frå Sven Dahlin, som hadde sekretæransvaret for SAMAKs verksemd på denne tida, byrja ballen å rulle.<sup>49</sup>

Kleppe tok på seg leiaransvaret for ”modellskrivargruppa”<sup>50</sup> og fekk med seg representantar frå alle dei nordiske landa.<sup>51</sup> Mellom desse var Kjell-Olof Feldt frå Socialdemokraterna, som kom rett frå arbeidet med kriseprogrammet til det svenske partiet, som bar tittelen: ”Framtid för Sverige. Handlingslinjer för att föra Sverige ur krisen”. Dette programmet tek føre seg arbeidarrørslas politikk for å angripe dei økonomiske problema i 1980-talets Sverige, og var saman med langtidsprogrammet til den norske regjering for perioden 1982- 1985 ein viktig del av diskusjonsgrunnlaget for modellskrivargruppas arbeid.<sup>52</sup> Gruppa, som fekk tilnamnet ”Kleppegruppa”, møttes ved to høve og spørsmåla som låg til grunn for diskusjonen var i stor grad basert på den kritikken sosialdemokratisk politikk hadde vore utsett for. Denne råka særleg den økonomiske politikken, og spørsmål om korleis sosialdemokratane kunne nytte privatkapitalismen, kva handlingsrom det enkelte land hadde og korleis styringsmekanismane kunne leggest om, stod på dagsorden.<sup>53</sup>

Med bakgrunn i diskusjonane i arbeidsgruppa utarbeidde Kleppe eit notat med tittelen ”En ny skandinavisk modell”. Dette vart sendt rundt til medlemmar av gruppa for kommentarar og

---

<sup>48</sup> PKL 1981: s. 5 Arbeiderbevegelsen i 1980-årene. Sammendrag av Per Kleppe`s innlegg på SAMAKs møte på Bommersvik 15.-16. mai 1981

<sup>49</sup> SAP 1981: Brev frå Sven Dahlin/Gunilla Banks til Per Kleppe

<sup>50</sup> SAP 1981 c: Brev frå Per Kleppe til Sven Dahlin/Gunilla Banks.

<sup>51</sup> SAP 1981 e: Deltagarlista for den Nordiska Kleppe-grupen og PKL 1981 c: Adresseliste over medlemmar i modellskrivargruppa: Medlemmar i modellskrivargruppa: Frå Noreg: *Øystein Gulbrandsen (LO)*, *Per Kleppe (Arbeiderpartiet)*. Finland: *Heikki Oksanen (Socialdemokraterna)* og *Pekka Korpinen*. Island: *Bjarni Magnusson (Altyduflokkurinn)* og *Kjartan Johannsson*. Sverige: *Peter Boldt (NFS)*, *Kjell-Olof Feldt (Socialdemokraterna)*, *Clas-Erik Odhner (LO)*. Frå Danmark: *Knut Heinesen (Socialdemokratiet)* og *Jorgen Ekeroth (Landsorganisasjonen)* og frå den svenske partiexpeditionen: *Gunilla Banks og Sven Dahlin* (Namna i kursiv er dei som tok del ved møtet i Stockholm i august 1981)

<sup>52</sup> SAP 1981 d: Brev frå Per Kleppe til Sven Dahlin/Gunilla Banks.

<sup>53</sup> PKL 1981 d: Noen momenter for diskusjonene på Star Hotell 14. august 1981

lagt fram for SAMAK-møtet på Leangkollen i slutten av oktober 1981, der det vart beslutta at "en överarbetad version av Kleppes skrivning skulle läggas till grund för en bred diskussion vid arbetarekongressen i Sandefjord den 15 -17 juni 1982".<sup>54</sup> Kleppe hadde i forkant av dette møte gitt beskjed om at han ut over ferdigstillinga av dokumentet ikkje kunne ta på seg meir partipolitisk arbeid sidan han var på veg over i ei stilling som internasjonal tenestemann.<sup>55</sup> Den endelege versjonen av notatet bar tittelen: "Den nordiske modellen – et debattinnlegg"<sup>56</sup> av Per Kleppe, og vart presentert på den nordiske arbeiderkongressen i 1982.

### **"Den nordiske modellen – et debattinnlegg"**

Oppbyggnaden av debattinnlegget Per Kleppe heldt på den nordiske arbeidarkongressen gir ein nøkkel til forståing. Det byrjar med orda: "*I en lang periode etter den andre verdenskrig ble "den skandinaviske modellen" av de fleste oppfattet som et vellykket forbilde for andre land*".<sup>57</sup> Opninga vert etterfylgt av ei kort skildring av dei sentrale elementa i denne tradisjonelle modellen. Med denne skildringa friskt i minne kjem det eg les som utgangspunktet for arbeidet med ein ny modell, konsentrert i setninga: "*Forutsetningene for "den skandinaviske modellen" er i løpet av 1970-tallet blitt endret*".<sup>58</sup> Desse orda innleiar ein analyse av kva denne nye situasjonen inneber av utfordringar og nye oppgåver, før debattinnlegget forsøker å vise kva ein ny nordisk modell må vere for å kunne møte desse utfordringane.

Før eg går nærare inn i innlegget kan det vere nyttig å ta eit steg tilbake. Det finst eit mangfald av måtar eg kan nærme meg denne teksten på, og valet eg gjer vil i stor grad også styre kva som vert trekt fram. Etersom dette er eit dokument som er lite kjent og relativt vanskeleg tilgjengeleg, så vert også lesaren prisgitt dette valet. Kva ansvar kviler då på meg? At eg forhold meg til historiefagets kjeldekritikk og les debattinnlegget med bakgrunn i den kunnskapen eg har kring det politiske klimaet i samtida, utelukkar mange framstillingar, men framleis er fleire dører opne.<sup>59</sup> Ut frå debattinnleggets komposisjon, som eg kort har gjengjeve

---

<sup>54</sup> SAP 1981 h: Brev frå Sven Dahlin/Gunilla Banks til Kjell Olof Feldt, Clas Erik Odhner, Pekka Korpinen.

<sup>55</sup> SAP 1981 g: Brev frå Per Kleppe til Sven Dahlin. Per Kleppe tek 1. desember 1981 over som generalsekretær i EFTA.

<sup>56</sup> Dette er tittelen på framsida av dokumentet – på første sida er tittelen *En ny "nordisk modell"* nytta. Eg nyttar i det vidare benemninga "Den nordiske modellen" om innlegget. Ei interessant endring er at det no er tale om ein ny *nordisk* modell, og ikkje ein ny *skandinavisk* modell som i det tidlegare utkastet.

<sup>57</sup> SAP 1982: s. 1 "Den nordiske modellen- et debattinnlegg" av Per Kleppe

<sup>58</sup> SAP 1982: s. 1 "Den nordiske modellen- et debattinnlegg" av Per Kleppe

<sup>59</sup> Ulike historieteoretiske retningar står steilt mot kvarandre i spørsmålet om kor vidt kjeldekritikken og andre historiske metodar kan vise veg til meir sannferdige tolkingar. Postmodernisten Keith Jenkins gjer seg med "Re-



over, så ligg denne teksten svært tett opp mot det første spørsmålet i problemstillinga for denne masteroppgåva, som lyd: *Kva utfordringar ser den sosialdemokratiske rørsla for ein nordisk modell etter gullalderen, og kva vert gjort innafor SAMAK-samarbeidet for å skape ein modell som møter desse utfordringane?* Med ein slik tydeleg parallell, meiner eg det vil vere fruktbart å gjere analysen av dokumentet til eit direkte møte mellom denne doble spørsmålsformuleringa og debattinnlegget. Og slik eg ser det er det dette som er mitt ansvar i valsituasjonar i samband med framstillinga – at eg er tydeleg på kva eg gjer, og kvifor eg vel å nytte kjeldene som eg gjer.

”Den nordiske modellen” tek altså utgangspunkt i ”ein skandinavisk modell” som i etterkrigstida stod fram som eit førebilete for andre land. Det sentrale kjenneteiknet på denne modellen vert presentert som kombinasjonen av eit samfunn med velferd på nær alle område og eit i hovudsak privatkapitalistisk produksjonssystem. Kleppe viser så til det han meiner var hovudkomponentane i dette samfunnet: Ein sterk og ekspanderande stat, leia eller dominert av sosialdemokratane, ein offentleg sektor med stendig fleire oppgåver, eit ekspanderande privat næringsliv, med rammer dei kunne leve med, og frie, men sentraliserte lønsforhandlingar.<sup>60</sup> Men gjennom 70-talet har forutsetningane endra seg, og modellen kan i denne forma ikkje lenger stå som eit førebilete for omverda. Kva utfordringar er det som har oppstått?

### ***Utfordringar som har vokse fram gjennom 70-talet***

Kleppe gir endringar av både internasjonal og nasjonal karakter forklaringsverdi. I dei opne nordiske økonomiane, med ein eksportretta industri, førte det verdsomspennande økonomiske tilbakeslaget i kjølvatnet av oljekrisa i 1973-74 til store vanskar for næringslivet. Den høge økonomiske veksten flata ut og arbeidsløyse og inflasjon steig til dramatiske høgder i dei vestlege industrilanda.<sup>61</sup> Samstundes som han teiknar opp dette bilete, understrekar Kleppe at tidlegare verkemiddel ikkje makta å vise veg ut av vanskane når han skriv: *”De økte problemene har satt større krav til regjeringens evne til styring. Det har imidlertid vist seg at de tradisjonelle virkemidlene, bl.a. med etterspørselsregulering etter Keynes-tradisjonen, ikke fungerer så bra lenger.”*<sup>62</sup> Også innanfor to av dei andre feltene som var trekt fram som særmerkte ved den tradisjonelle modellen, den store offentlege sektoren og dei sentraliserte

---

thinking History” til talsmann for det eine ytterpunktet, medan ein kan finne eit forsvar for ei meir tradisjonell forståing i Richard J. Evans bok: ”In Defence of History”.

<sup>60</sup> SAP 1982: s. 1 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>61</sup> SAP 1982: s. 2 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>62</sup> SAP 1982: s. 3 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe



lønsforhandlingane, meiner Kleppe at utviklinga gjennom 70-talet har ført med seg problem. Ettersom den offentlege sektoren heldt fram med å vekse etter at økonomien hadde bremsa opp, så førte det til ei auke i skattenivået. Ei auke som også må ta mykje av skulda for den veksande missnøya med byråkrati og detaljregulering. Og ei fragmentering av arbeidsmarknaden, med lønsoppgjer med større innslag av former for inntektspolitikkk samt auke i ulovlege konflikhtar, er bakgrunnen for at han hevdar at lønsfastsettinga har vorte meir problematisk.<sup>63</sup>

Samstundes som manglane ved den tradisjonelle modellen viser seg, så opplever sosialdemokratane eit aukande endringspress i opinionen. ”I 1970-årene har man på ulike områder i sterkere grad enn før merket ”motkrefter” til viktige deler av ”den skandinaviske modellen.”<sup>64</sup>, skriv Kleppe og går så i gang med å identifisere desse motkreftene. På den eine sida representerer miljørørsla og grupperingar som krev desentralisering og merksemd mot nærmiljø og lokaldemokrati ei pressgruppe. Den andre sentrale motkrafta kjem til uttrykk i høgrebølgja. Der den ”grøne bølga” talar for ein nullvekst, tek høgrebølgja sikte på ein materiell vekst som skal hjelpast fram av mindre offentleg regulering og lavare skattar.<sup>65</sup> Korleis skal så sosialdemokratane etablere ein modell som møter desse utfordringane?

### ***Element i ein ny modell***

Debattinnlegget legg opp til ei brei tilnærming til den nye røyndomen og ber innhaldsmessig preg av at mange element frå programma skal komprimerast inn på eit overkomeleg sideomfang. Hovudbodskapen ligg i heilskapen. For at det skal vere mogeleg å utøve politisk styring er det nødvendig med langsiktige prioriteringar og omstruktureringar, noko som gjer den sektorpolitikken som Kleppe hevdar pregar samtida til den verste fienden. Hovudmåla må identifiserast og avstemmast mot kvarandre og ulike verkemiddel må utnyttast for å nå desse. Dette ønsket om å underordne delane den store heilskapen ”... må få helt konkrete og praktiske konsekvenser for vårt politiske system og for hvordan vi bygger opp vår administrasjon”.<sup>66</sup> I ”Den nordiske modellen” er arbeid for alle det uttalte hovudmålet, mens rettferdig fordeling, auka likestilling og betre lokalsamfunn er andre uttalte mål. Det er desse måla den nye modellen skal ivareta.

---

<sup>63</sup> SAP 1982: s. 3 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>64</sup> SAP 1982: s. 4 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>65</sup> SAP 1982: s. 4-5 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>66</sup> SAP 1982: s. 22 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

Noko av det oppsiktsvekkande i arbeidet med å etablere ein ny nordisk modell er at Kleppe i debattinnlegget tydeleg gir uttrykk for at det er nødvendig å gjere innrømmingar i møte med motkreftene. Dette kjem fram når han skriv: *”Man må også vurdere i hvilken grad det er rimelig å ta hensyn til de synspunkter som motkreftene representerer. Selv om et høyt skattenivå er nødvendig for å løse fellesoppgavene, er det rimelig å erkjenne at skattesystemet virker dårlig og bør reformeres.”*<sup>67</sup> Og sjølvransakinga stoppar ikkje her, for også systemet for offentlege reguleringar treng ein kritisk gjennomgang. Dessutan gir Kleppe miljørørsla rett i at sosialdemokratane har lagt for liten vekt på miljø og naturressursar. *”Å ta hensyn til berettiget kritikk og ta opp nye eller endrede elementer i det samlede politiske opplegget er ikke noe tegn på svakhet, men tvert imot på livskraft og på evne til videre utvikling.”*<sup>68</sup> Med det viser han at det bør vere politisk vilje til endring.

Men kva verkemiddel ryddar dette veg for i møte med dei uttalte måla? Det første svaret er: *”Vi legger til grunn at vi i store deler av økonomien vil ha en markedsøkonomi,...”*, samstundes som det er viktig at *”...rammebetingelsene for markeder som fastlegges av det offentlige, både bidrar til å gjøre markedene effektive og at markedsbeslutningene fremmer andre samfunnsmessige mål”*.<sup>69</sup> Denne marknadsøkonomien skal finne stad i eit samfunn der det framleis er aktuelt med statsdrift på enkelte område, men der det ikkje er noko poeng i seg sjølv at staten skal ta over delar av næringslivet og der det også innanfor dei offentlege tenestene vert meir fokusert på hensynet til tilbod og etterspørsel. Sjølv om marknadslysingar berre i begrensa utstrekning kan verte aktuelle innanfor den offentlege sektor: *”... må det legges stor vekt på å utvikle nye systemer for styring og samarbeidsordninger som stimulerer til større effektivitet i de enkelte institusjoner og organer.”*<sup>70</sup> I den økonomiske politikken er Kleppe klar på at den modifiserte Keynes-modellen som dei nordiske landa har styrt etter gjennom 70-talet ikkje har verka tilfredsstillande og heller ikkje vil verke i den røyndomen 80-talet representerer. *”Vårt svar må være en videre utbygging av den økonomiske politikken, ut over Keynes-modellen.”*<sup>71</sup> Han taler for at politikarane må inn på økonomane sitt felt, for ikkje å overlata politikken til ekspertgrupper som ikkje maktar å tenkje på nye måtar. Ein må altså arbeide for å skape nye styringsmekanismar, men før dette modellapparatet er utbygt, så er det ved hjelp av

---

<sup>67</sup> SAP 1982: s. 6 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>68</sup> SAP 1982: s. 6 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>69</sup> SAP 1982: s. 10 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>70</sup> SAP 1982: s. 11 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>71</sup> SAP 1982: s. 13 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

samansettinga av budsjett- og kredittpolitikken på lengre sikt noko kan gjerast. Områder som fører med seg framtidig økonomisk vekst og evne til omstrukturering må prioriterast.

Eit anna verkemiddel som vert føreslått i ”Den nordiske modellen” ligg i desentralisering av avgjerdslar. Sidan fleire av arbeidarrørslas mål er knytt til lokalsamfunna er dette eit verkemiddel som kan stimulere til auka ansvar og deltaking, samstundes som det vert større fleksibilitet kring bruken av ressursane.<sup>72</sup> Og når det vidare gjeld distrikts- og næringspolitikken så er det eit hovudtrekk at det å oppretthalde ei næring ikkje er eit poeng i seg sjølv, men at ein må vere innstilt på å omlegge næringsstrukturen og med det godta at enkelte delar av industrien vert lagt ned. Det myndigheitene kan gjere er å legge til rette for ulike vekstbetingingar, som utdanning, forskning og andre produktivetsfremmande tiltak, men ut over dette så understrekar Kleppe at det ikkje er myndigheitene som peikar ut vekstområda, så det må vere vilje til omstilling og konkurransekraft.<sup>73</sup> Som ein raud tråd gjennom heile debattinnlegget ligg grunnforutsetninga at økonomisk vekst er nøkkelen for at det skal vere mogeleg å nå dei overordna måla.

I inntektspolitikken ligg eit anna verkemiddel som kan gi kontroll over utviklinga. I ei tid med større fragmentering i organisasjonsstrukturen ser Kleppe ei stor fare for at lønnsspiralar skal utvikle seg og meiner difor det må arbeidast for at samtlege organisasjonar vert med på samtidige lønnsjusteringar. Dette vil kunne begrense betydninga av desse lønnsspiralanene og vere eit viktig tiltak i kampen mot arbeidsløyse og inflasjon.<sup>74</sup> Og i denne kampen mot arbeidsløysa står også arbeidsmarknadspolitikken sentralt. Her er Kleppe spesielt oppteken av dei som av ulike grunnar ikkje vert oppfatta som produktive nok i det stendig tøffare klimaet. Sidan det er behov for vekst innanfor offentleg tenesteyting ser han dette som eit område der det kan vere mogeleg å integrere grupper som ellers ikkje kjem seg inn på arbeidsmarknaden.<sup>75</sup>

### **Inspirasjonskjelder**

For å kome eit steg nærmare debattinnlegget og tanken bak formuleringa av det som vert omtala som ein ny nordisk modell, er det naturleg å rette blikket mot den viktigaste inspirasjonskjelda til dokumentet. Kleppe hadde sitte sentralt i utforminga av både nytt

---

<sup>72</sup> SAP 1982: s. 21 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>73</sup> SAP 1982: s. 17 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>74</sup> SAP 1982: s. 20 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>75</sup> SAP 1982: s. 16 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

prinsipp- og arbeidsprogram i det norske Arbeidarparti i 1980-81. Mest sentralt for modellartikuleringa meiner Kleppe likevel var arbeidet med Langtidsprogrammet regjeringa Brundtland la fram for det norske Stortinget våren 1981.<sup>76</sup> Det omfattande programmet hadde vorte utforma under leiing av Kleppe i det nyoppretta Planleggingssekretariatet, og tok i større grad enn tidlegare langtidsprogram tak i heile det politiske feltet. Om programmet skriv Per Kleppe i sin sjølvbiografi at: *”Det var et uttrykk for at vi politisk og samfunnsmessig befant oss i en overgangsfase. Man kan si at det var et sosialdemokratisk svar på 1980-årenes problemer”*.<sup>77</sup> Kva var det så Kleppe bar med seg inn i debattinnlegget frå dette programmet?

Heilt innleiingsvis i Langtidsprogrammet går det fram at det særleg vil legge vekt på emne der mål og verkemiddel går på tvers av sektorgrenser og programmet difor kan *”...sette enkeltsaker og sektorplaner inn i en bredere sammenheng”*.<sup>78</sup> Angrepet mot sektortenkninga i *”Den nordiske modellen”* spring altså ut frå den same heilskapstanken som ligg bak arbeidet med Langtidsprogrammet. Det er også tydeleg at modellartikuleringa grovt sett er bygd opp etter det same mønsteret som dette programmet. Utfordringane dei nye utviklingstendensane har ført med seg dannar grunnlaget for at Langtidsprogrammet teiknar eit bilete av den økonomiske politikken som har vore ført som utilstrekkeleg. Arbeid for alle vert så utpeikt som det sentrale målet for regjeringas politikk før ulike verkemiddel som skal realisere strategien for den fulle sysselsetting vert omtala. Langtidsprogrammet går så gjennom dei ulike byggesteinane i det solidariske samfunnet som skal forsvarast og forbetrast.

Av elementa i den nye nordiske modellen er fleire tungt inne i Langtidsprogrammet. Formuleringar som *”Arbeidsmarkeds- og industripolitikken vil i større grad bli rettet inn på å fjerne det som hindrer produsjonsmessige og yrkesmessige omstillinger”*<sup>79</sup> og *”En desentralisert styringsform bidrar til tilpassingsdyktighet og utløser kunnskap og engasjement”*,<sup>80</sup> syner at omstillingstankane og ønske om å desentralisere avgjerdsler også er framtrudande i dette programmet. Effektivisering og avbyråkratisering av offentleg sektor står også som sentrale tema i ein økonomisk politikk der: *”De offentlige utgiftene må samensettes slik at de fremmer de prioriterte oppgavene, særlig arbeid for alle.”*<sup>81</sup> Her er altså

---

<sup>76</sup> Intervju med Per Kleppe 26.02.2007. Langtidsprogrammet lagt fram som St.meld. nr. 79 (1980-81): Langtidsprogrammet 1982-1985

<sup>77</sup> Kleppe (2003): s. 347

<sup>78</sup> Langtidsprogrammet lagt fram som St.meld. nr. 79 (1980-81)

<sup>79</sup> Langtidsprogrammet lagt fram som St.meld. nr. 79 (1980-81): s. 57

<sup>80</sup> Langtidsprogrammet lagt fram som St.meld. nr. 79 (1980-81): s. 177

<sup>81</sup> Langtidsprogrammet lagt fram som St.meld. nr. 79 (1980-81): s. 10

likskapstrekk klare og for meg verkar det som om det same grunnleggande problemet ligg til grunn for b e tekstane: Det handlar om   finne politiske styringsmekanismar i ei ny tid, der ei langsiktig utforming av den  konomiske politikken, inntektspolitikk og politiske rammer for marknads konomien som ikkje hindrar omstilling, st r som dei sentrale svara. Og eit viktig poeng ved   peike mot dette Langtidsprogrammet er   f  fram at den viktigaste inspirasjonskjelda i utforminga av denne ”nye nordiske modellen” var eit programarbeide som i ettertid har vorte omtala som eit program som hadde teke opp i seg delar av kritikken fr  h gre.<sup>82</sup>

For   underbygge forst inga av at modellskrivargruppa i sine diskusjonar arbeidde med kontroversielle sosialdemokratiske grep, kan vi ogs  kort rette blikket mot det andre programmet som stod sentralt i modellskrivargruppas diskusjonar. ”Framtid f r Sverige. Handlingslinjer f r at f ra Sverige ur krisen”, var utarbeidd av ei krisegruppe nedsett av den svenske partileiinga i 1980, med Ingvar Carlson som leiar. Slik den svenske historikaren Jenny Anderson legg det fram, utgjorde arbeidet med dette programmet eit brot med tidlegare sosialdemokratiske tolkingsrammer.<sup>83</sup> Ved   gjere ”sparande” til eit n kkelomgrep, meiner ho den sosialdemokratiske krisepolitikken la seg tett opptil linja den borgarlege regjeringa hadde f rt, og som sosialdemokratane hadde angripe for sosial nedrusting.<sup>84</sup> Mykje av bakgrunnen for programarbeidet var   utarbeide ein politikk som kunne skape ny  konomisk vekst, og fornying og utbygging av industrien vart gitt ei heilt avgjerande rolle. I den saneringa av svensk  konomi som m tte til, s g ikkje arbeidsgruppa ressursar til nye reformer, her var det n ye kontroll med den offentlege sektors utgifter som gjaldt.<sup>85</sup> Denne stramme krisehandteringa representerte eit anna m te med den  konomiske lavkonjunkturen enn den motkonjunkturpolitikken Per Kleppe hadde st tt i spissen for som norsk finansminister i tida fr  1975 til 1977.<sup>86</sup> Regjeringa valde d    m te den internasjonale lavkonjunkturen med ein ekspansiv og kostnadsdrivande reformpolitikk. Med selektive st ttetiltak for industri s rleg r ka av den  konomiske krisa, skulle motkonjunkturpolitikken berge bedrifter over ”kneiken”. Den internasjonale konjunkturoppgangen regjeringa h pa p  let derimot vente p  seg, og vinteren 1977-78 kom omslaget i regjeringas politikk. Finanspolitikken vart lagt i ei meir

---

<sup>82</sup> Tjernshaugen (2006): s. 36-37

<sup>83</sup> Andersson (2003): s. 106

<sup>84</sup> Andersson (2003): s. 107

<sup>85</sup> Sejersted (2005): s. 381

<sup>86</sup> Kleppe (2003): s. 256-259

kontraktiv lei, noko som gav innstrammingar og reformpause.<sup>87</sup> Slik eg les modellartikuleringa så verkar det som den er prega av desse erfaringane frå slutten av 70-talet. Motkonjunkturpolitikken stimulerte ikkje til den omstillinga som står så sentralt i debattinnlegget ”Den nordiske modell”.

### **Kva er det nye?**

Om det er slik at mykje av innhaldet i denne modellartikuleringa spring ut frå programarbeid i dei nasjonale sosialdemokratiske partia, kva er det då som er spanande med ”Den nordiske modellen”? Urban Lundberg har med bakgrunn i fråsegnene frå dei nordiske arbeidarkongressane synt at forståinga av det ein kan omtale som ein nordisk modell gradvis vaks fram i medvitet til nordiske sosialdemokratar fram mot 1970-talet.<sup>88</sup> Modellforståinga som vaks fram skilde seg slik Lundberg ser det frå forståinga av ein eigen nordisk veg når han skriv: *“Where the road begins with criticism of the current state of affairs aimed at opening among the opportunities and constraints of the future, the modell represents a fixed position, or a cross-section, established in contrast to history and the international context”*.<sup>89</sup>

Lundberg ser medvitet om ein slik modell vekse fram når fråsegnene går frå å peike fram mot eit betre samfunn til å uttrykke forsvar for det samfunnet som allereie er utbygd. Det som er spanande med arbeidet til modellskrivargruppa er at dette innanfor SAMAK truleg er det første forsøket på ei samanhengande artikulering av ein nordisk modell, og av kva den må verte i framtida for å kunne representere ein nyttig politisk reiskap. Modellomgrepet vert med andre ord gjennom denne teksten etablert som utgangspunkt for å tenkje nytt og ikkje berre som eit fiksert tverrsnitt av det som er oppnådd. Dette skjer i forkant av det Bo Stråth omtalar som introduksjonen av modellomgrepet i den nordiske politiske diskursen på 1980-talet, og knyt sosialdemokratisk eigarskap til det særeigent nordiske.

Modellartikuleringa ber ikkje forma av eit politisk frieri, til det er den for teknisk og sjølvransakande. Men debattinnlegget er ikkje meint å skulle begeistre veljarar, det er retta mot eit internt forum, og er meint som utgangspunkt for ein debatt om vegen vidare. Slik eg les ”Den nordiske modellen” er den eit forsøk på gjere noko av det Kjell-Olof Feldt i ettertid meiner det svenske kriseprogrammet ikkje makta: *”...att skapa en politisk plattform för att göra själva krisbekämpningen till en förnyelsesprocess, där nödvändiga*

---

<sup>87</sup> Furre (1999): s. 318, 382-383

<sup>88</sup> Lundberg meiner medvitet om ein modell har vorte tydeleg i fråsegnene frå Den nordiske Arbeidarkongressen i Stockholm i 1973 og Den nordiske Arbeidarkongress i Helsingfors i 1976. Lundberg (2006): s. 275-276.

<sup>89</sup> Lundberg (2006): s. 275

*positionsförflytningar blev led i att förverkliga en vision om ett bättre samhälle.*"<sup>90</sup> Utan at debattinnlegget i seg sjølv makta dette, så var intensjonen bak "Kleppegruppa" heilt frå starten "...å lage et dokument som kan brukes som grunnlag for videre studier og diskusjon i våre organisasjoner."<sup>91</sup> Eg les altså denne artikuleringa av ein ny nordisk modell som ein del av bestrebelsen med å etablere eit nytt politisk fotfeste for ein sosialdemokratisk politikk. Eit fotfeste som skulle vere betre tilpassa dei nye tidene, og som kunne demme opp for høgrekreftene. Dette var ei oppgåve alle dei sosialdemokratiske partia stod ovanfor i arbeidet med sine politiske program, og ettersom "Kleppegruppa" samla representantar frå dei ulike landa, gav det moglegheiter til å utveksle idear og erfaringar i denne prosessen.

Denne forståinga gjer det naturleg å reflektere litt rundt kva type modell dette eigentleg er. I sluttordet på debattinnlegget kan vi lese: "*Dette var bare noen momenter til en "ny nordisk modell". Den kan gjøres langt mer omfattende og vil i prinsippet gjelde alle sider ved vår politikk. Men en sentral del av opplegget er at det må være "helhetlig"...*"<sup>92</sup> I møte med denne heilskapen er det i første rekke den økonomiske politikken og styringsverktøy i ein ny røyndom Kleppe tek føre seg. Sjølv meinar han det nordiske modellomgrepet er ei vidareføring av det som tidlegare vart omtala som "den svenske modell", og at ein fekk ein overgang etter at Sverige opplevde store vanskar på 70-talet.<sup>93</sup> Ein viktig del av denne svenske modellen var poltikken nedfelt i den såkalla Rehn-Meidnerska modellen, som tok føre seg den svenske arbeidsmarknadspolitikken. Og i den grad Kleppe i si modellartikulering skodar bakover, trur eg det sæleg er moglegheitene dette svenske systemet gav til omstillingar som grunnlag for økonomisk vekst han dreg med seg.<sup>94</sup>

Debattinnlegget til Kleppe taler i dette klimaet for løysingar som gjer innrømmingar i møte med dei kreftene som skal stoggast. Med bakgrunn i desse innrømmingane er det er naturleg å spørje om dette var eit kontroversielt arbeid.

### **Reaksjonar på debattinnlegget**

Per Kleppes eigne notatar frå SAMAK-møtet på Leangkollen, der den første versjonen av debattinnlegget vart diskutert, er ein stad å byrje. Ein første observasjon er at teksten

---

<sup>90</sup> Feldt (1991): s. 25

<sup>91</sup> SAP 1981 d: Brev frå Per Kleppe til Sven Dahlin/Gunilla Banks

<sup>92</sup> SAP 1982: s. 22 "Den nordiske modellen- et debattinnlegg" av Per Kleppe

<sup>93</sup> Intervju med Per Kleppe 26.02.2007

<sup>94</sup> For ein nærare gjennomgang av den Rehn-Meidnerska modellen, sjå Sejersted (2005): s. 245-248



stimulerte til ein brei diskusjon kring det sosialdemokratiske prosjektet. Kva rolle kan det nordiske samarbeidet spele for modellen, og korleis kan økonomisk vekst igjen skapast? Kva fare heng ved ”det sterke samfunnet”, og kva er dei nye realitetane? Dette er spørsmålsstillingar som pregar debatten, og dei viser at innlegget fungerer som utgangspunkt for ein diskusjon om vegen vidare. Men det vert og retta kritikk mot Kleppe. Ivar Nørgaard, frå det danske Socialdemokratiet, meiner teksten går : ”... *for mye inn på de andres premisser.*” , og seier med det at Kleppe i sjølvransakinga gjer for mange innrømmingar i møte med høgrekreftene. Tor Halvorsen, frå det norske LO, meiner på den andre sida at det ikkje er noko revolusjonerande i Kleppes notat, og at ein må tenke gjennom på kva premiss ein vil legge fram modellen.<sup>95</sup>

Men det er ikkje diskusjonane frå SAMAK-møtet Kleppe hugsar eit kvart hundreår etter. På spørsmål om korleis ”Den nordiske modell” vart motteke hugsar han spesielt tilbakemeldingane frå Kari Gjesteby, som hadde fått i oppdrag av dåverande leiar av Det norske Arbeidarparti, Gro Harlem Brundtland, å kommentere utkastet før ferdigstillinga.<sup>96</sup> Kommentaranane frå den norske handelsministeren er bevart i arkivmateriale Per Kleppe har overlevert til Arbeiderbevegelsens Arkiv. Som hovudkonklusjon står det her at modellartikuleringa: ”*Preges av en tung, teknisk og veldig negativ analyse av våre samfunn. Løsningene er modelltekniske – ikke lett å presentere det som politisk budskap.*”<sup>97</sup> Denne konklusjonen rettar seg delvis mot forma innlegget ber, men Gjesteby var også sterkt ueinig i den politiske linja innlegget hadde lagt seg på i utforminga av ein ny nordisk modell. Kleppe forstod tilbakemeldingane som eit uttrykk for at debattinnlegget var ”...*alt for liberalistisk og for lite sosialistisk*”,<sup>98</sup> og av kommentarane er det tydeleg at Gjesteby meiner modellartikuleringa ved eit så tydeleg brot med etterkrigstidas skandinaviske modell både skaper eit unyansert bilete av denne og målber for mange innrømmingar til den politiske høgresida. Når den skandinaviske modellen likevel vert nytta som: ”...*betegnelse på en viss, styrt samfunnsutvikling med visse karakteristikka,*” meiner Gjesteby det verkar kunstig: ”...*å opphøye ”høgrebølgen” til motkraft – den er vel heller et bølgeskulp innen modellen med sikte på mer til enkeltpersoner...*”<sup>99</sup> For henne er det sentralt at høgrekreftene ikkje må få framstå som ei motkraft til bilete av ein sosialdemokratisk modell som ikkje fungerer.

---

<sup>95</sup> PKL 1981 e: Notatar merka ”Leangkollen 27/10 81”. Notatane er ført i ei samanfatta form og gjengir slik berre hovudkonklusjonane frå debatten.

<sup>96</sup> Intervju med Per Kleppe 26.02.2007

<sup>97</sup> PKL 1981 b: s. 1 ”En ny skandinavisk modell” med Kari Gjesteby sine kommentarar i teksten.

<sup>98</sup> Intervju med Per Kleppe 26.02.2007

<sup>99</sup> PKL 1981 b: s. 4 ”En ny skandinavisk modell” med Kari Gjesteby sine kommentarar i teksten



Kommentarane syner også at ho er kritisk til den negative omtalen av statsdrift i utkastet, der ho meiner denne framstår som noko som skal nyttast når risikoen for økonomisk dårlege resultat er stor. Her gjer også Kleppe endringar i den endelege versjonen, og presiserer at offentleg drift kan nyttast der ”...*virksomheten gir store indirekte positive virkninger, altså hvor den samfunnsøkonomiske betydning er klart større enn det bedriftsøkonomiske resultat.*”<sup>100</sup> Dette hindrar ikkje at modellartikuleringa i større grad enn det som hadde vore vanleg, vende seg mot marknaden og prinsippa for denne, også innanfor det offentlege. Slik eg les Gjesteby sine kommentarar så utdjuvar dei kritikken Ivar Nørgaard framsette ved arbeidsgruppas møte og saman syner dei at debattinnlegget slett ikkje var ukontroversielt.

Når Kleppe i dag kommenterer den modelltenkinga han representerte, så gir han Gjesteby delvis rett i at den er lite sosialistisk: ”... *heile den modelltenkinga som eg representerer er jo ideologisk i den forstand – det er ei vidareføring av gamle sosialdemokratiske idear og samstundes eit forsøk på balanse, eit kompromiss, med ein ganske open økonomi*”.<sup>101</sup> For at dette kompromisset skulle haldast gjeldande i organiseringa av dei nordiske statane i ei ny tid, ligg det som premiss for modellarbeidet at verkemidla i den tradisjonelle skandinaviske modellen ikkje lenger gav myndigheitene moglegheit til å styre utviklinga.

Eit anna interessant innspel i arbeidet med modellartikuleringa kjem frå ein av dei finske representantane i arbeidsgruppa, Pekka Korpinen. I eit brev til Kleppe understrekar han at han synest teksten er ei svært bra skildring av forholda i Norden, ”...*, men färdiga svar finns inte tillsvdare. Förrän den nya modellen är genomtänkt, kunde man tala om dem med låg profil.*”<sup>102</sup> Denne forsiktige haldninga til å offentleggjere noko av det pågåande indre arbeidet i SAMAK verkar å gjenspegle ei breiare haldning. Eit lukka forum gir større rom for sjølvkritikk og nye tankar, og ein kommentar vedlagt innlegget Kleppe heldt på Bommersvik, då det vart sendt rundt til modellskrivargruppa, underbygg ei slik forståing. Om innlegget står det: ”...*att för detta anförande gäller den traditionella SAMAK-regeln, dvs at handlingen inte bör citeras eller åberopas i den offentliga debatten*”.<sup>103</sup> Denne forsiktige haldninga er ein del av forklaringa på at det arbeidet som føregår i SAMAK-regi er lite kjent. Endelege rapportar vert rett nok publiserte, men i tilfelle som dette, der arbeidet ikkje munnar ut i ein rapport, er det berre møysommeleg kjeldarbeid som kan avdekke kva som har funne stad.

---

<sup>100</sup> SAP 1982: s. 11 ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

<sup>101</sup> Intervju med Per Kleppe 26.02.2007

<sup>102</sup> PKL 1981 f: Brev frå Pekka Korpinen til Per Kleppe

<sup>103</sup> SAP 1981 f: Brev frå Sven Dahlin/Gunilla Banks til Nordiska Kleppe-gruppen.

### **Ringverkander frå arbeidet?**

Er det så mogeleg å vise at der er ein samanheng mellom arbeidet i modellskrivargruppa og seinare arbeid i SAMAK? Det kan vere vanskeleg å vise korleis ringverknadane av politiske dokument spreier seg, men på byrjinga av 1990-talet utarbeidde SAMAK-sekretariatet rapporten "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa". Dette er: *"...et forsøk på å beskrive hva vi mener med "den nordiske samfunnsmodellen" og hvordan denne påvirkes av den europeiske integrasjonsprosessen"*.<sup>104</sup> På fleire område skil rapporten seg frå dokumentet utarbeidd på byrjinga av 80-talet, mellom anna i intensjonen om å nå eit breitt publikum og med sitt fokus på integrasjonsprosessen, men i forslaget bak rapporten ser ein tydeleg bindinga. Det er Thorbjørn Jagland som lanserer ideen om ei utredning av "den nordiske modell", og i forslaget peikar han direkte mot arbeidet i "Kleppe-gruppa", som eit utgangspunkt for det nye arbeidet.<sup>105</sup> Seinare i oppgåva vil eg kome tilbake til denne rapporten og den nordiske modellen slik den vert framstilt i denne.

Eit siste spørsmål eg vanskeleg kan kome bort frå, er spørsmålet om kor representativt innlegget "Den nordiske modell" er, noko som i utvida forstand vert eit spørsmål om det er riktig å nytte så mykje plass på det i denne oppgåva. Debattinnlegget vert presentert som eit produkt av Per Kleppe på arbeidarkongressen i Sandefjord.<sup>106</sup> Men ved å rette merksemda mot vegen fram til det ferdige resultatet, der både ei breitt samansett arbeidsgruppe, SAMAK-delegatane på Leangkollen og sentrale representantar i det norske Arbeiderparti har bidrege og gjeve kommentarar, vert inntrykket nyansert. Eg meiner den prosessen teksten har gått gjennom før den har fått forma av eit debattinnlegg, underbygg ei forståing av at den representerer noko meir enn tankane til Per Kleppe. Og denne bruken av modellomgrepet, som eit verktøy for endring og ikkje berre som ein karakteristikk eller som forsvarsverktøy, meiner eg samstundes representerer eit viktig funn.

### **Konklusjon**

Gjennom det utrykte arkivmaterialet frå SAMAK har eg i dette kapitlet kasta lys over arbeidet til modellskrivargruppa som verka innanfor samarbeidskomiteen på byrjinga av 80-talet. Med utarbeidinga av debattinnlegget "Den nordiske modellen" ville arbeidsgruppa skape ein ny

---

<sup>104</sup> SAMAK (1991): s. 3

<sup>105</sup> SAMAK 1991 (1): Utredning om den "nordiske modell" i et europeisk perspektiv

<sup>106</sup> Dette er bakgrunnen for at eg refererer direkte til Kleppe når eg omtalar innlegget

nordisk modell som kunne svare til utfordringane i samfunnsutviklinga. Slik eg les denne modellartikuleringa så representerer den eit naturleg startpunkt for ein historisk studie av SAMAK. Etter at det gradvis hadde vakse fram ei førestilling mellom nordiske sosialdemokratlar om ein eigen nordisk modell som kravde forsvar, så introduserte ”Kleppegruppa” modellforståinga som ei kjelde til nytenking. Den nordiske modellen framstår her som ein reiskap i kampen for å etablere eit nytt fotfeste for ein sosialdemokratisk politikk i den politiske brytingstida det tidlege 80-tal representerer. Eit fotfeste eit slikt arbeid berre kan teikne konturane av, men der teksten peikar i retning av innrømmingar i møte med motkreftene til den tradisjonelle skandinaviske modellen for å møte utviklinga. Ein samnordisk økonomisk ekspansjonspolitikkk var ikkje mellom forslaga til ”Kleppegruppa” og i innlegget på Bommersvik kom det fram at Kleppe såg forslaga frå den europeiske fagrørsla om ein ny økonomisk politikk ”...basert på en samordnet aksjon av industrilandene for å øke etterspørselen og bringe arbeidsløsheten nedover”,<sup>107</sup> som lite realistisk i det klima som rådde i OECD-landa. Berre få år seinare utarbeidde likevel ei økonomisk-politisk arbeidsgruppe innanfor SAMAK to rapportar som peika nettopp i retning av ein samnordisk ekspansjonspolitikkk. Det neste kapitlet vil omhandle arbeidet til denne gruppa.

---

<sup>107</sup> PKL 1981: s. 6 Arbeiderbevegelsen i 1980-årene. Sammendrag av Per Kleppe`s innlegg på SAMAKs møte på Bommersvik 15.-16 mai 1981

### 3. Nordisk samarbeid, ein veg ut av krisa

Vel eit halvår etter den nordiske arbeidarkongressen i Sandefjord var SAMAK samla til møte i danske Køge. Den vedvarande krisa i verdsøkonomien kasta lange skuggar over delegatane, og særleg den aukande arbeidsløysa i dei vestlege industrilanda var kime til otte. For å greie ut mogelegheitene for eit ekspansivt sosialdemokratisk svar på denne vanskelege situasjonen, vart ei økonomisk-politisk arbeidsgruppe sett ned. Grappa utarbeidde i første omgang to rapportar: ”Næringspolitikk for Norden” og ”Solidaritet for tillvæxt och sysselsætting”, og uttrykte gjennom desse ei tru på at viktige delar av den nordiske modellen kunne fungere som svar på dei økonomiske vanskane. Arbeidet til grappa er svært interessant i møte med problemstillinga for denne masteroppgåva, og eg vil i dette kapitlet undersøke nærare korleis desse to rapportane ønskjer å stake ut ein nordisk veg som truverdig sosialdemokratisk alternativ i møte med den økonomiske krisa.

For å få eit inntrykk av stemninga som rådde mellom nordiske sosialdemokratar då grappa vart nedsett, gir ei fråsegn frå SAMAK-møte eit godt bilete. Her står det:

”Arbejdsløsheden er ingen naturlov. Der er en klar sammenhæng mellem økonomisk vækst og bedre beskæftigelse. Næsten 10 års international lavvækst og krise har dokumentert, at den nuværende konservative økonomiske politik, der nu har domineret den internationale udvikling, ikke er vejen.”<sup>108</sup>

Det korte utdraget peikar først på hovudproblemet; arbeidsløysa, men rekk og å distansere den sosialdemokratiske rørsle frå den rådande politiske konsensus som får skulda for arbeidsløysopolitikken. Og budskapet vidare i fråsegna er klar: Den stramme økonomiske nedskjeringspolitikken, som har vore det rådande svaret på vanskane, gir ikkje dei lova verknadane, den er snarare ein del av problemet. For å kome arbeidsløysa til livs meiner dei nordiske sosialdemokratane at kursen må leggast dramatisk om. Og det ligg ein sus av etterkrigstidas retorikk i appellen SAMAK så rettar mot omverda: *”Verden er på vej ind i en tilstand med permanent arbejdsløshed og social tilbagegang. Derfor må alle kræfter samles om en ny solidarisk og samordnet ekspansiv indsats gennem det internationale samarbejde.”*<sup>109</sup> Oppfordringa frå SAMAK var altså at ein måtte utarbeide ein økonomisk politikk som braut ut av nedskjeringsspiralen den gjensidige økonomiske avhengigheita hadde

<sup>108</sup> Sosialdemokratiet 1983: Udtalelse fra SAMAKs møde i Køge, den 15.-16 februar 1983

<sup>109</sup> Sosialdemokratiet 1983: Udtalelse fra SAMAKs møde i Køge, den 15.-16 februar 1983

tvunge nasjonale regjeringar til å føre. Dette var hansken SAMAK-delegatane kasta og som den nye arbeidsgruppa fekk i oppdrag å ta opp gjennom sitt arbeid.

Det var eit tungt lag som vart sett saman til den nye økonomisk-politiske arbeidsgruppa. Det danske Socialdemokratiet hadde nett gjeve frå seg makta til sine borgarlege motstandarar, og den avtroppande arbeidsministeren, Svend Auken, vart leiar for det som raskt fekk namnet "Auken-gruppa". Med seg frå heimlandet fekk han Poul Nyrup Rasmussen frå LO og avtroppande minister for skattar og avgifter Mogens Lykketoft. Slik romma gruppa dei tre komande leiarane av Socialdemokratiet i Danmark. Andre markante medlemmar var Gunnar Berge, dåverande nestleiar av finanskomiteen i Stortinget og komande finansminister i Noreg, den sentrale svenske LO-økonomen Clas-Erik Odhner og etter kvart også den svenske finansminister Kjell-Olof Feldt og hans statssekretær Klas Eklund.<sup>110</sup>

Arbeidsgruppa fungerte nærast som eit utgreiingsutval, med eit uformelt sekretariat, den samla gruppa som styringsgruppe og SAMAK som oppdragsgivar med kontroll over premissa for arbeidet.<sup>111</sup> Etter kvart som gruppa fekk sett seg, så vart dette ein stad der dei ansvarlege for den økonomiske politikken i den nordiske sosialdemokratiske rørsla møttest fleire gongar årleg for å halde møte, utveksle dokument, diskutere og få input. Slik Gunnar Berge i dag hugsar arbeidet, så var gruppa sett saman av folk som hadde det til felles at dei var skriveføre, taleføre og arbeidsføre og framhevar at: "... dette var ei gruppe som hadde som føremål å tenke høgt og tenke litt friskt og ikkje ta så veldig mange sånne politiske hensyn."<sup>112</sup> Med så sentrale nasjonale aktørar med i arbeidet kring den økonomiske politikken så meiner Berge dette var: "...ei gruppe på eit nivå som ein ikkje utan vidare kunne avfeie. For ein hadde veldig stor gjennomslagskraft, i dei formelle organa".<sup>113</sup>

Då SAMAK møttest til møte i Oslo i februar 1985, hadde Auken-gruppa kome langt i sitt arbeid og kunne legge fram to rapportar for diskusjon. "Näringspolitik för Norden" vart då godkjend, medan gruppa skulle jobbe vidare eit par månader med rapporten om økonomisk

---

<sup>110</sup> Andre medlemmer av Auken-gruppa: Frå Finland: Peter Boldt (FFC) og Raimo Sailas (Socialdemokraterna). Frå Noreg: Juul Bjerke (LO) og Torstein Moland (Arbeiderpartiet). Frå Sverige: Clas-Erik Odhner (LO), Christer Ahlén (Socialdemokraterna) og Michael Sohlman (Socialdemokraterna) – Sohlman gjekk etter ei tid ut av gruppa og Kjell-Olof Feldt (Socialdemokraterna) og Klas Eklund (Socialdemokraterna) kom inn. Nordens faglege samorganisasjon (NFS) var representert av Kristina Persson. Björn Wall, sekretær i SAMAK tok og del.

<sup>111</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 7-8 i det transkriberte intervjuet.

<sup>112</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 19 i det transkriberte intervjuet.

<sup>113</sup> Berge tenkjer nok her spesielt på at fleire av gruppas medlemmer til ulike tider sat i sine heimlands regjeringar. Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 9 i det transkriberte intervjuet.

politikk, slik at begge rapportane skulle stå ferdige for publisering det same året. Til dette møtet hadde Svend Auken skrive eit brev til SAMAK som syner både ambisjonane og det politiske perspektivet arbeidsgruppa hadde arbeidd ut ifrå. Her uttrykk Auken at: *”Gruppens ambition har været at være med til at lægge grunden for en ny konsensus i vore landes politikk baseret på solidaritet og bevarelse af de vigtigste træk ved den ”nordiske modell””*.<sup>114</sup> Sitatet syner det høge ambisjonsnivået, men seier også noko om den sosialdemokratiske sjølvforståinga. Det rådde ein politisk og økonomisk konsensus som rørsla ikkje identifiserte seg med og som ikkje var i samsvar med det bilete dei hadde av den nordiske modellen, slik denne hadde vokse fram gjennom tiåra etter den andre verdskrig. Dei nordiske velferdsordningane stod under press frå nedskjeringspolitikken og mange nasjonar sette inflasjonsbekjempinga over kampen mot arbeidsløysa. Og det er tydeleg at Auken såg arbeidet i gruppa som mykje meir enn ei økonomisk utgreiing – det var eit sterkt ideologisk motivert forsvar for overordna mål i den nordiske modellen.

I sin presentasjon av rapportane nytta Auken modellomgrepet på ein måte som sender tankane i retning av debattinnlegget til Per Kleppe. Han skriv at dette materialet er del av eit grunnlag *”... der kan vise sig nyttigt i løsningen af de udfordringer som den ”skandinaviske model” er blevet stillet over for i kraft af den økonomiske krise og de nykonservative doktriner”*.<sup>115</sup> Også her er det tale om ein modell som har møtt motbør og som treng eit utbetra fundament og nytenking for å møte samtidas utfordringar. Eg kan vanskeleg forstå arbeidet til gruppa som noko anna enn ein del av innsatsen for å etablere ein ny nordisk modell over dei gamle grunnpilarar. Samstundes er det tydeleg at Auken i sin presentasjon tek eit mykje hardare oppgjær med den nykonservative røyndomsforståinga enn det Kleppe gjorde, og rapportane vert i større grad sett i kontrast til desse strøymingane. Målet for arbeidet til gruppa meiner Auken *”... må være at genskabe troværdigheden omkring arbejderbevægelsen i de brede vælgergrupper i samfundet, så Socialdemokraterne kan tilbageerobre tabt politisk terræn”*.<sup>116</sup> Og nettopp ”truverde” forstår eg som eit nøkkelomgrep for å forstå ”Solidaritet för tillväxt och sysselsättning” som er rapporten eg vil gå først inn i.

---

<sup>114</sup> DNA 1985 Brev frå Svend Auken til SAMAK

<sup>115</sup> DNA 1985 Brev frå Svend Auken til SAMAK

<sup>116</sup> DNA 1985 Brev frå Svend Auken til SAMAK

## Kampen mot det andre

Ein måte å møte denne rapporten på er å fylgje eit spor Svend Auken sjølv teikna opp i den politiske røyndomen gruppa arbeidde i. I brevet til SAMAK skisserte han to hovudoppgåver den nordiske arbeidarrørsla stod ovanfor. Den første var å avdekke det feilaktige verdsbilete samt dei politiske ideologiar og haldningar som låg til grunn for den nykonservative analysen. Den andre var å omsette eigne solidariske haldningar til konkrete alternativ ”... *der hviler på en kritisk gjennomgang af vor hidtidige strategi og en vilje til at stille krav til vor egen evne til nytænkning og sammenhold*”.<sup>117</sup> Ved å studere korleis gruppa nærma seg denne doble oppgåva er det mogeleg å syne kor opptekne dei var av å presentere sitt prosjekt i opposisjon til ”det sanne” bilete av høgresida, men og kva dei forstod som hovudutfordringa for eit nordisk alternativ.

Når ein les ”Solidaritet för tillväxt och sysselsättning” på denne måten, så vert det tydeleg at den kviler på to sentrale premiss. Det eine er den klare todelinga i det politiske bilete, ei deling som vert framstilt som djupare i samtida enn nokon gong tidlegare, innleiingsvis understreka ved å utkrystallisere to skilde strategiar:

”Högern har utformat en konkurrensstrategi, enligt vilken den ekonomiska utvecklingen ska styras av de ”fria marknadskrafterna”, det vill säga de ekonomiskt starka. Arbetarrörelsens solidaritetsstrategi, däremot, bygger på demokratiska beslut och syftar, genom en aktiv ekonomisk politik och en vidareutveckling av välfärdssamhället, till full sysselsättning, god tillväxt och rättvis fördelning.”<sup>118</sup>

Det andre premisset er ei medviten haldning til den akilleshælen inflasjonsproblematikken representerer ved det sosialdemokratiske alternativet.

Om eg byrjar med den første oppgåva, så er altså Auken-gruppa oppteken av å avkle mytane dei meiner den nykonservative ideologien kviler på. Den viktigaste av desse er den frie marknaden, som vert behandla under overskrifta ”*Ska verkligheten anpassas till teorin?*”<sup>119</sup> Overskrifta indikerer at marknaden slett ikkje viser seg som den reine og sjølvregulerande krafta dei nykonservative føreset. Det bilete som vert teikna av endringane innanfor marknadsstrukturen er dels ei sterkare oppsplitting av marknadene og dels ein omfattande integrasjon innanfor næringslivet. Gjennom denne utviklinga meiner gruppa at marknadene

---

<sup>117</sup> DNA 1985 Brev frå Svend Auken til SAMAK

<sup>118</sup> SAMAK (1985) b: s. 7

<sup>119</sup> SAMAK (1985) b: s. 17



verkar å utvikle fastare leverandør-kunderelasjonar med relativt høge og dyre tersklar for endring og rapporten oppsummerer:

”Frikonkurrensens effektivitet blir en myt når förändringar såsom i vår tid drar mycket stora kostnader. (...) Slutsatsen av denna analys är att frikonkurrensmodellens förutsetningar om prisbildningen, om homogena produkter och om snabba reaktioner inte längre är giltig.”<sup>120</sup>

Det er nødvendig å styre marknadskreftene for at dei skal fungere effektivt og til fordel for det store fleirtalet, og gruppa meiner ein må søke ein teori som passar til og kan forklare det samfunnet som ein faktisk lever i.<sup>121</sup>

Eit anna angrep rettar rapporten mot fleksibilitetsomgrepet: ””Flexibilitet” har blitt det nya modeordet i regeringarnas och OECDs diskussioner. Det betyder kort och gott att man ska låta marknadskrafterna råda”,<sup>122</sup> heiter det her. Det er ikkje slik at arbeidarrørsla vender seg mot kravet om fleksibilitet, skal vi tru rapporten. Arbeidsgruppa meiner derimot at sjølve tilnærminga til omgrepet er styrt av eit feilaktig bilete av røyndomen, eit bilete som kviler på sosiale vurderingar arbeidarrørsla vanskeleg kan dele. For å underbygge denne haldninga viser gruppa til fleire område der kravet om auka fleksibilitet vert framført, samstundes som dei avviser grunnlaget for tilnærminga til desse. Fellesnemnaren for områda er at kravet om fleksibilitet angrip dei sentrale verdiane tryggleik og likskap. Dette gjeld mellom anna når rådande røyster går til åtak på ulike velferds og tryggleikssystem dei meiner skaper tregleik på arbeidsmarknaden og i neste omgang også større arbeidsløyse. Auken-gruppa hevdar på si side at dette synet kviler på ei oppfatning av at mangel på tryggleik stimulerer menneske til å yte sitt ytterste, ei forutsetning dei meiner representerer eit primitivt menneskesyn. Tryggleiksbehovet til menneske går langt ut over økonomisk målbare risikoar, og let seg ikkje sette opp i eit slikt reknestykke. Eit anna ønske ikledd fleksibiliseringsomgrepet, ser sosialdemokratane i kravet om allmenn reduksjon av reallønene kombinert med større differensiering av lønene på arbeidsmarknaden. Saman med kravet frå høgresida om meir desentraliserte lønsforhandlingar argumenterer arbeidsgruppa for at dette er ei fleksibilitetsforståing som i si realisering aukar inflasjonen. Grunnen til dette er at det umogeleggjer samarbeid mellom arbeidsmarknadens partar, eit samarbeid gruppa meiner er den mest effektive reiskapen i inflasjonskampen.<sup>123</sup> Gruppa tek til motmæle mot den

---

<sup>120</sup> SAMAK (1985) b: s. 19

<sup>121</sup> SAMAK (1985) b: s. 66

<sup>122</sup> SAMAK (1985) b: s. 22

<sup>123</sup> SAMAK (1985) b: s. 23-26



nykonservative fleksibilitetsforståinga med svar som let seg samanfatte ved å peike på det konflikt- og urettferdssamfunnet krava vil resultere i. Bodskaen frå Auken-gruppa er: *”Principen for åtgärder för att vidmakthålla och öka flexibiliteten i näringslivet måste vara ”Trygghet i förändringen”(...) vi hävdar också att det är en myt att hög tillväxt och låg inflation kräver ökade orättvisor och otrygghet...”*<sup>124</sup>

Poenget med denne ”demaskeringa” av marknads- og fleksibilieringsomgrepet er ikkje berre å syne bristane desse kviler på, men og å få fram kva menneske- og samfunnssyn som ligg til grunn for nykonservatismen. Gruppa hevdar at dei teoriane som forkjemparane for ”konfliktsamhälle” skjuler sine klasseinteresser bak, ikkje berre kviler på urealistiske forutsetningar: *”Men de rättfärdigar för de ekonomiskt starka att utnyttja sin styrka till egen fördel”*. Alvoret i situasjonen vert alt anna enn dempa når gruppa held fram: *”Därför står den politiska och fackliga arbetarrörelsen och de människor vars intressen den försvarar nu inför ett större hot än någonsin sedan andra världskriget.”*<sup>125</sup> Men kva vert så gjort for å bygge opp truverdet til det alternativet rørsle representerer?

### **Alternativet**

”Solidaritet för tillväxt och sysselsetning” uttrykk tydeleg at dei nordiske landa står i ei særstilling i den økonomiske utviklinga. Hovudgrunnen til dette tilskriv Auken-gruppa arbeidarrørslas unike stilling, som den meiner viser seg i den sterke stillinga solidariteten og sysselsettingsmålet har i den nordiske veljaropinionen i forhold til andre land. *”Detta ger den nordiska arbetarrörelsen ett ansvar långt utöver Nordens gränser. Den måste konkret visa att den har ett praktiskt alternativ till arbetslöshetspolitiken, privatiseringen och till den borgerliga strävan att koncentrera den ekonomiska makten”*,<sup>126</sup> skriv gruppa. Alternativet den teiknar opp, bygg på ei forutsetning om at det berre er gjennom ein felles innsats frå alle grupper at det er mogeleg å bevare kombinasjonen av konkurransekraft og tryggleik. *”Alla måste bli vinnare genom växande produktion och ökad trygghet. Därför är rättvisan produktiv”*,<sup>127</sup> vert det proklamert. Arbeidsgruppas alternativ for den økonomiske politikken bygg på ein kombinasjon av ekspansiv økonomisk politikk og inflasjonsbekjemping, og det er inflasjonsbekjempinga gruppa tek kraftig tak i gjennom ”Solidaritet för tillväxt och sysselsetning”. Det er her dei meiner kampen om truverde til solidaritetsvegen står, for

---

<sup>124</sup> SMAKA (1985) b: s. 26-27

<sup>125</sup> SAMAK (1985) b: s. 14

<sup>126</sup> SAMAK (1985) b: s. 14

<sup>127</sup> SAMAK (1985) b: s. 27

nettopp mangelen på eit botemiddel mot inflasjonstendensane har vore høgrekreftene sitt hovudankepunkt mot den økonomiske politikken til sosialdemokratane,<sup>128</sup> ein mangel arbeidsgruppa vedkjenner seg.

Reiskapen arbeidsgruppa grip til for å kunne kontrollere inflasjonen i kombinasjon med ein meir ekspansiv økonomisk politikk, er inntektspolitikken. Gjennom omgrepet ”förhandlad inkomstpolitik” forsøker rapporten å vise korleis eit vidareutvikla trepartssamarbeid kan nyttast til å skape det nødvendige politiske handlingsromet. ”*En ekonomisk politikk för god tillväxt, full sysselsättning och ökad välfärd (...) måste, för att vara trovärdig, balanseras med en förhandlad inkomstpolitik. Det är den enda väg vi funnit som kan förena full sysselsättning, god tillväxt och låg inflation*”,<sup>129</sup> skriv Auken-gruppa etter at dei først har vist korleis heilskaplege inntektspolitiske løysingar har førekome i nordiske land i føregåande år. Då har dette vore eit middel for å kome ut av svært låste situasjonar, men det som trengst er ein samla inntektspolitisk strategi med langsiktige føringar. For å få til dette, så er ei reformering og systematisering av inntektspolitikken i dei nordiske landa vegen å gå, slik gruppa ser det. Eit arbeid som har som forutsetning at heile den sosialdemokratiske rørsla tek inn over seg inflasjonsproblematikken også i høve lønsdanninga.<sup>130</sup>

Fagrørsla vert gitt ein sentral plass i denne forhandla inntektspolitikken. Oppgåva er i ein heilskapspolitikk å omtolke medlemmane sine krav frå kortsiktig lønsauke til ei inntektsutvikling som gir reelle forbetringar på lang sikt. Ei oppgåve som berre let seg løyse om tilliten til regjeringas fordelingspolitikk er stor, noko gruppa meiner det er dårlege forutsetningar for ved borgarleg styre.<sup>131</sup> I byte mot at fagrørsla og arbeidsgivarane gir regjeringa innverknad på avtaledanning får desse innflyting på regjeringas økonomiske politikk. Det avgjerande punktet for at strategien skal auke det politiske handlingsromet er at lønsglidinga, som er tillegg gitt ved lokale forhandlingar, ikkje undergrev ordninga. Auken-gruppa ønskjer difor ei sterkare sentralisering av lønsforhandlingane. Frå den forhandla inntektspolitikken, som er bidraget frå Auken-gruppa for inflasjonsbekjemping, går vegen til den ekspansive ambisjonen i gruppas arbeid. Denne finn ein hovudsakleg i nærings-, men og i arbeidsmarknadspolitikken.

---

<sup>128</sup> Arbeidarrørslas manglande truverde i inflasjonsbekjempinga er ein av hovudgrunnane Donald Sassoon peikar på i si forklaring av kvifor den sosialdemokratiske etterkrigskonsensusen forvitra. Sassoon (2003)

<sup>129</sup> SAMAK (1985) b: s. 55

<sup>130</sup> SAMAK (1985) b: s. 50-54

<sup>131</sup> SAMAK (1985) b: s. 58-59

## Norden - moglegheitene for ein eigen veg

Auken-gruppa var tydeleg på at det verdsøkonomien eigentleg trong, var ein koordinert ekspansjon, mogleggjort av ein samtidig stimulans av kjøpekraft og investeringar. Med det rådande politiske klimaet i OECD og dei leiande økonomiske stormaktene verka dette som ein førebels utopi og med denne erkjenninga meinte gruppa det naturlege svaret var å sjå kva moglegheit eit styrka økonomisk samarbeid innanfor Norden kunne gi.<sup>132</sup> I ei tid det var stendig vanskelegare for enkeltnasjonar å gå sine egne vegar i den økonomiske politikken, kunne ei styrking av det nordiske samarbeidet mogleggjere ein sjølvstendig politikk – ein politikk med sysselsettinga i sentrum og som kunne bevare særtrekk ved den nordiske samfunnsmodellen, meinte arbeidsgruppa. Føremålet med ”Näringspolitik för Norden” var nettopp å syne korleis ei satsing på det nordiske økonomiske samarbeidet kunne utvide handlingsfridomen og samstundes kome med konkrete forslag til kva som kunne gjerast for å utdjupe dette samarbeidet.

Her går altså gruppa inn i den andre delen av sitt alternativ, ein ekspansiv økonomisk politikk. Første steg er å syne kvifor samarbeid er vegen å gå, og argumentasjonsrekka byrjar med å peike på at Norden veg tyngre som internasjonal aktør enn dei einskilde landa kvar for seg. Ei slik styrka røyst vil stå betre rusta for å hevde dei grunnleggande verdiane i det nordiske velferdssamfunnet og syne at det er andre vegar ut av krisa enn nedskjeringspolitikken. Men det er ikkje berre fordi ein då maktar å vere eit slikt tydeleg alternativ at dei nordiske landa kan tene på å slutte rekkjer, eit slikt utdjupa samarbeid vil også gjere det mogleg å nytte Nordens produktive ressursar på ein langt meir effektiv måte. Dette både ved arbeidsfordelinga og med det spesialiseringa eit utdjupa samarbeid fører med seg, men og ved at heile Norden vert til heimemarknad. Auken-gruppa er også oppteken av at regjeringane si moglegheit til planlegging og eit fruktbart forhold til næringslivet aukar ved samarbeid mellom landa.<sup>133</sup>

Forslaget frå gruppa tek utgangspunkt i ei kraftig auke av dei offentlege investeringane, særleg retta mot infrastruktur, energi, miljø og bustader, der gruppa meiner det er store akkumulerte behov. Denne stimuleringa meiner den så det er viktig å føre i kombinasjon med ein politikk som påverkar næringslivets utvikling på ein måte som bevarer eigenarten i

---

<sup>132</sup> SAMAK (1985): s. 4

<sup>133</sup> SAMAK (1985): s. 8-12

samspelet mellom det private og det offentlege gruppa ser i dei nordiske økonomiane.<sup>134</sup> Samspelet er særleg viktig fordi ei rad viktige prosjekt finst nettopp i dette skjeringsområdet, prosjekt som berre kan kome i stand gjennom offentlege initiativ, men som vert verkeleggjort av private aktørar.<sup>135</sup> Dei konkrete forslaga gruppa kjem med for ein samla næringspolitikk forutset ei sjudobling av budsjetta for det nordiske samarbeidet.<sup>136</sup> Mellom forslaga er opprettinga av eit eige industripolitisk sekretariat, nedbygging av dei handelshinder som framleis finst, eit ønske om at den Nordiske Investeringsbanken skal låne ut meir risikovillig kapital og ønske om å opprette eit "utveklingsbolag" som skal hjelpe selskap til å kome fram til samarbeidsløysingar.<sup>137</sup>

Eit samandrag av "Näringspolitik för Norden", som gruppa laga for SAMAK-møte, gir ei god mogelegheit til å sjå korleis arbeidsgruppa tenkte næringspolitikken: I ein situasjon der det ikkje rådar konsensus kring ein koordinert vekstpolitikk må ein forsøke å redusere lekkasje av etterspørselsstimulanse til utlandet, og sidan den meiner proteksjonisme ikkje er vegen å gå "... gäller därför att koppla stabiliseringspolitiken till en aktiv näringspolitik. På så sätt kan det bli möjligt att se till att den efterfrågan som följer av stimulansåtgärderna så långt möjligt riktar sig mot de nordiska länderna".<sup>138</sup> Ein aktiv næringspolitikk, saman med eit utdjupa samarbeid mellom dei nordiske landa, er altså ein strategi som gjer det mogeleg å gå ein annan veg enn den rådande.

Ein annan sentral del av det sosialdemokratiske alternativet ligg i arbeidsmarknadspolitikken. Heller ikkje denne marknaden fungerer fritt, men er prega av flaskehalsar og strukturelle vanskar. I ei tid der arbeidsmarknaden er i endring og skal tilpasse seg ei tertetisering, globalisering og effektivisering, skal arbeidsmarknadspolitikken skape sysselsettingstryggleik samstundes som arbeidsstokken må tilpasse seg dei snøgge endringane. "Aktiv arbetsmarknads- och utbildningspolitik är arbetarrörelsens viktigaste svar på kravet på smidighet och rörlighet på arbetsmarknaden"<sup>139</sup>, skriv arbeidsgruppa, samstundes som dei innser at ein framgangsrik arbeidsmarknadspolitik berre er mogeleg om ein innanfor den

---

<sup>134</sup> SAMAK (1985): s. 39-40

<sup>135</sup> I "Solidariatet för tillväxt och sysselsättning" taler ein her om ein ny "tredje" sektor – der det offentlege gjennom subsidier, restriksjonar, planlegging eller forskning initierer det som vert realisert av private aktørar. SAMAK (1985) b: s. 30-31

<sup>136</sup> Ei gradvis auke som i 1990 skal utgjere 0,1% av BNP, noko som tilsvarar om lag 2,1 milliardar svenske kroner. SAMAK (1985): s. 18

<sup>137</sup> Dette er berre eit lite utval av dei forslaga gruppa kjem med i "Näringspolitik för Norden"

<sup>138</sup> DNA 1985 b: Sammenfatning av rapporten Näringspolitik för Norden

<sup>139</sup> SAMAK (1985) b: s. 39

økonomiske politikken meistrar å halde oppe tilstrekkeleg etterspørsel og konkurransekraft. Gruppa meiner dei nordiske landa er på rett veg i arbeidsmarknadspolitikken, men i tida som kjem hevdar dei kampen mot den strukturelle arbeidsløysa må stå på tre område: for ungdommen, dei langtidsledige og for dei som er ramma av regionale arbeidsløyseproblem. Hovudbodskapen er at løysingar som inneber utdanning, arbeidsordningar og omstillingsstønad er å føretrekke framfor passive ytingar, noko som skal hindre innlåsingseffektar i arbeidsmarknaden.<sup>140</sup>

### **Kva syner Auken-gruppas arbeid?**

I det føregåande har eg forsøkt å gå inn i rapportane til Auken-gruppa for å trekke ut sentrale sider ved desse, men kva fortel dette arbeidet om korleis gruppa forstår og nyttar tanken om ein nordisk veg? Slik eg les forslaga frå arbeidsgruppa så er ei utdjuping av det nordiske samarbeidet ei mogelegheit til å gå i utakt med omverdas krav. Med den uviljen leiande stormakter viste mot å gripe aktivt inn i arbeidsløyseproblematikken, og dei dårlege utsiktene for å få til eit ekspansivt internasjonalt økonomisk samarbeid, så: ”... *ter det sig självklart att de nordiska länderna liksom förr under historiens lopp söker sig till varandra och till de möjligheter som ligger i ett förstärkt ekonomiskt samarbete i Norden*”,<sup>141</sup> skriv arbeidsgruppa. Under dette verkar det å ligge ei forståing av at det dei nordiske landa hadde oppnådd i etterkrigstida berre kunne bevarast ved å etablere eit tydeleg alternativ til den nyliberale økonomiske tenkemåten som dominerte verdsopinionen. Med rolla arbeidarrørsla hadde spelt i dei nordiske landa, og med den grad av eigedomsforhold til verdiar som stod under press, så kvilte nærast eit historisk krav til rørsla; det var i Norden forutsetningane for å utarbeide eit alternativ låg best til rette. Ein del av arbeidshypotesen var, slik Gunnar Berge uttrykk det at ”...*dei nordiske land kunne gje kvarandre gjensidig drahjelp. Så viss du ekspanderte politikken i eit land så ville det vere positivt også for eit anna land*”.<sup>142</sup> Og ein sterkare integrasjon av dei nordiske økonomiane samt ein meir heilskapleg nordisk næringspolitikk skulle etter denne tankegangen gi samlinga av dei nordiske landa større margin til å føre ein uavhengig økonomisk politikk på eit solidarisk grunnlag.<sup>143</sup>

Dette er ei forståing som passar over eins med det bilete Urban Lundberg teiknar av Auken-gruppas arbeid, der han også legg vekt på at samarbeidet har ein geografisk dimensjon. Med

---

<sup>140</sup> SAMAK (1985) b: s. 35-41

<sup>141</sup> SAMAK (1985): s. 4

<sup>142</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 9 i det transkriberte intervjuet.

<sup>143</sup> SAMAK (1985): s. 5

bakgrunn i rapporten "Näringspolitik för Norden" skriv han om strøymingane i SAMAK at: "*The Nordic modell was not feasible in one country, but it could be preserved in the Nordic region if borders between the individual countries were erased*".<sup>144</sup> Det fundamentale i arbeidsgruppas analyse var slik han ser det nettopp det at: "*...the Nordic countries would have more international influence if the individual countries voalesced to become one joint actor*".<sup>145</sup>

Den andre hovudkomponenten i Auken-gruppas arbeid, den forhandla inntektspolitikken, var også eit forsøk på å dra vekslar på noko av det særeigne med dei nordiske landa. Trass nasjonale skilnader kan det vere fruktbart å tale om ein nordisk eller skandinavisk modell innanfor arbeidslivsrelasjonar, med sterke fagrørsler, tradisjon for forhandla løysingar og eit på same tid sentralisert og desentralisert forhandlingssystem.<sup>146</sup> Kunne dei tette banda og tillitsforholdet til fagrørsla nyttast til å gå eit steg vidare og inngå ein sosial kontrakt der ein i bytte mot moderate oppgjer fekk ein meir vekstfremmande økonomisk politikk? Det nye her var å diskutere inntektspolitikken som ei felles nordisk problemstilling.<sup>147</sup> Forholdet til omgrepet "inntektspolitikk" skilde seg skarpt mellom dei nordiske landa, og særleg frå svensk side var lønsutviklinga noko dei politiske myndigheitene tradisjonelt skulle halde seg borte frå, medan ein i Noreg hadde røynsle med inntektspolitiske løysingar.<sup>148</sup> Men også i Noreg representerte den første halvdel av 80-talet eit bortfall av det sentraliserte inntektspolitiske samarbeidet,<sup>149</sup> og forslaga frå arbeidsgruppa gjekk imot utviklingstendensar i retning av meir avstand til fagrørsla.<sup>150</sup> Mot slutten av kapitlet vil eg diskutere nærmare korleis arbeidet til Auken-gruppa kan verte forstått i ein norsk samanheng, men først er det vert å legge merke til at den kontroversielle inntektspolitikken gjorde at det eit stykke ut i arbeidet til Auken-gruppa kom til syne strid kring nokon av dei avgjerande punkta.

### **Strid rundt arbeidet**

På SAMAK-møtet i Oslo i januar 1985, der Svend Auken sjølv gjorde greie for arbeidet og la fram to langt framskridne versjonar av rapportane, kan ein i referatet lese vage formuleringar som peikar mot denne konflikten: "*Avslutningsvis framhöll Auken att arbetsgruppen i allt*

---

<sup>144</sup> Lundberg (2006): s. 279

<sup>145</sup> Lundberg (2006): s. 279

<sup>146</sup> Kjellberg (1998): s. 74-77

<sup>147</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007. s. 9 i det transkriberte intervjuet.

<sup>148</sup> Skånland (1981): s. 89

<sup>149</sup> Dølvik og Stokke (1998)

<sup>150</sup> Regjeringa Willoch avviste på prinsipielt grunnlag medverknad ved inntektsoppgjera. Skånland (2004): s. 115



väsentligt är enig i sina förslag, men att det efter det senaste sammanträdet kommit en reservation från svensk sida mot visse delar av förslagen.”<sup>151</sup> Eit tydelegare bilete av konflikten kan lesast ut frå eit notat Michael Sohlman sende SAMAK-sekretær Björn Wall. Sohlman sat i arbeidsgruppa for Socialdemokraterna og kommenterer i notatet Auken-gruppas rapportar og korleis desse burde handterast ved SAMAK-møte i Oslo. Han skriv om det Auken legg fram ved møtet at det ”...innehåller en lång rad påstanden om vilka enighet inte råder”.<sup>152</sup> Hovudankepunktet til Sohlman er at inflasjonsprosessen, slik den vert skildra, manglar teoretisk underbygg og strid mot empiriske data, og at ein ikkje kan legge så stor lit til inntektspolitikken som rapportane legg opp til. Avslutningsvis trekk Sohlman konsekvensane av kritikken med å skrive: ”De två dokumenten som nu presenterats av Aukengruppen bör ej publiceras så som sanktionerade av SAMAK. Vill man publicera dem som en rapport författad av Aukengruppen blir jag tvungen att reservera mig i samma anda som i denna PM”.<sup>153</sup> I etterkant av dette skrivet vert det gjort rokkeringar i gruppa. Michael Sohlman går ut og Kjell-Olof Feldt og Klas Eklund kjem inn. Utan at dette representerte noko politisk linjeskifte, så styrka det kraftig den svenske representasjonen i arbeidsgruppa.<sup>154</sup> Når Kjell-Olof Feldt, som svensk finansminister, kunne gå med på dei forslaga gruppa kom med, sjølv om han var skeptisk til inntektspolitikken som verkemiddel, så hevdar han i ettertid at dette var med bakgrunn i at ein la stor vekt på å få kontroll over lønsglidinga, og at rapporten la opp til ein balansert finanspolitikk.<sup>155</sup>

### **Oppfylging av Auken-gruppa**

I møte med SAMAK, forstått som tankesmie og møtestad for toppsjiktet i nordisk arbeidarrørsle, vert spørsmålet om kva fylgjer arbeida har fått påtrengjande. Ein stad å byrje er å sjå korleis SAMAK og arbeidsgruppa sjølv meinte Auken-gruppa sitt arbeid skulle fylgjast opp. Til møtet i Oslo hadde Svend Auken utarbeidd ei liste med seks naturlege initiativ for SAMAK i fortsettinga, og desse punkta vedtok møtet som grunnlag for oppfylging av gruppas arbeid.<sup>156</sup> Det første av desse la vekt på å spreie forslaga til andre samnordiske forum, kanskje viktigast til Nordisk ministerråd og partigruppa i Nordisk råd. Neste punkt var å støtte forslaget frå svensk LO om innkalling til ein europeisk konferanse for parti og fagrørsle om koordinert økonomisk samarbeid for vekst og sysselsetting. Auken

<sup>151</sup> Socialdemokratiet 1985: Anteckningar och beslut vid SAMAKs møte den 16-17 januari 1985

<sup>152</sup> SAP 1985: PM angående Auken-gruppens rapport.

<sup>153</sup> SAP 1985: PM angående Auken-gruppens rapport.

<sup>154</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 12-13 i det transkriberte intervjuet.

<sup>155</sup> Feldt (1991): s. 227

<sup>156</sup> Socialdemokratiet 1985: Anteckningar och beslut vid SAMAKs møte den 16-17 januari 1985



meinte også at det måtte vurderast om det kunne etablerast eit regelmessig, men uformelt samarbeid mellom SAMAK og utvalgte nordeuropeiske sosialdemokratiske parti og landsorganisasjonar. Det fjerde forslaget var at ein burde nytte SAMAK-samarbeidet til å utarbeide felles haldningar til initiativ for grunnleggjande reformer av det internasjonale valutasystemet ovanfor OECD og IMF, men og i høve europeisk integrasjon og avhengigheit til USA. Vidare føreslo Auken at det med bakgrunn i arbeidet gruppa hadde gjort, vart utarbeidd eit markant felles program for 80- og 90-åras samfunnsutvikling i form av ein ny ”nordisk modell”. Og det siste punktet, som skulle vere ei hjelp for å løyse dei fem føregåande, føreslo ei vidareføring av den økonomisk-politiske arbeidsgruppa i SAMAK.<sup>157</sup>

Noko av det som syner at iallfall delar av initiativa vart etterfylgt, er den europeiske konferansen SAMAK skipa til mot slutten av det same året. Til konferansen ”Arbetarrörelsen och Europa” i november i 1985 var om lag 100 delegatar frå eit 30-tals politiske og faglege organisasjonar samla på svenske Bommersvik.<sup>158</sup> Ideen bak konferansen var at den skulle ta opp nokon av dei same trådane som Auken-gruppa hadde arbeidd med. *”Först och främst måste vi formulera ett gemensamt program för ekonomisk återhämtning och full sysselsättning. Med det programmet som grund kan vi –vilket är deltema två – lägga fast en gemensam strategi mot högerkrafterna som grundar sig på våra nationella erfarenheter”*,<sup>159</sup> skriv SAMAK-sekretær Bjørn Wall i eit notat under planlegginga av konferansen, og han framhevar samstundes at Auken-gruppas rapportar bør utgjere eit viktig grunnlag for dette europeiske samkomet. At arbeidsgruppa sette sitt stempel på samlinga er tydeleg i fråsegna frå konferansen, som bar tittelen: ”En politikk för produktiv rättvisa”. Denne fråsegna er ein utbygd versjon av eit dokument utarbeidd av Klas Eklund i forkant av konferansen, og ligg svært nær konklusjonane til Auken-gruppa.<sup>160</sup> Det vert innleiingsvis gjort klart at den europeiske arbeidarrørsla i møte med massearbeidsløysa og det som vert kalla den ”nykonservative konfrontasjonsstrategi” må *”...skapa ett trovärdigt ekonomisk-politiskt alternativ för ekonomisk politik och internationellt samarbete”*. Dei skriv vidare at å fremje eigen solidaritetsstrategi: *”(...)kräver ett på en och samma gång radikalt och realistiskt*

---

<sup>157</sup> DNA 1985: Brev frå Svend Auken til SAMAK.

<sup>158</sup> DNA 1985 d: SAMAKs verksamhet 1985 - sammanfattning

<sup>159</sup> SAP 1985 b: Notat med tittelen: ”Konferens med företrädare för europeisk socialdemokrati och fackföreningsrörelse i november 1985 arrangerad av SAMAK”

<sup>160</sup> Klas Eklund hadde kome inn i Auken-gruppa i arbeidet med den andre rapporten. Han står som forfattar av dokumentet: ”Konferansedokument till SAMAKs europeiska konferens 15-17 november 1985 – Andra utkast”, som for meg verkar å vere rammeverket for den endelege fråsegna. DNA 1985 e

program".<sup>161</sup> Dette programmet må i sin tur løyse tre sentrale oppgåver. Den første i å finne ein strategi for varig vekst, der ein på nasjonalt nivå søker å skape ein balansert politikk som både kan stimulere sysselsettinga og halde tilbake inflasjonen. Andre hovudoppgåve er å verne om den sosiale rettferda, forankra i arbeidarrørslas grunnforutsetning om rettferdas produktivitet.<sup>162</sup> Den siste å samordne politikken, og arbeide for at ein koordinert europeisk ekspansjonspolitikkk kan verte mogeleg.<sup>163</sup> Slik eg les fråsegna, i den grad den forsøker å peike ut ei retning i møte med desse tre oppgåvene, så peikar den mot løysingane Auken-gruppa hadde føreslått: Eit utdjupa samarbeid med ein ekspansiv økonomisk politikk skal halde på målet om full sysselsetting utan å gå på akkord med sosial tryggleik og velferd.

Men er det mogeleg å spore meir konkrete fylgjer av gruppas arbeid? Det mest openbare er at den økonomisk-politiske arbeidsgruppa fekk halde fram også etter at dei to rapportane var ferdigstilte, og at det med det var etablert eit permanent forum for utveksling av idear og erfaringar mellom nordiske sosialdemokratar på det økonomisk-politiske området. Men i møte med dei overordna forslaga frå gruppa, vart desse tekne til fylgje?

Urban Lundberg fell i sitt arbeid ein hard dom over dei faktiske fylgjene av Auken-gruppas arbeid. Han viser til at forslaget om den forhandla inntektspolitikken vart utsett for eit frontalangrep frå den svenske fagrørsla på arbeidarkongressen i Gøteborg, der forslaga frå arbeidsgruppa vart framlagt. Og Lundberg støttar seg til biletet Kjell-Olof Feldt teiknar av arbeidet til arbeidsgruppa i sin sjølvbiografi *Alla dessa dagar...* når han vidare slår fast at Auken-gruppas forslag bar preg av ei grunnleggjande urealisme. Feldt spør seg her mellom anna om kva det var som fekk nordiske sosialdemokratar til å hevde at: "...vi kunde lösa det problem, som resten av västvärdens industriländer tycktes gå bet på, nämligen att vid full sysselsättning hålla inflationen borta?",<sup>164</sup> og svarer på dette med å peike på alliansen med fagrørsla og den tilliten ein hadde mellom lønstakarane. Slik Feldt legg det fram var det ønske om å framstille denne alliansen som eit unikt sosialdemokratisk fundament for ein framgangsrik økonomisk politikk som gjorde sosialdemokratane blinde for dei svake sidene ved opplegget. Det er altså tydeleg at Feldt meiner gruppas arbeid fekk lite gjennomslag.

---

<sup>161</sup> DNA 1985 c: En politikk för produktiv rättvisa – Uttalande av SAMAKs europeiska konferens 15-17 november 1985.

<sup>162</sup> Omgrepet "Rettferdas produktivitet" spelar på tanken om at likskap og sosiale reformer ikkje er eit hinder for økonomisk effektivitet, men snarare ei forutsetning for økonomisk vekst.

<sup>163</sup> DNA 1985 c: En politikk för produktiv rättvisa – Uttalande av SAMAKs europeiska konferens 15-17 november 1985.

<sup>164</sup> Feldt (1991): s. 228

Lundberg underbygg ytterlegare denne forståinga av eit arbeid med lite gjennomslagskraft ved å rette merksemda mot talen Svend Auken heldt for kongressen. I eit iherdig forsøk på å få delegatane til å skjønne at det nordiske samarbeidet trengte meir enn vakre ord, uttrykte leiaren for den økonomisk-politiske arbeidsgruppa sin bodskap konsentrert i orda: *”Men det nordiske arbejdet risikerer at blive kvalt i velvillig ligegyldighed, hvis ingen tør satse på det nordiske samarbejde med det resultat, at befolkningerne i Norden føler stigende fremmedhed overfor det nordiske”*.<sup>165</sup>

Eg meiner derimot at det er mykje som talar for at denne strenge domen over arbeidsgruppas arbeid ikkje får med seg dei ringverknadane rapportane faktisk hadde. Sjølv om den svenske fagrørsla var svært lunken til den forhandla inntektspolitikken, var det også røyster innanfor denne rørsla som tala varmt for forslaga. Den norske LO-leiaren Tor Halvorsen uttalte ved kongressen:

”Nordisk fagbevegelse bør signalisere at vi er villig og beredt til å inngå et forpliktende inntektspolitisk samarbeid med de politiske myndighetene. Men alle skal vite at vi setter som betingelse at alle parter lojalt følger opp det som kommer ut av en slik forhandlet inntektspolitikk.”<sup>166</sup>

Den norske avisa Arbeiderbladet kommenterte dette signalet frå Halvorsen med å skrive *”En så klar støtte til det såkalte Sven Auken-utvalgets forslag om en forhandlet inntektspolitikk mellom de politiske myndighetene og arbeidslivets parter har ikke kommet fra LO tidligere”*.<sup>167</sup> Denne positive haldninga er eit første teikn på at det kan vere interessant å nøste litt vidare i fylgjene til forslaga frå arbeidsgruppa.

### ***Band til norsk inntektspolitikk?***

I ein seinare rapport kommenterer den økonomisk-politiske arbeidsgruppa sjølv ringverknadane av *”Solidaritet för Tillväxt och sysselsättning”*, mellom anna ved å skrive: *”Rapportens tankesæt genfindes også de indkomstpolitiske løsninger, der med Socialdemokratiet og de faglige landsorganisationer som drivkraft siden er gennemført i Norge og Finland.”*<sup>168</sup> I eit euopeisk tidsbilette prega av liberalisering var det mykje som peika mot desentralisering og mindre statleg innblanding i lønsdanninga, men i desse to landa

---

<sup>165</sup> SAMAK (1986) b: s. 51

<sup>166</sup> Tor Halvorsen gjengitt i Arbeiderbladet 28.08.1986

<sup>167</sup> ”-Klar for samarbeid” i Arbeiderbladet 28.08.1986

<sup>168</sup> SAMAK 1990: s. 3

var det altså utviklingstrekk som gjekk den andre vegen. I Noreg fekk partane i arbeidslivet ei viktig rolle i den økonomiske snuoperasjonen til den nye sosialdemokratiske Brundtlandregjeringa, som kom til makta i 1986. Det inntektspolitiske samarbeidet vart reetablert, og trass den stramme finanspolitikken gjekk regjeringa inn med kostbare reformer i bytte mot moderat inntektsutvikling.<sup>169</sup> Når eg med bakgrunn i arbeidsgruppa si eigen kommentar om ringverknadane av arbeidet spør Gunnar Berge, som sat som finansminister i regjeringa Brundtland, om arbeidet i Auken-gruppa var ein del av bakrunnen for at løysingane kom i stand i desse landa, så er svaret: *”Ja. Fordi at mange av dei som sat sentralt her, dei sat veldig sentralt i programarbeidet i sine heimland. Sånn at dette blei tatt med og dessutan sat partileiarane her og var mykje med på desse diskusjonane...”*<sup>170</sup> Det er mogeleg eg står i fare for å drage for mykje ut av diskusjonane som var ført innanfor SAMAK, men om ein kastar eit blick mot det som er skrive om reetableringa av det norske inntektspolitiske samarbeidet og formaliseringa av dette i ”Solidaritetsalternativet” på byrjinga av 90-talet, er det naturleg å gjere seg nokre tankar.

Solidaritetsalternativet vart utarbeidd av eit breitt samansett sysselsettingsutval den norske regjeringa sette ned i 1991. Inntektspolitikken vart her tillagt ei strategisk viktig rolle som nasjonalt styringsverktøy i ein stendig meir internasjonalsert økonomi.<sup>171</sup> I eit tett trepartssamarbeid skulle fagrørsla vise moderasjon for at lønsemda i bedriftene skulle auke og myndigheitene skulle i bytte mot lønsmoderasjonen sørge for auka sysselsetting gjennom ein meir ekspansiv finanspolitikk og meir aktiv arbeidsmarknadspolitikk.<sup>172</sup> Ved å teikne opp ein femårig avtale etablerte solidaritetsalternativet ein langsiktig inntektspolitisk plan som også makta å kontrollere lønsglidninga. Her ser ein altså tydeleg inntektspolitikken nytta slik Auken-gruppa la opp til.

Trond Bergh, som har skrive om framveksten av solidaritetsalternativet, sporar utviklingsprosessen tilbake til 1986. Den drastiske omlegginga av lønspolitikken regjeringa Brundtland då føretok gav fagrørsla ei sentral rolle.<sup>173</sup> Det vart utarbeidd ei moderasjonslinje som i oppgjera i 1988 og 89 også innebar midlertidige lønslover for å binde alle organisasjonar både i og utanfor LO til linja. I Berghs framstilling er LO pådrivaren i

---

<sup>169</sup> Heiret (2003): s. 196

<sup>170</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 14 i det transkriberte intervjuet.

<sup>171</sup> Bergh (1999): s. 87

<sup>172</sup> Bjørnhaug m. fl. (2000): s. 111

<sup>173</sup> Bergh (1999): s. 88

utforminga av solidaritetsalternativet som kjem i stand på bakgrunn av frykta for ei veksande arbeidsløyse. Dette skjer mot ein bakgrunn der ambisjonane om ein aktiv inntektspolitikk har lege nede på byrjinga av 80-talet.<sup>174</sup> Bergh viser derimot ikkje til andre inspirasjonskjelder eller tidlegare forsøk på å få etablert ein forhandla inntektspolitikk som styringsverktøy i møte med 80-åras utfordringar. Etter det eg kjenner til er heller ikkje det nordiske samarbeide omtala nokon andre stader i det som er skrive om Solidaritetsalternativet.<sup>175</sup> At det på midten av 80-talet frå norsk side vart argumentert sterkt for å få ein forhandla inntektspolitikk inn i Auken-gruppas rapportar og slik ta dette opp som ei fellesnordisk problemstilling,<sup>176</sup> meiner eg må vere interessant i denne samanhengen. Slik eg forstår utarbeidinga av rapportane til Auken-gruppa saman med dei norske reaksjonane på det endelege resultatet, er det naturleg å sjå dette som ein del av bakgrunnen for den norske inntektspolitikken som tok form på slutten av 80- og byrjinga av 90-talet.

### *Lite realisme i Norden som samla aktør*

Når det gjeld den grunnleggande tanken i Auken-gruppas arbeid, dette at dei nordiske landa ved utdjupeing av sitt samarbeid kunne utgjere ein aktør som gjennom ein felles nordisk økonomisk politikk og brei satsing på fellesnordiske næringsprosjekt kunne møte utfordringane, så deler eg likevel forståinga til Urban Lundberg. Ein kan rett nok sjå at noko av tankesettet vart teke inn i arbeidsprogrammet Arbeidarpartiet vedtok året rapportane kom, der ein kan lese:

”Norden har mulighet til å gjennomføre en felles politikk for økonomisk vekst. De nordiske landene bør samordne sin innsats for å få de øvrige europeiske land og USA til å samarbeide om en felles politikk for økonomisk vekst og økt sysselsetting. I framtida bør det siktes mot en enda sterkere samordning av næringsstrukturene i de enkelte land.”<sup>177</sup>

I ettertid tonar derimot Gunnar Berge ned denne dimensjonen ved gruppas arbeid. ”...vi kom etter kvart til sanningserkjening der, at det å drive ein felles nordisk økonomisk politikk, ein felles nordisk infrastrukturpolitikk og sånn, det hadde i alle fall sterke begrensningar.”<sup>178</sup>

---

<sup>174</sup> Bergh (1999): s. 105

<sup>175</sup> Jamf. eksempelvis Bjørnhaug m.fl. (2000) Skånland (2004)

<sup>176</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 9-10 i det transkriberte intervjuet.

<sup>177</sup> I ”Ny vekst for Norge” Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1986-1989 vedteke på landsmøtet i 1985: s. 59

<sup>178</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 4 i det transkriberte intervjuet.

Sjølv om forslaga frå arbeidsgruppa om å gi den nordiske regionen musklar til å føre ein sjølvstendig økonomisk politikk ikkje fekk gjennomslag, så heldt altså den økonomisk-politiske arbeidsgruppa fram si møteverksemd. I det neste kapitlet vil eg rette merksemda mot denne fortsettinga, som eg meiner representerer eit sentralt politisk linjeskifte i SAMAK-arbeidet.

## 4. Fornyning av den offentlege sektor

Måndag 6. februar 1989 kunne Dagens Nyheter, Sveriges største morgonavis, avsløre at ein rapport utarbeidd av SAMAKs økonomisk-politiske gruppe hadde blitt unndregen offentleggjering av SAMAKs årlege møte. ”*Den känsliga rapporten*” omhandla fornying av den offentlege sektor, eit tema avisa understreka var mykje omtala i samtida, men ”...*de interna formuleringarna är öppenhjärtigare och rakare än de offentliga*”.<sup>179</sup> Det avisa ikkje melde, var at diskusjonane som omsider hadde leidd fram til denne førebels hemmelegstempla rapporten hadde teke til i den økonomisk-politiske arbeidsgruppa allereie i 1986. I ei tid der dei nasjonale partia følte seg fram etter nye politiske vegar, vart denne møtestaden nytta til å tenke nytt om sjølve grunnpilaren i den nordiske modellen, den omfattande offentlege sektoren. Hovudtyngda av dette kapitlet vil omhandle arbeidet til den økonomisk-politiske arbeidsgruppa. Men dei var ikkje først ute med tankar kring fornying av offentleg sektor innanfor SAMAK, og eg vil difor byrje med å vise korleis ei kommunalpolitisk arbeidsgruppe opna opp tematikken på den fellesnordiske scena. Eg vil så sjå nærmare på arbeidet med og det endelege resultatet av rapporten ”Förnya den offentliga sektorn!”, som eg meiner representerer eit politisk linjeskifte i SAMAK-samarbeidet. Deretter vil eg forsøke å syne korleis denne merksemda retta mot det nordiske samarbeidet også kastar nytt lys over den nasjonale politiske historia. Dette vil eg gjere ved å rette blikket mot den nyorienteringa som fann stad i Det Norske Arbeidarparti i den andre halvdel av 80-talet, der det er mi klare meining at nordiske impulsar må inn som del av den historiske forklaringa på utviklinga.

### Forboden frukt

Tiåra etter den andre verdskrigen bar i nordisk samanheng preg av ein eventyrleg ekspansjon i den offentlege sektor. Det var i denne perioden dei politiske ambisjonane byrja strekke seg etter å få alle velferdsområde knytt saman i ein velferdsstat, ambisjonar som fekk spelerom i eit politisk klima som ville tøyte marknadskreftene og gi det offentlege apparatet dei nye oppgåvene.<sup>180</sup> Og sjølv om det berre var i Noreg og Sverige dei sosialdemokratiske partia dominerte fullstendig i formingsåra, så vart trua desse tiåra representerte på den offentlege sektor som vegen mot det gode samfunn tett knytt til den sosialdemokratiske rørsla. Så når SAMAK på 80-talet prøvande nærma seg spørsmålet om kva oppgåver det offentlege kunne seie frå seg, så var dette ein tematikk som gjennom dei føregåande tiåra hadde vakse seg til

---

<sup>179</sup> Dagens Nyheter 6. februar 1989

<sup>180</sup> Christiansen m.fl.: s. 21-25



forboden frukt.<sup>181</sup> Bakgrunnen for at leiarane i dei sosialdemokratiske partia hausten 1983 vedtok å sette ned ei kommunal arbeidsgruppe, var den tiltakande diskusjonen om velferdsstatens framtid.<sup>182</sup> Innanfor SAMAK er det tydeleg at ein opplevde eit sterkt borgarleg press mot den tradisjonelle velferdsstaten tidleg på 80-talet. Kritikken frå høgrepertaria var særleg høgrøysta i møte med den offentlege sektor, der ropet etter privatisering talde stendig fleire røyster. Den kommunale arbeidsgruppa, endeleg samansett i april 1984, skulle med sitt arbeid vere ein del av svaret på denne kritikken og føre diskusjonen eit steg vidare.<sup>183</sup>

## Fridom

Det eg vil ta tak i i den endelege rapporten til arbeidsgruppa, som først låg føre i januar 1987, er fridomstanken diskusjonane i gruppa hadde leidd fram til. *”Inför 1990-talet måste socialdemokratins ideologiska förnyelse inriktas på att förändra avvägningen mellan individ och kollektiv så att människornas ansvar och delaktighet ökar på bekostnad av den detalj- och centralstyrda staten”*,<sup>184</sup> er ei formulering som grip denne fridomstanken. Utgangspunktet for formuleringa er at dei nordiske landa ved nødvendig hjelp av eit sterkt sentralt styre har oppnådd det rapporten omtalar som ”välfärdsskedet”, noko som inneber at brorparten av velferdsutbygginga står ferdig, og at utfordringa for den offentlege sektoren etter dette er å organisere samfunnet på innbyggjarane sine vilkår. Med åtak mot den borgarlege fridomstanken, lagt fram som fridom for den sterke, er det tydeleg at rapporten representerer eit forsøk på å kjempe til seg fridomsomgrepet. Ein kamp som skal vinnast ved større valfridom og innflyting i den einskilde sitt møte med det offentlege, ei desentralisering som mogleggjer lokalt avgjerdsleansvar, samt utdjupa demokrati og der *”Stora krav bör ställas på kvalitet och effektivitet i den offentliga verksamheten”*.<sup>185</sup> Rapporten tek med andre ord til orde for steg som møter velferdsstatskritikken med innrømmingar som peikar mot høgre i det politiske landskapet,<sup>186</sup> men eg finn stega den økonomisk-politiske arbeidsgruppa talar for i sitt arbeid tydelegare og lengre og vil difor i fortsettinga sjå nærmare på desse.

---

<sup>181</sup> Det hadde også tidlegare vore retta kritikk mot den offentlege sektor frå sosialdemokratisk hald, men gjennom 70-talet utgjorde denne kritikken meir ein del av ei anti-byråkratisk linje. Ein ønskte å modernisere det offentlege i ei demokratiserande retning. Grøndahl og Grønlie (2004): s. 170-171

<sup>182</sup> SAMAK (1987) : s. 3

<sup>183</sup> Arbeidsgruppa vart leidd av svenske Bo Holmberg, som hadde med seg: Erling Christensen og Tove Schmidt frå Danmark, Kaj Bärlund frå Finland, Harriet Andreassen og Hallvard Bakke frå Noreg samt Anna Hedborg frå Sverige. Tove Schmidt vart i 1985 erstatta av Bent Hansen.

<sup>184</sup> SAMAK (1987) : s. 7

<sup>185</sup> SAMAK (1987) : s. 8

<sup>186</sup> Francis Sejersted skriv at ein frå byrjinga av 1980-talet får ein fridomsrevolusjon mellom norske og svenske sosialdemokratar. Han meiner dette skjedde fordi dei hadde innsett at ”Den sterke vekt på likhet hadde ført i retning av et autoritært samfunn. Nå måtte likheten forenes med friheten.” Sejersteds forståing av at dette førte

### **Ein ”förutsättningslös genomgång”**

Med bakgrunn i diskusjonar i den økonomisk-politiske arbeidsgruppa utarbeidde Clas-Erik Odhner i samråd med Anna Hedberg ved juletider i 1986 eit notat som argumenterer for ”*en förutsättningslös genomgång av centrala problemställningar*” i møte med den offentlege sektor.<sup>187</sup> Notatet var retta mot SAMAK-møtet i Helsingfors i midten av januar året etter, som skulle avgjere om materialet egna seg som grunnlag for vidare arbeid. Auken-gruppas tidlegare rapportar hadde sett sin lit til samarbeid og ein forhandla inntektspolitikk som veg ut av styringsvanskar og økonomisk krise, og representerte slik ikkje noko direkte brot med tradisjonell sosialdemokratisk politikk. Med dette notatet vart eit rapportarbeid initiert som førte diskusjonane i ei ny lei. Ei lei som også innanfor gruppa sjølv vart omtala som eit skifte av paradigme.<sup>188</sup>

Før eg går vidare vil eg forsøke å klargjere bakgrunnen for måten eg vel å nytte det historiske materialet i fortsettinga. Som møtestad for mange av dei fremste utformarane av nasjonal sosialdemokratisk politikk ligg det sentrale bidraget frå den økonomisk-politiske arbeidsgruppa i ideutveksling og ideskaping. Funnet av det første utkastet til rapporten ”Förnya den offentliga sektorn!” gir ei mogelegheit til å fange noko av dette. Ein framgangsmåte eg meiner både viser kva tankar gruppa arbeidde med og når dei arbeidde med dei, samtundes som den syner korleis den politiske prosessen forma desse tankane til endeleg skrift, er å vie merksemd både til denne første skissa til rapport og den endelege. For å berede grunnen for ei slik lesing vil eg først gjere greie for forspelet og grunngevinga for at den økonomisk-politiske arbeidsgruppa tok tak i denne tematikken.

### **Opptakta til ”den förutsetningslösa genomgången”**

Den første kimen eg har funne til den kontroversielle rapporten skriv seg tilbake til april 1986. I eit notat om SAMAK-gruppas vidare arbeid datert 11. juli dette året, vert omstruktureringa av den offentlege sektor lagt fram som eit av hovudpunkta, og det er tale om ei vidareføring av diskusjonar gruppa hadde starta opp ved eit møte i Oslo 2. april. Forslaget om å føre desse diskusjonane i dette forumet etterfyl ein interessant refleksjon over det nordiske

---

sosialdemokratane i retning av ei liberal fridomsforståing, der fridom kom til å bety individuell valfridom og ein fri marknad, er ei tolking som stemmer over eins med mi forståing av kva retning SAMAK-rapporten går i. Sejersted (2007): s. 263

<sup>187</sup> SAP 1986: Den offentliga sektorn. Samhällsekonomiska frågeställningar til diskussion i SAMAK-gruppen

<sup>188</sup> SAP 1987: PM om SAMAK-gruppens fortsatta arbete.

samarbeidet: ”...en nordisk diskussion synes orsaka mindre känslostormar och är mindre tabubelagd än nationell”, skriv gruppa.<sup>189</sup> Ved SAMAK-møtet i Helsingfors det same året legg arbeidsgruppa fram ei utdjupa grunngjeving for at dei vil ta tak i dette politisk betente feltet. Dette gjer dei ved å gripe til det nordiske samarbeidets natur:

”Vi anser att det vore värdefullt att göra en sådan genomgång på ett nordiskt plan därför att våra utgångspunkter och värderingar är tillräckligt lika för att ge en solid grund för diskussioner och förslag, men våra system är ändå tillräckligt olika för att belysa problemen och stimulera till slutsatser om möjliga alternativ.”<sup>190</sup>

Men sjølv om dei nordiske diskusjonane er mindre kjenslevare og skilnadane mellom landa innbyr til samanlikning, så forklarar ikkje det åleine kvifor gruppa gav seg i kast med diskusjonar om fornying av den offentlege sektor. Kva meir ligg bak?

Det er på det reine at 80-talet representerte ei omfattande internasjonal bølge av reformer innanfor den offentlege sektor, så arbeidsgruppa gjekk inn i ein tematikk som var mykje omtala i samtida.<sup>191</sup> Samstundes er det i SAMAK-gruppas eiga grunngjeving for arbeidet tydeleg at kritikken frå høgresida har ramma det sosialdemokratiske prosjektet. Det er frykta for at den framtidige utviklinga skal skape endå betre grobotn for den borgarlege kritikken mot den offentlege sektor i høve fleksibilitets-, effektivitets- og budsjettbalansedebatten, som her vert trekt fram. ”Vi tror att det vore en dålig taktik av socialdemokratin att inte ta upp debatten och visa att både problem och lösningar i själva verket är andra än borgerligheten hävdar”,<sup>192</sup> skriv gruppa til SAMAKs Helsingforsmøte. Ønske om å rive til seg definisjonsmakta og erstatte eit passivt forsvar med ein offensiv der det ikkje er tale om å avvikle, men fornye og effektivisere, er altså tydeleg. Eit ønske som forutset ein ny kurs, og slik også er uttrykk for at den sosialdemokratiske rørsla tek kritikken inn over seg og erkjenner at sentrale delar av den nordiske modellen må omprøvast. Samstundes er medvitet om at diskusjonane er kontroversielle sterkt. ”Det är en känslig fråga för socialdemokratin därför att hävdvunnena teser i partiets ideologi ofta ifrågasätts”,<sup>193</sup> skriv gruppa i dokumentet som skal grunngje arbeidet. I mandatet den økonomisk-politiske gruppa så fekk av SAMAK heitte det at gruppa skulle gjere: ”...en behandling af omkostnings- og

---

<sup>189</sup> SAP 1986 b: PM om SAMAK-gruppens fortsatta arbete

<sup>190</sup> SAP 1986: Den offentliga sektorn. Samhällsekonomska frågeställningar till diskussion i SAMAK-gruppen

<sup>191</sup> Grøndahl og Grønlie (2004): s. 151

<sup>192</sup> SAP 1986: Den offentliga sektorn. Samhällsekonomska frågeställningar till diskussion i SAMAK-gruppen

<sup>193</sup> SAP 1986: Den offentliga sektorn. Samhällsekonomska frågeställningar till diskussion i SAMAK-gruppen

*finansieringsproblemerne med den store offentlige sektor*".<sup>194</sup> I arbeidet med dette mandatet skrifta gruppa leiar, ettersom Svend Auken tok over som partiformann for Socialdemokratiet i Danmark på etteråret i 1987. Mogens Lykketoft rykte då opp som ny leiar for den nordiske gruppa, som også hadde enkelte andre utskiftingar.<sup>195</sup> Men korleis møtte dei den utfordringa mandatet gav dei?

### **Eit førsteutkast**

Det eg vil ta tak i her er eit premoria skrive av Klas Eklund i midten av mai 1987 med tittelen: "Den offentliga sektorn. PM til SAMAKs økonomisk politiska grupp". Eklund fungerte som sekretær for arbeidsgruppa og eg forstår dette premoria som eit slags førsteutkast til rapporten "Fornya den offentliga sektorn!" som førelåg i si endelege form først tre år seinare. Det eg er oppteken av å lese ut av dette tidlege utkastet er den usminka røyndomsskildringa dokument gir og dei fornyingsforslaga Eklund presenterer som svar på denne. I tilknytning til Eklunds premoria forfatta Clas-Erik Odner eit notat med diskusjonspunkt som skulle nyttast ved gjennomgangen på arbeidsgruppas møte i Helsingfors 25. mai. Og etter å ha gått gjennom PM-et vil eg nytte desse diskusjonspunkta til å syne kva spørsmål teksten fekk arbeidsgruppa til å reflektere rundt.

Kva samtidsbilete vert så teikna av den offentlege sektor i dette tidlege utkastet? Dei to stikkorda ein kan lese ut er finansieringsvanskar og legitimitetsproblem, to aspekt som heng nøye saman slik Eklund legg det fram. Budsjettunderskota i dei nordiske landa er det tydelege teiknet på finansieringskrisa. Underskotet, som er inflasjons- og rentedrivande, vert samstundes vanskeleg å handtere når nordiske innbyggjarar syner veksande teikn til skattetryttleik. Sidan den offentlege sektor i hovudsak driv tjenesteyting, har det i tillegg synt seg vanskeleg med ein produktivitsauke som står i stil til andre sektorar, noko som ytterlegare forverrar situasjonen. Desse vanskane på den finansielle sida har så gjeve grobottn til ein veksande kritikk av det offentlege pengesluket. Det høge skattetrykket medfører at skatteytarane har store krav til det offentlege tilbodet, som på si side ikkje maktar å vere tilstrekkeleg individuelt tilpassa. Og med merksemda retta mot pengemangelen vert systemet

---

<sup>194</sup> Odhner 1989: "Udkast til følgeskrivelse til diskussionsmateriale om rapport fra SAMAKs økonomisk-politiske gruppe om fornyelse av den offentlige sektor" (mandatet gjengitt her)

<sup>195</sup> Gruppas medlemmer: Mogens Lykketoft og Poul Nyrup Rasmussen frå det danske Socialdemokratiet, Henrik Bjerre Nielsen frå dansk LO, Errki Liikanen og Raimo Sailas frå dei finske Socialdemokraterna, Peter Boldt frå finsk FFC, Gunnar Berge og Torstein Moland frå det norske Arbeidarparti, Juul Bjerke frå norsk LO, Kjell-Olof Feldt og Klas Eklund frå Socialdemokraterna i Sverige, Clas-Erik Odhner og Sven Hegelund frå svensk LO og SAMAKs sekretær Christer Ahlen.

ytterlegare sårbart for borgarleg kritikk og krav om nedskjeringar.<sup>196</sup> Konsekvensane Eklund så trekk av denne skildringa er nødvendigeita av eit paradigmeskifte i eiga rørsle. Tradisjonell sosialdemokratisk reformpolitikk har, slik han legg den fram, identifisert eit behov, konstruert eit offentleg utgiftsprogram som dekker behovet, og så trekt inn dei skattemidlar som har vore nødvendige for å dekke dette. *”Vad som nu i stället krävs – det ”paradigmskifte” som måste till – är att vi måste lära oss använda de resurser den offentliga sektorn redan förfogar över på ett mycket bättre sätt.”*<sup>197</sup> Bilete dette skal passe over eins med er den demografiske utviklinga som pressar utgiftene på helsebudsjetta oppover og eit sosialt tryggleiksnett som krev stendig meir ressursar. Eklund er difor klar over at sosialdemokratane står ovanfor ei stor utfordring når skiftet skal skje utan å avskaffe eller bygge ned velferdsstaten.

Men det som så gjer dette dokumentet så interessant, er at det i fortsettinga tek konsekvensane av det proklamerte politiske skiftet og går til åtak på mykje av det beståande. Oppgåva den offentlege sektor står ovanfor er formulert i ein terminologi som stel sine omgrep frå politiske motstandarar: Produktiviteten i den offentlege sektor må opp, og det må leggest til rette for større valfridom.<sup>198</sup> Det er på desse premissa den offentlege sektor skal fornyast og det er ingen tvil om kva rolle Eklund tiltenkjer eiga rørsle: *”Det är också alldeles nödvändigt att visa att det är vi socialdemokrater som kan göra detta bäst; just det faktum att det är vi som byggt upp den offentliga välfärden gör att vi känner ett särskilt ansvar för att utveckla och förnya den.”*<sup>199</sup> Med erkjenninga av at samfunnsutviklinga krev omfattande endringar innanfor den offentlege sektor, opnar det seg rom for grunnleggjande spørsmål. Kva oppgåver skal det offentlege ta hand om, og korleis kan produktiviteten i offentleg sektor påverkast? Og det er desse grunnleggjande spørsmåla Eklund i det vidare vil diskutere. Føremålet er ikkje å gi konkrete svar *”...utan fastmer att i allmänna – ofta provokativa – termer peka ut vilka framkomstvägar som borde vara möjliga”*.<sup>200</sup>

### **Fornyingsforslag**

Det Eklund først grip fatt i, er spørsmålet om kva oppgåver det offentlege skal ta hand om. I ein situasjon utan auke i løyvingane vil ein fort oppleve gradvis forfall om ikkje større

---

<sup>196</sup> SAP 1987: s. 2-5 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>197</sup> SAP 1987: s. 6 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>198</sup> SAP 1987: s. 5 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>199</sup> SAP 1987: s. 7 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>200</sup> SAP 1987: s. 7-8 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

strukturelle grep vert gjort. Forsvar, rettsvesen samt den allmenne undervisninga og større delar av helsevesenet er det Eklund meiner bør vere offentleg og skattefinansiert, men han ser utover det ”...inga riktigt tungt vägande argument för att så mycket mer måste organiseras offentligt och finansieras via skatterna”.<sup>201</sup> Den strukturendringa han ser føre seg, inneber slik at barneomsorga og ”kringaktivitetar” innanfor undervisning og helse ikkje treng verte drive i offentleg regi. Med atterhald om at det faktisk viser seg at kostnadane let seg presse ned på denne måten, er tanken at det innanfor offentleg verksemd i større grad skal skapast konkurranse ved hjelp av anbodsføring. I ein slik tankebane er det som her vert kalla ”mellomformer” innanfor det offentlege vegen å gå. Dette inneber private alternativ som vert finansierte av det offentlege og som konkurrerer med dei offentlege alternativa om brukarar, noko som oppfyller den todelte oppgåva auka produktivitet og større valfridom.<sup>202</sup>

Men PM-et talar også for grep som er alt anna enn nye. Eit av hovudpunkta i Per Kleppes nye nordiske modell og også i rapporten frå den kommunale arbeidsgruppa, var desentralisering, og dette er ein tråd Eklund plukkar opp. Tilnærminga er likevel ei anna, ettersom desentraliseringa er kopla direkte til mogelegheitene til å stimulere den enkelte arbeidstakar til auka innsats. Slik vert mogelegheita for eit meir prestasjonsretta lønssystem, samt større råderett over budsjett og personalrekruttering til ei mogelegheit for incitament til den enkelte: ”Kombinationen av ökat budgetansvar och prestationslöner innebär att personalen får både morötter och medel att faktiskt påverka morötternas storlek.”<sup>203</sup> Ei forutsetning for å skape dette incitamentet er at løner og andre tilsetningsvilkår vert meir likearta i offentleg og tilsvarende privat sektor, eit forslag som forklarar dei vanskanne Eklund reknar med dei offentleg tilsette sine organisasjonar vil utgjere mot endringane.<sup>204</sup>

Eit hovudpoeng i den mentalitetsendringa paradigmeskiftet må representere, er for Eklund eit mykje sterkare fokus på kostnadane. Dette gjeld ikkje berre for dei som set opp budsjetta, men er noko som må inn i det allmenne medvitet. For å oppnå dette meiner han det ”...vore en fördel om en större andel av de offentliga tjänsterna kunde avgiftsfinansieras”.<sup>205</sup> Eit slikt grep vil syne at heller ikkje dei offentlege tenestene er gratis, og med det kan omlegginga vere med å redusere køar i det offentlege tenestetilbodet.

---

<sup>201</sup> SAP 1987: s. 9 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>202</sup> SAP 1987: s. 8-11 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>203</sup> SAP 1987: s. 14 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>204</sup> SAP 1987: s. 12,7 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>205</sup> SAP 1987: s. 15 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”



To avsnitt i dette dokumentet som syner at heilt grunnleggande prinsipp i den nordiske vegen er oppe til diskusjon, er ein refleksjon om avveginga mellom generelle og selektive system. Sjølv om historikaren Klas Åmark i si komparative analyse av framveksten av den norske og svenske velferdsstaten syner at det først var godt ute i sosialdemokratiets hegemoniske fase tanken om universalitet fekk fullt gjennomslag innanfor den sosialdemokratiske rørsla,<sup>206</sup> representerte det generelle systemet kjernen i den sosialdemokratiske rørsla si sjølvforståing innanfor den tradisjonelle nordiske velferdsmodellen. Eklund skriv rett nok at det er gode grunnar til å halde på det generelle systemet, men formulerer seg så på ein måte som syner kor langt tvilen på framtida til den tradisjonelle nordiske modell har kome:

”Men om generella system prioriteras före selektiva i ett läge med finansieringsproblem, måste besparingarna göras inte genom att vissa mottagargrupper undantas från bidrag, utan genom att den allmänna bidragsnivån hålls tillbaka. Besparingar i selektiva system kan däremot ges en mycket klarare fördelningspolitisk profil.”<sup>207</sup>

Det at denne overveginga hadde snike seg inn i rekkene til dei som i fleire tiår hadde rekna seg for å vere frontkjemparane for den generelle velferdsstat, syner kor store vanskar velferdsstaten stod ovanfor i den vanskelege finansieringssituasjonen. Men er dette ein tvil som også gjennomsyrrer den interne diskusjonen av teksten?

### **Open sjølvrefleksjon**

Av diskusjonspunkta Clas-Erik Odhner utarbeidde er det tydeleg at dette er ein tematikk arbeidsgruppa angrip frå ei sjølvransakande lei. Det første og uttalt mest grunnleggande spørsmålet er formulert med orda: ”*Vilka omfördelningseffekter har den socialdemokratiska omfördelningpolitiken uppnått?*”<sup>208</sup> Sjølve grunntanken bak den omfattande og generelt innretta offentlege sektor er nettopp evna til omfordeling – at alle skal ha like rettar til utdanning, helse og bustad. I møte med dette spørsmålet tek arbeidsgruppa utgangspunkt i ein påstand fremja ved eit tidlegare møte om at slike omfordelingseffektar slett ikkje er tilstades,<sup>209</sup> eit utgangspunkt som i seg sjølv syner ei sjølvransakande og noko tvilande haldning til den offentlege sektor som utjammingsarena. Gruppa diskuterer også forutsetninga

---

<sup>206</sup> Åmark (2005)

<sup>207</sup> SAP 1987: s. 18-19 ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>208</sup> Odhner (1987): ”Diskussionspunkter om offentlig sektor. SAMAKs ek-pol kommitté Helsingfors 25/5 87”

<sup>209</sup> Denne påstanden var fremja av representantar frå FAFO som hadde teke del i diskusjonane ved arbeidsgruppa møte i desember 1986. Odhner (1987): ”Diskussionspunkter om offentlig sektor. SAMAKs ek-pol kommitté Helsingfors 25/5 87”



for Eklunds premoria: spørsmålet om ressursnivået er låst. Ved å godta denne forutsetninga, noko seinare utkast viser at dei gjorde,<sup>210</sup> er det tydeleg at den ekspansive ambisjonen som kom til uttrykk i dei to tidlegare rapportane til arbeidsgruppa er endra. Forarbeidet til rapporten ”Förnya den offentliga sektorn!” representerer slik eit klart linjeskifte i SAMAK-arbeidet.

### **Kjeldeproblem**

Måten eg her har nytta det premoria Klas Eklund forfatta 11.mai 1987 krev ytterlegare kjeldekritikk. For kva kan eg nytte dette dokumentet til å seie? Spørsmålet om teksten er representativ for diskusjonane som vart ført, er det fyrste som trenger seg på. For å understreke at dette er ein tekst som gruppa endå ikkje står samla bak, har eg konsekvent referert til Eklund i det føregåande. Samstundes er grunnen til at eg har valt å nytte nettopp denne teksten, at eg meiner den må ha fanga opp mange av dei diskusjonane som har føregått i gruppa i den tidlege fasen. Klas Eklund var arbeidsgruppas sekretær, og forfatta dette dokumentet eitt år etter at diskusjonane om den offentlege sektor tok til i Auken-gruppa. Diskusjonspunkta Clas-Erik Odhner hadde førebudd til møtet i Helsingfors, syner at dette utkastet vart grundig diskutert utan at dette endra hovudlinjene i den neste versjonen av premoriaet, som låg føre om lag eit år seinare.<sup>211</sup> Eg har valt å nytte den første versjonen for å syne kva tid desse tankane vart diskuterte i SAMAK-gruppa. Tidspunktet er avgjerande ettersom det i desse åra fann stad store kursendingar i dei nordiske sosialdemokratiske partia, og tidfestinga av når desse tankane vart lufta difor vert til eit spørsmål om kvar i prosessen denne arbeidsgruppa plasserte seg.

### **Mellomspelet**

Eg vil no nærme meg den endelege versjonen av dette arbeidet, rapporten ”Förnya den offentliga sektorn!”. Ein føresetnad for måten eg les denne på er at eg først skisserer eit riss av mellomspelet som fann stad mellom dei to tekstane. Etter fleire møte forfatta arbeidsgruppa eit rapportutkast til SAMAKs årlege møte på Sørmarka ved Oslo i januar 1989. Rapporten vart her oppfatta som så kontroversiell at den ikkje kunne publiserast utan ytterlegare ryggdekning, og det vart difor beslutta at den skulle diskuterast internt i

---

<sup>210</sup> Kan lese dette ved at premisse framleis ligg til grunn for den andre versjonen av dokumentet. Odhner (1988): ”Den offentliga sektorn. PM til SAMAKs økonomisk-politiska grupp Version 2”

<sup>211</sup> Odhner (1988): ”Den offentliga sektorn. PM til SAMAKs økonomisk-politiska grupp Version 2”

medlemsorganisasjonane før ferdigstilling og eventuell offentleggjering.<sup>212</sup> Før det kom så langt lak rapporten ut i svensk og seinare dansk presse, der det frå fleire hald vart retta kritikk mot rapporten fordi den, slik Mogens Lykketoft samanfatta kritikken, ”... *i for høj grad fraviger tankegange, som man ellers gennem generationer har været overens om i den nordiske socialdemokratiske arbejderbevægelse*”.<sup>213</sup> Privatiseringstankane og den oppvurderinga av forbrukarinteressene som rapporten representerte fall særleg i dårleg jord i Sverige, der også svensk LO gjorde det klart at dei tok avstand frå rapporten.<sup>214</sup> Uroa førte til at fleire av arbeidsgruppass representantar måtte rykke ut i media for å forsøke å stille stormen.<sup>215</sup> Rapportutkastet vart så sendt rundt til SAMAKs medlemsorganisasjonar for tilbakemeldingar før ferdigstillinga. I føreordet til den endelege rapporten omtalar Mogens Lykketoft desse diskusjonane som til tider ”meget skarpe”. Utan at arbeidsgruppa meiner dei har teke bort sjølvransakinga det utkastet som vart sendt rundt representerte, så skriv han at ”Arbejdsgruppen har lyttet til kritikken og taget meget af den til efterretning gennem ændringer i formuleringerne”.<sup>216</sup> ”Förnya den offentliga sektorn!” vart så behandla på SAMAK-møtet i København i midten av januar 1990, eit møte som valde å ”...godkänna rapporten utan eget ställningstagande”.<sup>217</sup>

### **”Förnya den offentliga sektorn!”**

Det eg så vil lese ut av ”Förnya den offentliga sektorn!” er i første omgang korleis rapporten vert presentert. Kva har medieomtalen og dei kritiske tilbakemeldingane frå medlemsorganisasjonane gjort med måten gruppa legg fram sitt arbeid på? Eg er altså oppteken av å sjå korleis det endelege resultatet vert ramma inn og legitimert. Vidare vil eg halde den endelege rapporten opp mot det tre år eldre premoria, for å sjå om fornyingsforslaga framleis er dei same.

---

<sup>212</sup> Odhner (1989): ”Udkast til følgeskrivelse til diskussionsmateriale om rapport fra SAMAKs økonomisk-politiske gruppe om fornying av den offentlige sektor”, samt opplysningar frå intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 18 i det transkriberte intervjuet. Det rapportutkastet som lak ut i pressa har ikkje eg hatt tilgjenge til i dette arbeidet, men det er grunn til å tru at utkastet var ein bearbeida versjon av det premoria som eg her har nytta. Dagens Nyheter, som var avisa som først fekk tak i rapporten, trykte dagen etter dei første oppslaga ”... *ett par centrala delar av rapporten i deras helhet*.” Held ein desse saman med PM-et, ser ein at mykje av teksten er identisk. Dagens Nyheter 7. februar 1989 (”De känsliga formuleringarna”) halde saman med SAP 1987: frå side 9: ”Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp”

<sup>213</sup> Odhner (1989): ”Udkast til følgeskrivelse til diskussionsmateriale om rapport fra SAMAKs økonomisk-politiske gruppe om fornying av den offentlige sektor”

<sup>214</sup> Dagens Nyheter 7. februar 1989 (”Tankar långt från partiet”)

<sup>215</sup> Uroa førte mellom anna til at Klas Eklund skreiv ein kronikk i Aftonbladet saman med Rune Molin, som var adre ordförande i svensk LO og ein av dei som hadde gått ut med krass kritikk mot rapporten, for å syne samhold og vise at dei var samde om dei viktigaste linjene. Aftonbladet 18 februar 1989 (”Vi måste ompröva medeln!”)

<sup>216</sup> SAMAK (1990): s. 4

<sup>217</sup> SAMAK (1990): s. 5

”Förnya den offentliga sektorn!” vert i si endelege form presentert med eit ganske anna andlet enn sin forgjengar. Her er det ikkje tale om noko paradigmeskifte. Sjølv om gruppa held fast ved at grunnleggande endringar må til, så er ho oppteken av å tolke desse som ei forlenging av det sosialdemokratiet har oppnådd i dei nordiske landa. Og det er med dette føremålet for auge gruppa innleiingsvis plasserer rapporten i den diskursen denne oppgåva omhandlar: Arbeidet er eit forsvar for den nordiske modellen. Den generelle velferdspolitikken har gjeve like rettar til det offentlege tilbodet og hindra det klasseskiljet andre land er prega av. Det er”... *en avgörande seger för den nordiska socialdemokratins samhällsmodell. Därför kommer den nordiska arbetarrörelsen alltid att med kraft slå tillbaka de konservativa krafternas försök att rusta ned den offentliga sektorn*”.<sup>218</sup> Slik eg den nye innraminga av rapporten er det også tydeleg at SAMAK vil presentere krava om større valfridom i møte med det offentlege som ein siger for den generelle velferdspolitikken. Mogelegheita for å kunne velje har opna seg fordi det sterke samfunnet har skapt den grunnleggande tryggleiken folk treng for friare utfolding. Eit interessant poeng ved presentasjonen av rapporten er også at arbeidsgruppa, med bakgrunn i tilbakemeldingane frå medlemsorganisasjonane, har valt å understreke skilnader i forutsetningane for fornying i dei nordiske landa. Med det gjer dei det klart at forslaga kan gjelde landa i noko ulik grad.<sup>219</sup>

Mogens Lykketoft er også avvepnande i sitt føreord, der han understrekar at dei kritiske synspunkta som kjem til uttrykk i rapporten, ikkje er retta mot dei offentleg tilsette eller deira organisasjonar. Samstundes er han oppteken av å få fram at arbeidet ikkje skal forståast som ei samling endelege svar, men derimot som spørjeteikn til tilvante førestellingar, spørjeteikn som kan vere med å skape debattar som sikrar bevaring av dei nordiske velferdssamfunna.<sup>220</sup> Den ”bitre pillen” vert altså sukra innleiingsvis, noko ein også kan sjå i noko mindre absolutte krav om rammefrys. Eller sidan ved å understreke at omgrepa effektivitet og produktivitet eigentleg tyder å ”*göra rätt saker*”, og ”*göra saker rätt*”.<sup>221</sup> Men har desse rundare kantane fjerna den politiske brodden i rapporten?

---

<sup>218</sup> SAMAK (1990): s. 8

<sup>219</sup> SAMAK (1990): s. 4, 10-11. Med denne understrekinga av skilnadane mellom dei nordiske velferdssamfunna i den politiske samanhengen, nærmar SAMAK-rapporten seg forståinga av ”Ein nordisk modell med fem unntak”, som vert omtala i den historiske forskingslitteraturen. Christiansen m.fl. (2006)

<sup>220</sup> SAMAK (1990): s. 4

<sup>221</sup> SAMAK (1990): s. 18

Ser ein til tankane om privatisering, så er hovudlinjene framleis dei same. Konkurransen og kostnadskontrollen skal aukast ved i større grad å skilje mellom finansierings- og verksemdsansvar. Det gjeld både ved bruk av private aktørar og innanfor offentleg sektor.<sup>222</sup> På dette området er det mest ei klargjering som har funne stad, der ”Förnya den offentliga sektorn!” talar for ei pragmatisk tilnærming og er tydelegare på kva denne privatiseringa inneber.<sup>223</sup> Heller ikkje dei andre forslaga som Eklund presenterte i den tidlege versjonen, har forsvunne i den endelege rapporten. Endringane mellom dei to tekstane ligg hovudsakleg i presentasjonen, og i den noko djupare gjennomgangen den endelege rapporten gir rom for, ei utviding som også inneber fleire refleksjonar. Verdt å trekke fram er i så høve politikaren si rolle som erstattar for borgaren i møte med det offentlege apparatet, ei rolle som inneber å ta denne si stilling også mot apparatet om det trengst. I konflikter mellom det som i den økonomiske sjargongen her vert kalla produsentinteresser og konsumentinteresser, trengst ei ny tilnærming: ”...vi bör i högre grad än tidigare sätta konsumentintressena främst”.<sup>224</sup>

Ved inngangen til analysen av Eklunds premoria nemnde eg kort at det på 80-talet gjekk ei bølge av omfattande reformering av den offentlege sektor over den vestlege verda. Desse strøymingane har vorte kjende under samlenemninga ”New Public Management”.<sup>225</sup> Det er eit viktig poeng at den orienteringa mot brukaren, konkurransetenkinga og opninga for å skilje statens finansierings- og verksemdsansvar som SAMAK talar for i sin rapport, har mange likskapstrekk med desse internasjonale politiske strøymingane.

Etter at eg no har synt kva tankar som strøymde innanfor SAMAK-systemet om fornying av den offentlege sektor, vil eg ta eitt steg vidare. Spørsmålet eg er oppteken av, er om det er mogeleg å spore impulsar frå den nordiske tenketanken i nasjonal politikktutforming.

### **SAMAK-impulsar i norsk programarbeid?**

I utforminga av dei to kapitla som omhandlar rapportane til den økonomisk-politiske arbeidsgruppa, har eg lagt stor vekt på samtalane med Gunnar Berge. Slik han i dag vurderer arbeidet med rapporten ”Förnya den offentliga sektorn!”, ser han dette som eit pionerarbeid.

---

<sup>222</sup> SAMAK (1990): s. 31

<sup>223</sup> Grupa peikar faktisk her mot det norske Arbeidarparti sitt program for å syne kva haldning som bør råde: ”Oppgaver som en gang har vært offentlige, trenger ikke alltid være det. På samme måte som ikke heller private oppgaver for alltid må løses privat. Valget mellom offentlig eller privat drift må gjøres ut fra hv som best tjener brukernes og samfunnets interesse” er formuleringa dei siterer frå dette programmet. SAMAK (1990): s. 32

<sup>224</sup> SAMAK (1990): s. 23

<sup>225</sup> For ei kort oversikt over desse strøymingane og ein nærmar forklaring av kva som ligg i ”New Public Management”, sjå Christensen (2006)

Sjølv om ein i praktisk politikk allereie hadde teke grep i retning av privatisering og "outsourcing", så meiner han forsøket på å formulere politikk som tok sikte på nettopp dette, representerer eit nybrotsarbeid i den sosialdemokratiske rørsla.<sup>226</sup> Denne påstanden gjer det interessant å spørje om diskusjonane i arbeidsgruppa kan ha spelt ei rolle for den norske politikktutforminga. Ein slik påverknad kjem i dag ikkje tydeleg til uttrykk i den historiske litteraturen om dei nye tankane som strøymde i Arbeidarpartiet i den siste halvdel av 80-talet.<sup>227</sup> Det som representerer problemet ved eit slikt spørsmål, er den politiske tankes natur. Den har ingen opphavsrett, og politikk er på mange måtar spelet om å knyte og fråseie seg eigarskap til politisk tankegods. Når eg likevel meiner å kunne hevde at impulsar frå den økonomisk-politiske arbeidsgruppa og SAMAK spelte ei viktig rolle, så er det med støtte frå Gunnar Berge:

"...sjølv om det ikkje er sporbart heile vegen, så vil du finne adskillig felles tankegods her, viss du går inn og studerer dei partiprogramma og økonomiske strategidokumenta i den perioden du nemner no. Og særleg viss du går tilbake til perioden frå 87 og utover spesielt, så oppstod det ein diskusjon i Arbeidarpartiet om nettopp økonomi. Einar Førde var veldig sentral i den debatten og Thorbjørn Jagland. Og i ettertid så er det alltid nokon som vil ta æra, og særleg Thorbjørn Jagland har vore ganske flink til det. Men veldig mykje av ideane kom herifrå og Gro Harlem Brundtland var like mykje for dette ho som Thorbjørn Jagland."<sup>228</sup>

### ***Linjeskifte til syne i arbeidsprogramma***

For å studere nærmare dette bandet mellom nordiske diskusjonar og Arbeidarpartiets politiske utvikling, kan det avgjerande spørsmålet om kva oppgåver den offentlege sektor skal ta hand om fungere som ein "lakmustest". I arbeidsprogrammet "Ny vekst for Norge" som Arbeidarpartiet vedtok på landsmøtet i 1985 kan ein lese: *"Velferdssamfunnets oppgaver kan ikke løses gjennom privatisering. Overføringer av flere oppgaver til private, til familien og økt bruk av egenandeler fører til større ulikhet, økt classeskille og konflikter mellom enkelte mennesker og grupper."*<sup>229</sup> Sjølv om modernisering av offentleg sektor representerer eit av ti hovudsatsingsområde for arbeid og velferd i dette programmet, så er det altså tale om ei tradisjonell tilnærming til spørsmålet om delinga mellom offentleg og privat. Fire år seinare, etter at Arbeidarpartiet har sete med makta i tre år og leia landet gjennom ein dramatisk økonomisk hestekur, vart arbeidsprogrammet "Krav til innsats for felles framtid" vedteke.

---

<sup>226</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 18-19 i det transkriberte intervjuet. Det klare brotet rapporten representerte i forhold til dei tidlegare rapportane frå den økonomisk-politiske arbeidsgruppa, syner at det iallfall er tale om eit nybrotsarbeid i SAMAK-samanheng.

<sup>227</sup> Verken Nyhamar (1990), Tjernshaugen (2006) eller Benum (1998) verkar å sjå etter slike impulsar.

<sup>228</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 18-19 i det transkriberte intervjuet.

<sup>229</sup> I "Ny vekst for Norge" Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1986-1989 vedteke på landsmøtet i 1985: s. 30

Sjølv om privatisering av offentlege tenester framleis er trekt fram som ei uønska utvikling fleire stader,<sup>230</sup> er det ein ambivalens i programmet som slepp nye tonar fram. *”Oppgavene som en gang har vært offentlige trenger ikke alltid være det. På samme måte som heller ikke private oppgaver for alltid må løses privat. Valget mellom offentlig eller privat drift må gjøres ut fra den driftsform som best tjener brukernes interesser.”*<sup>231</sup> Her ser vi altså skissert ei pragmatisk tilnærming til delinga mellom offentlig og privat. Dette er også det same sitatet som den økonomisk-politiske arbeidsgruppa valde å ta inn som føregangseksempel for kva haldning som burde råde i spørsmålet om kva som bør drivast av det offentlege i sin endelege rapport.<sup>232</sup>

Denne haldningsendringa i høve veginga mellom offentlig og privat drift, let seg også spore i arbeidsprogramma i andre tilnærmingar til den offentlege sektor. *”Ny vekst for Norge”* frå 1985, som nok ber preg av at Arbeidarpartiet hadde sete fire år i opposisjon, uttrykk eit klassisk ønske om å nytte offentlig sektor for å møte den veksande arbeidsløysa. Her kan ein lese at: *”For å skape arbeidsplasser til de som ønsker det, skal utbygginga av offentlige tjenester gjøres til en drivkraft i norsk økonomi.”*<sup>233</sup> Dette står i kontrast til budskapen i *”Krav til innsats for felles framtid”* frå 1989, der ein mellom anna kan lese: *”Alle de nye behovene kan ikke dekkes gjennom større bevilgninger. Det betyr at vi må stille store krav til ressursutnyttningen innenfor den offentlige sektoren.”*<sup>234</sup> Parallellen til den økonomisk-politiske arbeidsgruppa sine tankar kjem også klart fram vidare i programmet, der det står at: *”Økt konkurranse og variasjon i tilbudene innenfor den offentlige sektor kan være nødvendig for å gi brukere mulighet til å velge mellom likeverdige tilbud.”*<sup>235</sup> Det er altså tydeleg at det i tidsrommet mellom dei to arbeidsprogramma har funne stad ei markert dreining i Arbeidarpartiets programmatisk profil. Er det mogeleg å nærmare bestemme når denne dreininga fann stad?

---

<sup>230</sup> Ser dette i formuleringar som: *”Forskjellen mellom de som har og de som ikke har tilgang på fellesgoder må reduseres. Dette krever at vi produserer flere fellesgoder mer effektivt. På denne måten blir privatisering uaktuelt.”* s. 33 og *”[Arbeiderpartiet vil]Arbeide for at ressursene utnyttes og arbeidet organiseres på en slik måte at privatisering av offentlige tjenester unngås.”* s. 34 i *”Krav til innsats for felles framtid”* Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1990-1993 vedteke på landsmøtet i 1989

<sup>231</sup> I *”Krav til innsats for felles framtid”* Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1990-1993 vedteke på landsmøtet i 1989: s. 34

<sup>232</sup> SAMAK (1990): s. 32

<sup>233</sup> I *”Ny vekst for Norge”* Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1986-1989 vedteke på landsmøtet i 1985: s. 12

<sup>234</sup> I *”Krav til innsats for felles framtid”* Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1990-1993 vedteke på landsmøtet i 1989: s. 33

<sup>235</sup> I *”Krav til innsats for felles framtid”* Arbeidarpartiets arbeidsprogram for perioden 1990-1993 vedteke på landsmøtet i 1989: s. 34



## *Dei nye tankane*

Landsmøtet i 1987 og Einar Førdes presentasjon av valmanifestet for den komande kommunevalkampen vert ofte presentert som randpunktet for fornying innanfor denne fireårsperioden. Frå talarstolen held Førde fast ved at partiet måtte vere kompromisslaust i sitt forsvar for fellesskapsløysingar på grunnleggande områder som utdanning, helse og sosial tryggleik. *”Men når det gjeld alle andre område av samfunnslivet, vil eg tilrå at vi blir mindre dogmatiske. Vi er ikkje mot konkurranse. Vi er heller ikkje mot ikkje-offentlege organisasjon- og eigarformer”*,<sup>236</sup> var den nye budskapen. I forslaget til valmanifest blei skjeringpunktet mellom offentleg og privat omtalt slik: *”Valget mellom offentlig eller privat drift må gjøres ut fra den driftsform som best tjener målet. Brukernes behov skal settes i sentrum.”*<sup>237</sup> I debatten om valmanifestet, der denne formuleringa sto sentralt i høve spørsmålet om privat barnehagedrift, retta Liv Nilsson, leiar i Kommuneforbundet og sentralstyremedlem i Arbeidarpartiet, kritikk mot den avideologiseringa av verkemiddela denne formuleringa representerte.<sup>238</sup> Ho føreslo samstundes ei kompromissformulering, som vart ståande, der det heiter at: *”Valget mellom offentlig og privat drift må gjøres ut fra den driftsform som best tjener brukernes behov.”*<sup>239</sup>

Karen R. Tjernshaugen undersøker i masteroppgåva ”Hellige kyr på slaktebenken. Nyorienteringa i Arbeiderpartiet på 1980-tallet” partiets programmatisk utvikling dette tiåret. Ho meiner det er tale om ei utvikling med to klare brot som skaper ein pendelrørsle snarare enn ei linjær utvikling. Partiet nærma seg sentrum i sine programvedtak i 1981,<sup>240</sup> og Tjernshaugen meiner det første brotet kjem med valnederlaget det same året, som førte Arbeidarpartiet tilbake til ein meir tradisjonell venstrepolitikk. Det andre brotet legg ho til lanseringa av ”Aksjon Frihet”, ein kampanje initiert av partileiinga etter valet hausten 1985. Den tok sikte på å gjenerobre fridomsomgrepet frå høgrekreftene i samfunnet. Fridomsdebatten prega Arbeidarpartiet heile den påfylgjande stortingsperioden og Tjernshaugen hevdar den representerer opptakta til det avgjerande landsmøtet i 1987.<sup>241</sup>

---

<sup>236</sup> Gjengitt i Nyhamar (1990): s. 526

<sup>237</sup> Gjengitt i Nyhamar (1990): s. 526

<sup>238</sup> Terjesen (1997): s. 277

<sup>239</sup> Gjengitt i Nyhamar (1990): s. 526

<sup>240</sup> Tjernshaugen omtalar Langtidsprogrammet den første Brundtland-regjeringa la fram fram i 1981, som eg i det andre kapitlet i denne oppgåva har omtala som ei viktig inspirasjonskjelde for modellartikuleringa til Kleppegruppa, som programmet som gjekk lengst i denne retninga. Tjernshaugen (2006): s. 36-38

<sup>241</sup> Det er interessant å merke seg at denne utviklinga passar godt over eins med utviklinga mi oppgåve syner innanfor SAMAK. Her går pendelrørsla frå innrømmingane Kleppegruppa gjorde i møte med motkreftene via



Fridomskampanjen innebar eit ønske om å sette enkeltmenneske i sentrum og gi brukarane av den offentlege sektor større valfridom. I samband med kampanjen vart det også framheva at den offentlege sektor var for lite effektiv, og det vart diskutert alternative strategiar til privatisering der det ikkje lenger nytta å rope etter meir stat.<sup>242</sup> Arkitekten bak denne fridomskampanjen var Thorbjørn Jagland som frå 1986 var konstituert som partisekretær. Om dette initiativet seier han:

”Jeg(...) hadde hatt en god del kontakt med andre partier i de nordiske land, men også en del andre partier med en sosialistisk plattform, og så at de jobbet med lignende spørsmål. Jeg skrev da et notat til partiledelsen om disse tingene som de fattet interesse for. Så ble jeg satt til å jobbe videre med det, og så utkrystaliserte dette seg.”<sup>243</sup>

Dette er ein kommentar som absolutt peikar i retning av at det nordiske perspektivet har noko føre seg.

### *Parallell kronologi*

Baktanken med denne grundige omtalen av partiprogramma er å syne at det utkrystaliserer seg ein parallell kronologi med det bilete eg har teikna av tankestraumen innanfor SAMAK. I spørsmålet om impulsar er det den politiske diskusjonen som står sentralt, og slik SAMAK fungerer, der arbeidsgrupper vert sett ned og undervegs avlegg rapportar til leiarmøte og partisekretærmøte og tek med seg heim igjen perspektiv frå desse diskusjonane, så er det ikkje offentleggjeringa av rapportane som representerer utgangspunkta for impulsane. I arbeidet til den kommunale gruppa representerer fokuset på fridomsomgrepet og valfridom i møte med den offentlege sektor ein parallell til fridomsdiskusjonen i ”Aksjon Frihet” i Arbeidarpartiet. Og utarbeidinga av valmanifestet for 1987 og arbeidsprogrammet vedteke i 1989 gjekk parallelt med diskusjonane i den økonomisk-politiske arbeidsgruppa, og det med tankegods som ligg svært tett opp mot kvarandre.

Omstillingsprosessen i Arbeidarpartiet på 80-talet var initiert frå toppen.<sup>244</sup> Ser ein kven som frå norsk side tok aktivt del i SAMAK-arbeidet er det i seg sjølv eit argument for å hevde at nordiske impulsar må ha spelt ei rolle. Einar Førde leidde ei arbeidsgruppe som fram mot Arbeidarkongressen i 1986 skulle sjå på retningslinjene for det nordiske sosialdemokratiske

---

Auken-gruppas radikale rapportar, til det linjeskifte arbeidet ”Förnya den offentliga sektorn!” utgjer. Også her kan ein altså tale om to brot.

<sup>242</sup> Tjernshaugen (2006): s. 53-65

<sup>243</sup> Intervju med Thorbjørn Jagland gjengitt i Tjernshaugen (2006):s. 59

<sup>244</sup> Nyhamar (1990) s. 523, Tjernshaugen (2006) s. 88

samarbeidet, og finansminister Gunnar Berge sat som aktiv medlem i den tyngste arbeidsgruppa. Thorbjørn Jagland gjekk frå å vere utredningssekretær til stillinga som partisekretær i 1986 og utgjorde då saman med sine nordiske kollegaer gruppa som planla dei ulike SAMAK-møta, og Gro Harlem Brundtland var som leiar av partiet med i leiarmøta og dei årvisse SAMAK-møta. Toppleiinga i Arbeidarpartiet var med andre ord godt kjent med det arbeidet som føregjekk innanfor rammene av SAMAK-samarbeidet, og det ville vere oppsiktsvekkande om ikkje leiinga i dei nordiske sosialdemokratiske partia fekk og gav politiske impulsar i diskusjonar om i stor grad likearta politiske utfordringar.

Eg meiner at denne parallelle kronologien viser at SAMAK-arbeidet må vektleggast i forklaringane bak nyorienteringa som fann stad i Arbeidarpartiet. Ei slik forståing vert underbygd av Gunnar Berge i det han omtalar impulsane frå den økonomisk-politiske arbeidsgruppa og SAMAK-arbeidet som viktige inspirasjonskjelder til den nyorienteringa som fann stad. Også Thorbjørn Jaglands kommentar om dei nordiske anane til fridomskampanjen går over eins med eit slikt syn. For å utfylle dette bilete ytterlegare må nok også internasjonale påverknadskanalar med, men det ligg utanfor ramma for denne oppgåva å gå nærare inn på desse.

At rapporten "Förnya den offentliga sektorn!" framleis var kontroversiell då den stod ferdig i 1990 går fram av ein krass avispolemik mellom Gunnar Berge og Steinar Gullvåg frå norsk Kommuneforbund.<sup>245</sup> Gullvåg fortel i etterkant at han i ordhøggeriet eigentleg målbar leiar Liv Nilssons kritikk av rapporten, noko som gjer polemikken til eit ekko frå debatten på landsmøtet i 1987.<sup>246</sup> Gullvåg rettar her kritikk mot det ropet etter valfridom rapporten representerer, noko han meiner angrip likskapstanken i samfunnet. "*Det er offentlig sektor som i første rekke har forvaltet likhetsprinsippet. (...) Derfor er det så farlig når talsmenn for den bevegelsen som har båret fram likhetstanken, begynner å tvile på den*",<sup>247</sup> kan vi her lese, og rapporten er del av noko som "...må betegnes som rene høyreavvik".<sup>248</sup> Berge forsvarer SAMAK-rapporten på ein måte som underbygg forståinga eg her har målbore: "*Når vi har gått inn på spørsmålet om valgfrihet, så er det ikke ideologisk betinget, men som et virkemiddel for å kunne oppnå større effektivitet og bedre kvalitet*".<sup>249</sup> Avispolemikken syner

---

<sup>245</sup> Innlegga er å lese i Dagbladet 18. mai, 1. juni, 20. juni og 29. juni

<sup>246</sup> Opplysningar giv i e-post frå Steinar Gullvåg til underteikna 18.08.2007

<sup>247</sup> "Valgfrihet for hva?" i Dagbladet 18. mai 1990

<sup>248</sup> "Valgfrihet for hva?" i Dagbladet 18. mai 1990

<sup>249</sup> "Valgfrihet for hva?" i Dagbladet 1. juni 1990

at det innanfor delar av fagrørsla var sterk motstand mot den nye økonomiske linja og at desse verka som bremseklossar i initieringa av politikken. Dette stemmer også godt overeins med konklusjonen Karen R. Tjernshaugen dreg når det gjeld fagrørslas rolle i nyorienteringa i Arbeidarpartiet.<sup>250</sup>

Frå dette arbeidet retta mot fornying av den offentlege sektor, skal merksemda no rettast mot utfordringane den europeiske integrasjonsprosessen utgjorde for forståinga av ein nordisk modell inn på 1990-talet.

---

<sup>250</sup> Tjernshaugen (2006): s. 91

## 5. Den nordiske modellen i møte med europeisk integrasjon

Våren 1990 var det dukka for den 18. Nordiske Arbeidarkongress i Helsingfors i Finland. Lyset hadde trengt gjennom jarnteppets skugge og Paavo Lipponen nytta heile sin velkomsttale til å føreslå at Noreg, Sverige og Finland samstundes skulle søke om medlemskap i EF.<sup>251</sup> Forslaget frå Lipponen, som då ikkje hadde nokon spesielt framskoten posisjon i det finske partiet,<sup>252</sup> kom som lyn frå klar himmel og vart sett som svært lite realistisk mellom delegatane. Berre eit par år seinare hadde det nærast latterleggjorte forslaget vorte til fast realitet, ei utvikling som syner den politiske nyorienteringa som fann stad desse åra.<sup>253</sup> Spørsmålet dette kapitlet kvervlar rundt er kva denne vendinga mot Europa fekk å seie for forståinga av modelltanken innanfor SAMAK. Dette er eit spørsmål eg vil studere over eit noko lengre tidsspenn enn tilfellet har vore i tidlegare kapittel, og framstillinga vil ta føre seg tre SAMAK-rapportar utarbeidd gjennom 1990-talet. Utlesinga er interessant å halde opp mot forståinga som kjem til uttrykk i artikkelen Urban Lundberg har skrive og eg vil både under vegs og i kapitlets konklusjon syne korleis mitt arbeid posisjonerer seg i høve Lundbergs konklusjonar.

For å få fram utviklinga av modelltanken vil eg først ta utgangspunkt i rapporten ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa”, som vart utarbeidd av sekretariatet i SAMAK i 1991. Rapporten skulle skildre den nordiske samfunnsmodellen og korleis den europeiske integrasjonsprosessen påverka denne, og er bygd opp rundt eit knippe sentrale særtrekk. Fremst i rekka av desse står sysselsettingspolitikken og eg fylgjer dette bandet vidare i kapitlet ved å syne korleis SAMAK møtte arbeidsløyseproblematikken. Med rapporten ”Sett Europa i Arbeid!” i 1993 utarbeidde SAMAK eit breitt svar, der kampen mot arbeidsløysa vart sett i eit politisk heilskapsbilete. Rapporten gav europeisk gjenklang, og ved å studere korleis SAMAK nytta dette arbeidet i Europa og resepsjonen det fekk, vert det mogeleg å syne korleis nordiske sosialdemokratar fremja den nordiske dimensjonen i den europeiske integrasjonsprosessen. Desse ringverknadane av det nordiske samarbeidet har fått lite merksemd i tidlegare forskning, og frå mitt utgangspunkt i analysen av SAMAK-rapporten, kan eg her tilføre ny kunnskap. Eg vil så nytte ein modellrefleksjon SAMAKs velferdsgruppe

---

<sup>251</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 19 i det transkriberte intervjuet.

<sup>252</sup> Lipponen hadde sete i Riksdagen i perioden 1983-87, men var i perioden 1989-91 direktør for Finlands utenrikspolitiske institutt. I 1993 vart han leiar for det finske sosialdemokratiske partiet og etter valsigeren i 1995 også stasminister i Finland.

<sup>253</sup> Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007: s. 19 i det transkriberte intervjuet.

utarbeidde hausten 1998 til å perspektivere modelltanken og utviklinga av denne gjennom 90-talet.

### Europeisk integrasjon

Byrjinga av 90-talet representerte ein raskt akselererande integrasjon mellom dei Vest-Europeiske landa samt ei opning av Sentral- og Aust-Europa. Og innanfor SAMAK vaks medvitet om at det europeiske samarbeidet spelte ei stendig viktigare rolle også for rammene i den nasjonale politikkkutforminga.<sup>254</sup> Tidleg i denne prosessen, under dei pågåande forhandlingane mellom EFTA og EF om ein felles EØS-avtale, uttrykte Thorbjørn Jagland, ovanfor parti- og LO-sekretærmøtet i SAMAK i desember 1990, behovet for "... *en gemensam diskussion om innebörden av den nordiska modellen i perspektivet av en ny europeisk situation*".<sup>255</sup> Behovet for ein slik diskusjon vart så til eit forslag ovanfor det ordinære SAMAK-møtet i januar 1991 om å utarbeide ein rapport om den nordiske samfunnsmodellen i lys av den europeiske integrasjonsprosessen.

I dokumentet "Utredning om den "nordiske modell" i et europeisk perspektiv" som vart lagt fram for januar møtet, kjem tanken bak initiativet klart fram:

"Rapporten bør dels være et bakgrunnsdokument som bidrar til å avklare en del av spørsmålene om den nordiske samfunnsmodellens stilling i forhold til det øvrige Europa og dels et politisk dokument som kan være et felles nordisk manifest med hensyn til hva vi ønsker å ta vare på i den europeiske integrasjonsprosessen, og hva vi aktivt vil bidra med i Europa-samarbeidet..."<sup>256</sup>

I dokumentet vert det vidare føreslått å ta utgangspunkt i arbeid som allereie er gjort for å definere den nordiske samfunnsmodellen, og at dette kan settast opp mot ordningane innanfor EF. Og det vert her særleg vist tilbake til den modellformuleringa Per Kleppe stod i spissen for.<sup>257</sup> SAMAKs nye sekretær, Frode Forfang, fekk i oppdrag å utarbeide rapporten i samarbeid med medlemsorganisasjonane, og han kunne, etter å ha fått tilbakemelding frå representantar frå dei ulike parti og LO-organisasjonar, ferdigstille rapporten "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa" hausten 1991.<sup>258</sup>

---

<sup>254</sup> SAMAK 1992 (1): "Uttalelse om Norden i Europa" frå SAMAKs ordinære møte 16-17 januar 1992

<sup>255</sup> SAMAK 1990 (1) "Protokoll- fört vid gemensamt möte mellan partisekreterarna och LO-företrädarna den 12-13 december 1990, Köpenhamn, Danmark."

<sup>256</sup> SAMAK 1991 (1): "Utredning om den "nordiske modell" i et europeisk perspektiv"

<sup>257</sup> SAMAK 1991 (1): "Utredning om den "nordiske modell" i et europeisk perspektiv". Sjå kapittel 2 i denne oppgåva for ein nærmare gjennomgang av modellformuleringa Per Kleppe stod i spissen for.

<sup>258</sup> SAMAK 1992 (5): Verksamhetsberetning 1991

## Den nordiske samfunnsmodellen og Europa

Utgangspunktet for modellarbeidet Per Kleppe leidde på byrjinga av 80-talet var spørsmålet om ein i nordisk samanheng, trass styringsvanskane mellom anna internasjonaliseringa førte til, kunne skape ein modell som skilde seg ein del frå den andre vestlege land hadde valt.<sup>259</sup> Svaret frå Auken-gruppa var at eit utdjupa nordisk samarbeid, med ein koordinert ekspansjonspolitikk og inntektspolitikk som inflasjonsbremsande tiltak, representerte ei slik mogelegheit. Der Kleppegruppa talte for innrømmingar i møte med motkreftene, gjekk Auken-gruppa tilbake på barrikadene for å syne avgrunnen mellom det nordiske sosialdemokratiske prosjektet og det borgarlege alternativet. Med Mogens Lykketoft i leiarsetet for den økonomisk-politiske gruppa og fornying av den offentlege sektor som hovudtema, såg vi igjen pendelen svinge. Grunnlaget for den nordiske modellen, den omfattande offentlege sektor, trong sårt fornying og det vart talt for pragmatiske og avideologiserte verkemiddel. Og sjølv om SAMAK manar til ein ny offensiv for arbeidarrørsla i sitt program "Hela Nordens Framtid" til den 18.arbeidarkongressen i Helsingfors, og meinte den europeiske utviklinga gav ei opning for sosialdemokratiske svar,<sup>260</sup> så er det tydeleg at trua på ein eigen nordisk veg var svekka mellom nordiske sosialdemokratar på terskelen til 90-talet. Spørsmålet her vert korleis SAMAK presenterte si nye modellartikulering i dette bilete.

I motsetning til Kleppegruppas arbeid, og kanskje særleg modellforståinga som ligg til grunn for Auken-gruppas rapportar, så representerer ikkje "Den Nordiske samfunnsmodellen og Europa" ei modellartikulering som er prega av eller bygd opp kring nordisk politisk polarisering. Det er ikkje lenger i lys av trugsmålet frå borgarlege parti og høgrebølgje modellen vert presentert og forsvart. Sjølv om det innleiingsvis vert lagt vekt på sosialdemokratisk tenkemåte og ideologi som grunnlag for modellen, og understreka at sosialdemokratiet er sterkare utfordra enn før, så går ikkje rapporten inn i ein politisk polemikk frå dette startpunktet.<sup>261</sup> Den forsøker å gi eit riss av dei sentrale nordiske trekka og syne korleis desse framstår i møte med det øvrige Europa. Slik vert rapporten interessant å

---

<sup>259</sup> PKL 1981: s. 5 "Arbeiderbevegelsen i 1980-årene. Sammendrag av Per Kleppe`s innlegg på SAMAKs møte på Bommersvik 15.-16 mai 1981

<sup>260</sup> Programmet "Hela Nordens Framtid" var utarbeidd av ein programkomite leidd av Pertti Paasio frå Finlands sosialdemokratiske parti (SPD) til den 18. Nordiske Arbeidarkongress i Helsingfors i 1990 på oppdrag frå SAMAK-møtet i januar 1989. SAMAK (1990) b

<sup>261</sup> SAMAK (1991): s. 4-5 Sjølv om sosialdemokratiet er sterkare utfordra enn før, så understrekar rapporten at dei sosialdemokratiske grunntankane om rettferd og solidaritet framleis står sterkt i dei nordiske samfunna.

lese både i relasjon til tidlegare formuleringar innanfor SAMAK, men og i lys av den vitenskaplege forskinga kring den nordiske velferdsstaten. Overraskinga i presentasjonen er den defensive forståinga av det heile det nordiske prosjektet grunnar i: å trekke ut det nordiske som noko særeige. For med bakgrunn i både dei omfattande nasjonale variasjonane og medvitet om dei europeiske anane til den nordiske arbeidarrørsla og velferdsstat kan ein lese: *”Nordisk modell” er således et begrep som bør behandles med en viss forsiktighet, men som likevel kan benyttes for å få fram en del karaktertrekk som særpreger Norden i en større europeisk sammenheng.*<sup>262</sup> I dette perspektivet er ikkje den nordiske modellen unik, det er i fylgje rapporten rettare å hevde at: *”...Norden i større grad enn andre land har rendyrket mye av det beste i den europeiske tradisjon.*<sup>263</sup>

Innleiingsvis i denne oppgåva gav eg eit riss av artikkelen Lundberg har skrive med bakgrunn i SAMAK. Ved inngangen til 90-talet meiner han ein kan tale om ei endring frå ein ”large actor approach” til ein ”large area approach” i den politiske tenkinga innanfor det nordiske forumet. SAMAK såg svaret på det reduserte politiske handlingsromet på nasjonalt og nordisk nivå i ei oppgradering til det europeiske nivået. Lundberg nyttar nettopp desse vage formuleringane og det påfallande fråveret av ein nordisk modell tydeleg skilt frå den europeiske i rapporten ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” til å hevde at: *”A nordic modell no longer existed, nor hardly even a Nordic middle way. There was only a broad European beaten track that allowed no exclusive exeptions.”*<sup>264</sup> Rapporten hadde teke inn over seg at ein med bakgrunn i den økonomiske integrasjonen, uavhengig av relasjonen landa valte til EF, ikkje hadde noko alternativ til å tilpasse den nordiske modellen til den europeiske konteksten. Med den marknadsliberale konsensusen som rådde i europeisk og global organisering av økonomiske institusjonar, meiner Lundberg SAMAK stod i ein situasjon best beskrive i den greske historikaren Gerassimos Moschonas omgrep: *”the logic of no alternative”*.<sup>265</sup> Fråtekne verkemidla til å føre ein tradisjonell sosialdemokratisk politikk hevdar han vidare SAMAK såg si einaste mogelegheit i ei noko planlaus alliansebygging med krefter som trekte i den same politiske retninga. Dette utan at nordiske sosialdemokratar hadde store forventingar til kva ein kunne oppnå gjennom det nordiske strevet.<sup>266</sup> For å sjå om dette krasse biletet treng nyansering vert det naturleg å gå litt nærmare inn i rapporten.

---

<sup>262</sup> SAMAK (1991): s. 5

<sup>263</sup> SAMAK (1991): s. 5

<sup>264</sup> Lundberg (2006): s. 292

<sup>265</sup> Lundberg (2006): s. 292

<sup>266</sup> Lundberg (2006): s. 291



### *Vag modellformulering*

Sjølv om denne "europeiske" modellformuleringa talar for varsemnd i bruken av omgrepet "nordisk modell", ser SAMAK framleis prinsippet om universelle, lovfesta rettar til grunn for høge basisytingar i det sosiale sikringsnettet som noko som særpregar den nordiske velferdsmodellen. Dette opprettheld delelinjene Esping-Andersen teiknar opp mellom dei ulike velferdsregima og representerer ein kontrast til den varsemnda rapporten talar for når det gjeld modellomgrepet.<sup>267</sup> Det er som summen av eit knippe kjenneteikn ved dei nordiske samfunna "Den nordiske samfunnsmodell og Europa" så etablerer si modellforståing. Kjenneteikna vert i rapporten samanfatta som "...den velferdsorienterte markedsøkonomien, satsingen på sysselsetting, det reativt gode miljøet, kvinnes stilling, eksistensen av sterke folkebevegelser og et demokrati der ulike sosiale grupper trekkes inn i beslutningsprosessen".<sup>268</sup> Desse kjenneteikna ligg til grunn for den tematisk organiserte disposisjonen, der kvart av desse områda, i tillegg til eit avsnitt om regionalpolitikk, får ein nærmare gjennomgang. Det vil føre for langt å gå djupt inn i heile det tematiske spekteret rapporten teiknar opp. Eg vel difor å sjå nærmare på kva "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa" seier om dei nordiske velferdsordningane og syne korleis miljødimensjonen har kome inn i modellforståinga. Eg vil så nytte det sentrale sysselsettingpartiet til å peike fram mot rapporten "Sett Europa i Arbeid!". Dette meiner eg gir eit fundament til å syne linjene rapportarbeidet representerer.

Det er med bakgrunn i eit velferdssystem basert på universelle, skattefinansierte ordningar som hovudsakleg er utført av offentleg sektor at SAMAK meiner dei nordiske samfunna har funne sin stad mellom dei mest egalitære i verda. Sentralt i den tradisjonelle sosialdemokratiske argumentasjonen for sosial- og utjamningspolitikken stod postulatet om rettferdas produktivitet. Jenny Andersson har i si studie av det svenske sosialdemokratiet synt at denne produktivitetsforståinga smuldra opp gjennom 80-talets tredje veg.<sup>269</sup> SAMAK-rapportane på 80-talet legg ulik vekt på denne tradisjonen. Auken-gruppa hevdar den produktive rettferdas betydning, mens dette elementet er mindre klart i "Förnya den offentliga sektorn!". Når SAMAK i si modellartikulering skriv: "*Det blir en stadig større utfordring å kombinere hensynet til industriell og økonomisk utvikling med opprettholdelse og*

---

<sup>267</sup> Esping-Andersen (1990), (1999)

<sup>268</sup> SAMAK (1991): s. 4

<sup>269</sup> Andersson (2003)

*videreutbygging av en sterk offentlig velferdssektor og rettferdig fordeling*”,<sup>270</sup> har det derimot vorte meir enn tydeleg at dei omfattande velferdsordningane ikkje vert forstått som noko konkurransefortrinn, men snarare som utgiftspostar og vanskelege dilemma. Ein utjammingspolitikk som skil seg frå omverda vert stendig vanskelegare å realisere utan å miste det økonomiske grunnlaget for velstanden, noko rapporten nyttar til å underbygge forståinga av at vanskane med å føre ein sosialdemokratisk politikk veks. For å unngå konkurranse mellom dei europeiske landa som medfører press på skattenivå og sosiale standardar, er løysinga SAMAK skisserer ”...en europeisk samordning basert på en velferdspolitisk strategi”. Ei samordning som vil bety ”...et løft for velferden både i Norden og det øvrige Europa”.<sup>271</sup> SAMAK klyngar seg slik til håpet om at det i den europeiske integrasjonsprosessen kan ligge ei mogelegheit til å motverke presset mot velferdsordningane den generelle internasjonaliseringa har medført. Dette smale velferdspolitiske speleromet og løysinga SAMAK skisserer passar inn i biletet Lundberg teiknar opp i SAMAKs ”large area approach”. Samstundes meiner eg Lundberg går for langt når han med bakgrunn i desse avsnitta hevdar SAMAK ikkje ein gong ser ein nordisk middelveg, men derimot berre ”...a broad European beaten track that allowed no exclusive exceptions”.<sup>272</sup> For sjølv om handlingsromet er redusert ser SAMAK framleis mogelegheiter for nasjonale skilnader innanfor det europeiske samarbeidet.<sup>273</sup>

Eit område som tydeleg viser utvikling i den sosialdemokratiske sjølvforståinga er miljøspørsmålet. I Kleppes modellformulering representerte miljøforkjemparane ei motkraft det var rimeleg å gjere innrømmingar i møte med.<sup>274</sup> I ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” har miljøspørsmålet vakse seg inn som ein av hovuddimensjonane i modellformuleringa. Mentalitetsendringa var ikkje berre eit uttrykk for generelle endringar i opinionen, men kan sporast tilbake til aktivt miljøarbeid innanfor SAMAK mellom dei to formuleringane. På arbeidarkongressen i 1986 etterlyste Gro Harlem Brundtland i kraft av vervet som leiar for FNs Verdenskommisjon for miljø og utvikling, eit nytt utviklingsomgrep

---

<sup>270</sup> SAMAK (1991): s. 14

<sup>271</sup> SAMAK (1991): s. 15

<sup>272</sup> Lundberg (2006): s. 292

<sup>273</sup> I ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” kan ein mellom anna lese: ”Det har aldri vært på tale å innføre felles standarder. Det er således opp til det enkelte medlemsland å beholde og videreutvikle gunstige ordninger. Deltakelse i den europeiske integrasjonsprosessen vil derfor ikke ha noen direkte virkning for sosiale rettigheter og velferdsordninger i de nordiske land.” SAMAK (1991): s. 13

<sup>274</sup> SAP 1982: ”Den nordiske modellen- et debattinnlegg” av Per Kleppe

som kunne fusjonere miljø- og utviklingspolitikken.<sup>275</sup> Talen representerte startskotet for arbeidet med eit miljøpolitisk program i SAMAK-regi. Det endelege programmet: "Leve Norden! Vern og velferd", som stod ferdig i desember 1989, talte nettopp for: "... *at den nordiske velferdsmodellen utvikles til også å bli en modell for miljøvern og en bærekraftig utvikling.*"<sup>276</sup> I "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa" er tanken om bærekraftig økonomisk utvikling trekt inn i modellformuleringa. Sidan miljøproblema er grenseoverskridande av natur, og for at ikkje auka konkurranse skal føre til miljøødeleggingar, går rapporten også her inn for ei brei europeisk samordning.

Heilt sentralt i SAMAKs "europeiske" modellformulering står sysselsettingskampen, der ein mellom anna kan lese at "...*fremtidens sysselsettingspolitikk må inneholde både en nasjonal og en europeisk strategi (...)* Det krever at de europeiske landene samordner sine strategier fremfor en alles kamp mot alle".<sup>277</sup> Også her er altså svaret at kampen må opp på eit europeisk nivå. Slik rapporten legg det fram, er det den høge politiske prioriteringa av sysselsettingskampen som er årsaka til at arbeidsløysa er lågare i Norden enn i dei europeiske omgivnadene. For å få gjennomslag for at Europa skal føre ein politikk for full sysselsetting må arbeidarrørsla kjempe for sine verdiar også i ein europeisk samanheng. Og det er denne oppfordringa eg i det vidare vil fylgje utmyntinga av i ein rapport som fekk store europeiske ringverknader.

### **Sysselsettingsprogram for Europa**

På partisekretærmøtet på Bommersvik i mars 1992 orienterer Mona Sahlin om eit initiativ frå Allan Larsson<sup>278</sup> og Svend Auken om utarbeidinga av eit dansk-svensk sysselsettingsprogram for Europa. Forslaget hennar var at initiativet kunne gjerast til eit SAMAK-prosjekt og møtet vart samde om å sette ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein fellesnordisk strategi for sysselsetting, velferd og miljø i Europa. Resultatet skulle verte eit dokument som kunne nyttast som nordisk bidrag i ulike europeiske samarbeidsfora. Saman med SAMAK-sekretær Frode Forfang fekk Mona Sahlin i oppdrag å finne representantar til ei arbeidsgruppe.<sup>279</sup>

---

<sup>275</sup> SAMAK (1986) b: s 87-96. Verdenskommisjonen for miljø og utvikling oppretta i 1983 og la fram sin rapport våren 1987

<sup>276</sup> SAMAK (1990) c: s. 3

<sup>277</sup> SAMAK (1990): s. 8-9

<sup>278</sup> Allan Larsson tok over som svensk finansminister etter Kjell-Olof Feldt i 1990

<sup>279</sup> SAMAK 1992 (2)Protokoll fra partisekretærmøte på Bommersvik utenfor Stockholm 24. og 25. mars 1992

Allan Larsson vart utpeikt til leiar og fekk i gruppa med seg fleire av dei sentrale bidragsytarane frå den økonomisk-politiske arbeidsgruppa.<sup>280</sup>

Allereie før arbeidet hadde kome skikkeleg i gang, vart initiativet til eit viktig politisk kort. I byrjinga av juni skulle Danmark avhalde folkeavstemning om EF-union. For å markere den nordiske dimensjonen i EF-spørsmålet ønska leiaren for Socialdemokratiet i Danmark, Poul Nyrup Rasmussen, å arrangere eit formannsmøte i København der leiarar for nordiske parti og fagrørsle tok del. Ved å arrangere eit slik møte, med sysselsetting i Europa som tema, var tanken å få fram fellesnordiske initiativ som kunne sette sysselsettingspolitikken i eit europeisk perspektiv. Målet var å skape mest mogeleg merksemd rundt møtet, for slik å få nordiske element inn i debatten kring folkerøystinga.<sup>281</sup> I fråsegna frå dette samkommet heiter det at SAMAK på sitt formannsmøte har ”... *opstillet krav til en aktiv beskæftigelsespolitik som en afgørende del af det forstærkede samarbejde i Europa*”.<sup>282</sup> I større grad enn før skulle Norden påverke den europeiske utviklinga, og ein samordna europeisk strategi for betre sysselsetting framstår som forslaget som kunne forsterke den positive verknaden av EFs indre marknad og EØS-avtalen mellom EF og EFTA. Fråsegna er tydeleg på ein måte ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” ikkje var det, ved å hevde at dei nordiske velferdssamfunna framleis kan tene som modell for andre land i Europa. Formannsmøtet stel i same andedrag også eigarskapen til initiativet om nedsetting av ei arbeidsgruppe ”... *som skal udmønte disse fælles holdninger i realistiske forslag til handling*”.<sup>283</sup>

Ved SAMAKs ordinære møte i Oslo i midten av januar 1993 kunne Allan Larsson presentere den endelege rapporten ”Sett Europa i arbeid!”. Frå byrjinga av 90-talet hadde arbeidsløysa i dei nordiske landa hatt ei eksplosiv utvikling og røyndomen ved ferdigstilling av rapporten var ei gruppe nordiske land som i arbeidsløysetal samla sett låg tett under EF-nivå. Verst var situasjonen for dei finske representantane, som kunne fortelje om ei arbeidsløysa på mellom

---

<sup>280</sup> Medlemmar av arbeidsgruppa: Allan Larsson og Kristina Persson frå dei svenske Socialdemokraterna, Per-Olof Edin frå svensk LO, Mogens Lykketoft og Jytte Hilden frå det danske Socialdemokratiet, Jørgen Eckerøth frå dansk LO, Gunnar Berge og Marianne Andreassen frå det norske Arbeidarpartiet, Juul Bjerke frå norsk LO, Matti Louekoski og Sisko Seppä frå dei finse Socialdemokraterna, Peter J. Boldt frå finske FFC og SAMAK-sekretær Frode Forfang som arbeidsgruppas sekretær. SAMAK(1993): s.5

<sup>281</sup> Det vert samstundes gjort klart at det er heilt avgjerande at leiarane frå partia i Noreg og Sverige, Gro Harlem Brundtland og Ingvar Carlsson, tek del i møtet om det skal kunne skape den nødvendige merksemda. SAMAK 1992 (4): ”Vedr. dansk initiativ om SAMAK-møte i København i forbindelse med folkeavstemningen om EF-union” Notat utarbeidd av Frode Forfang

<sup>282</sup> SAMAK 1992 (3) ”Europa kan gjøre det bedre” Uttalesle frå SAMAK den 18. mai 1992

<sup>283</sup> SAMAK 1992 (3) ”Europa kan gjøre det bedre” Uttalesle frå SAMAK den 18. mai 1992

16,5 og 18,5 prosent.<sup>284</sup> Oslomøtet slutta seg til rapportens konklusjonar, og godkjende med det ein rapport som tydeleg retta seg mot europeiske lesarar. Interessant i så måte er det at arbeidsgruppa ikkje nyttar omgrepet ”nordisk modell” i si framstilling. Kanskje eit naturleg fråver ettersom det som ein gong hadde vore ”...*en øy av tillærmet full sysselsetting i et europeisk hav av arbeidsledighet*”,<sup>285</sup> no låg i eit breitt skjebnefellesskap med sine naboland. Slik eg les ”Sett Europa i arbeid!” har den klare likskapstrekk med Auken-gruppas refleksjonar, og eg vil nytte møtet med rapporten til å underbygge ei slik forståing. Samstundes er noko av det mest interessante med teksten ambisjonen om å nærme seg sysselsettingsproblematikken på breiast mogelege måte, ein ambisjon eg meiner det er fruktbart å kvervle litt rundt. Lundberg refererer ikkje til ”Sett Europa i arbeid” i si framstilling og sidan denne utlesinga syner ein rapport som peikar i ei noko anna retning enn ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” vil eg også seie noko om korleis sysselsettingsprogrammet passar overeins med Lundbergs historiske teori.

### **”Sett Europa i arbeid! ”**

Trass økonomisk vekst gjennom 80-talet sto Europa med 20 millionar arbeidslause i 1993, og det samstundes med at mangel på kvalifisert arbeidskraft representerte eit aukande problem. Dette var realitetar som for SAMAKs arbeidsgruppe synte ein arbeidsmarknad i ubalanse. Det uttalte målet rapporten teiknar opp er ei halvering av denne sløsinga av menneskelege ressursar i løpet av dei neste 5 åra. For å nå dette målet ”...*kreves det større grad av samordning av landenes økonomiske politikk samt stabile valutaforhold*”,<sup>286</sup> samstundes som det krev ”... *en politisk innsats over et bredt felt som har økt sysselsetting som overordnet mål*”.<sup>287</sup> Forutsetninga for at dette skal lukkast, er eit Europa som samlar seg om oppgåva om å sette den fulle sysselsettinga på dagsorden, og med det gir det europeiske samarbeidet eit nytt innhald.

Den koordinerte sysselsettingsstrategien i ”Sett Europa i arbeid!” har som grunnleggande premiss å overføre store delar av dei enorme summene dei europeiske landa nyttar til passiv kontantstøtte til aktive tiltak i arbeidsmarknadspolitikken.<sup>288</sup> At den høge arbeidsløysa kan optre samstundes med mangel på kvalifisert arbeidskraft i ulike sektorar, ser arbeidsgruppa

---

<sup>284</sup> SAMAK 1993 (1) Protokoll fra SAMAKs ordinære møte 21.-22. januar 1993. Oslo.

<sup>285</sup> SAMAK (1991): s. 6

<sup>286</sup> SAMAK (1993): s. 14

<sup>287</sup> SAMAK (1993): s. 15

<sup>288</sup> Denne passive kontantstøtta er i rapporten årleg estimert til 800 milliardar kroner. SAMAK (1993): s. 7

som tydeleg teikn på at ei offensiv satsing på kompetanseheving og utdanning vil kunne gi store gevinstar. Også her set den eit klart mål, ved å seie at ytterlegare 2-2,5 prosent av arbeidsstyrken til ei kvar tid skal vere under utdanning eller kompetanseheving.<sup>289</sup>

Samstundes med desse arbeidsmarknadstiltaka, er det tydelege spor av tradisjonell keynesiansk tenking i SAMAKs europeiske tilnærming, når gruppa skriv:

”Det er i Europa et presserende behov for en samordnet økning av investeringene, som et bidrag til å snu den økonomiske tilbakegangen (...) en koordinert investeringsstrategi i Europa vil ha positiv effekt for sysselsettingen og konjunktorene på kort sikt, samtidig som det bidrar til å legge grunnlaget for vekst også i et lengre tidsperspektiv gjennom et sterkere produksjonsgrunnlag. Mange investeringer vil være særlig lønnsomme å gjennomføre i tider med lavkonjunktur...”<sup>290</sup>

I konkretiseringa av desse investeringane peikar arbeidsgruppa mot ei kraftig opprusting av transport- og kommunikasjonssystema innanfor og mellom landa i Europa, byfornyng samt midlar til energiøkonomisering og andre miljøtiltak. Og parallelt med denne auken i offentlege investeringar meiner den klimaet for nye investeringar i det private må bli betre, noko som føresett ei lavare europeisk rente. Dette er berre mogeleg om den koordinerte investeringsstrategien fell saman med sunnare statsfinansar, eit reknestykke som legg til grunn at ”... offentlige utgifter i større grad finansieres gjennom skatter og avgifter og mindre grad ved låneopptak”.<sup>291</sup> Ved at gruppa meiner ein skal vere forsiktig med låneopptak, skil den seg noko frå ei tradisjonell keynesiansk forståing. Eg meiner likevel at den offensive investeringspolitikken og måten den offentlege sektoren skal nyttast til å auke etterspurnaden, forsvare ein omtale av rapprten som sterkt inspirert av den keynesianske økonomi-tradisjonen.

Gjennom ”Sett Europa i arbeid!” argumenterer altså SAMAK også for at ein sterk offentlig sektor er ein viktig del av kampen mot arbeidsløysa. Eg har tidlegare vist at presset mot den omfattande offentlege sektoren medførte fornyingstankar i nordisk samanheng. Dette presset er også høgst nærverande i andre vesteuropeiske land på 90-talet, men der SAMAK i nordisk samanheng argumenterte for fornying og effektivisering, er det ropet etter styrking av dei offentlege finansane som her treng igjennom. Både for å sikre skatteinntektene og for å få bukt med dei store underskota i sektoren, er det koordinering mellom landa som gjeld. Og

---

<sup>289</sup> SAMAK (1993): s. 16

<sup>290</sup> SAMAK (1993): s. 17-18

<sup>291</sup> SAMAK (1993): s. 17



medisinen for at denne styrkinga av dei offentlege finansane skal slå positivt ut for økonomien er: "...en kraftig omstilling av de offentlige utgiftene fra passive til aktive, fra kortsiktige til mer langsiktige, fra overføringer til investeringer, dvs. til fordel for tiltak som stimulerer og støtter opp under sunn vekst i økonomien."<sup>292</sup> For å knyte dette "ny-keynesianske" tankesettet til sysselsettingskampen peikar arbeidsgruppa på fleire forhold. Ansvar for mellom anna infrastrukturen i samfunnet viser at den offentlege sektor etablerer rammene det private næringsliv fungerer innanfor, og slik utgjer ein viktig faktor for at denne skal lukkast. Med dei nordiske landa som døme hevdar rapporten også at ein omfattande offentleg sektor gir ein sosial tryggleik i omstillingsprosessar, som gjer at desse kan "... gjennomføres uten for store sosiale omkostninger".<sup>293</sup> Rapporten trekk også på nordiske erfaringar for å underbygge den mest openberre sysselsettingseffekten: at ein sterk offentleg sektor gir eit betre velferdssamfunn samstundes som mange, spesielt kvinner, vert sysselsett.

Når eg ut frå denne gjennomgangen vil hevde at "Sett Europa i arbeid!" har fleire likskapstrekk med rapportane Auken-gruppa utarbeidde, krev det ei klargjering.

### ***I lys av Auken-gruppas arbeid***

Gjennom sine rapportar "Näringspolitik för Norden" og "Solidaritet för tillväxt och sysselsättning" argumenterte den økonomisk-politiske arbeidsgruppa på midten av 80-talet for eit utdjupa nordisk samarbeid som grunnlag for ein koordinert økonomisk vekstpolitikk. Eit utdjupa inntektspolitisk samarbeid skulle vidare demme opp for dei inflasjonsdrivande konsekvensane forslaga kunne ha. I "Sett Europa i arbeid!" ser ein tydeleg noko av det same tankemønsteret vende tilbake, men denne gongen er det ei utdjuping av det europeiske samarbeidet som skal gi handlingsrommet nasjonale regjeringar ikkje lenger rår over.<sup>294</sup> Auken-gruppa talte for ein nordisk stimulansepolitikk som innebar offentlege investeringar og ei offensiv satsing på mellom anna infrastruktur og er med det på linje med det sysselsettingsrapporten talar for i ein europeisk samanheng. Lundbergs overgong frå "a large actor" til "a large area approach", skjuler at mykje av det gamle tankegodset her vender tilbake, med den skilnaden at det no er Europa som er aktøren som skal hevde seg i konkurransen med stormaktene Japan og USA. Ein kan altså argumentere for at det framleis

---

<sup>292</sup> SAMAK (1993): s. 22

<sup>293</sup> SAMAK (1993): s. 20

<sup>294</sup> Også Auken-gruppa meinte at eit breitt internasjonalt samarbeid ville vore det beste, men ettersom dei politiske utsiktene for å få i stand eit slik samarbeid var dårlege, retta dei merksemda mot dei moglegeheitene som låg i eit utdjupa nordisk samarbeid. SAMAK (1985): s. 4



er snakk om ”a large actor”, og at rapporten uttrykker tru på at ein meir tradisjonell sosialdemokratisk politikk kunne gi løysingane på problema Europa sleit med. Det er sjølvstund ikkje berre likskapar mellom arbeida til dei to gruppene. I Auken-gruppas nordiske tilnærming var det nettopp inntektspolitikken og fagrørslas sentrale rolle i denne som var det mest kontroversielle. I det europeiske sysselsettingsprogrammet er ikkje desse elementa vektlagt, sjølv om trepartssamarbeidet også her vert trekt fram som positivt for å kunne styre den økonomiske utviklinga.<sup>295</sup>

### ***Syssettinga som døropnar for nordisk heilskapsstanke***

Det er altså ikkje tale om nokon nordisk modell i ”Sett Europa i arbeid!”, og med unntak av likestillingsspørsmålet og erfaringane med ein sterk offentleg sektor, peikar ikkje teksten direkte mot Norden som nokon rollemodell for samfunnsutviklinga i andre europeiske land. Til det var nok ikkje utviklingstrenden og dei nordiske resultata overbevisande nok. Men kva er det teksten kommuniserer med si breie tilnærming til sysselsettingsproblematikken? Det mest openberre er at meir enn berre arbeidsmarknadspolitikken er avgjerande for sysselsettingsspørsmålet og i denne breie tilnærminga meiner eg ein kan lese ein sentral bodskap ut av SAMAK-rapporten. Arbeidsgruppa tek tak i eit problem alle europeiske land i samtida slit med. Som svar på desse vanskane teiknar rapporten eit bilete som til forveksling er lik ei slags utmynting av den nordiske samfunnsmodellen. Utan å halde fram nordiske samfunn som føregangseksempel i ein modell argumenterer rapporten altså for dei nordiske sosialdemokratiske svara i ein europeisk samanheng.

Det kan medføre ei viss undring å lese ”Sett Europa i arbeid!”, ettersom teksten reverserer delar av den utviklinga andre SAMAK-rapportar har teikna opp. Sjølv om eg meiner teksten representerer ei vending tilbake mot ein meir tradisjonell sosialdemokratisk politikk, kan det også vere klargjerande å reflektere kring målgruppa for teksten og den underliggende utviklingstendensen rapporten legg til grunn. 90-talets akselererande europeiske integrasjonen var ei av dei sentrale årsakene til at store delar av forskinga kring dei europeiske velferdsstatane på denne tida såg føre seg ei utvikling mot stadig større konvergens mellom desse.<sup>296</sup> Slik eg les SAMAK-rapporten, så er dette også ei av forutsetningane denne kviler på.

---

<sup>295</sup> I rapporten kan ein lese: ”*Et godt og konstruktivt forhold mellom myndighetene og arbeidslivets parter har en positiv effekt på den økonomiske utviklingen og sysselsettingen. (...) Et konstruktivt trepartssamarbeid skaper stabilitet og langsiktighet i den økonomiske politikken.*” SAMAK (1993): s. 24

<sup>296</sup> For ein gjennomgang av forskinga kring spørsmålet om konvergens mellom dei nordiske og andre vest-europeiske velferdsstatar, sjå Kautto m. fl. (2001): s. 6-10

Om forutsetninga var at utviklinga i Europa gjekk mot ei viss harmonisering av skattetrykk, velferdsnivå og storleik på offentleg sektor, er det naturleg at nordiske sosialdemokratrar ynskja å trekke den europeiske diskursen i si retning. I den grad konvergens skulle finne stad var det heilt avgjerande for bevaringa av dei nordiske velferdsstatane at dette skjedde ved at land med svakare sosiale sikringsnett strakk seg mot dei mest utbygde velferdsstatane.<sup>297</sup> Sjølv om det innanfor den nordiske sosialdemokratiske tankegangen hadde vore ei gliding mot marknad, valfridom og kritikk av offentleg sektor, så er det liten tvil om at dei nordiske samfunna framleis stod for sterkare styring av ein meir egalitær og omfattande velferdsstat enn sine europeiske naboar.

Men korleis passar dette inn med den utviklinga Urban Lundberg skisserer? Som ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” så talar ”Sett Europa i arbeid!” for ei europeisk samordning. Og det er ei tydeleg oppgradering frå det nordiske til det europeiske nivået som er resepten for å få innflyting. Når Lundberg skriv at det han omtalar som ”the large area approach” ikkje kan ”...*simply [be] described as an attempt to re-establish the ”Keynesian capacity” of the Nordic model in a European context.*”<sup>298</sup>, er det noko eg meiner strid mot tankegangen i sysselsettingsrapporten. Der har vi sett at keynesiansk tankegods framleis er med i den europeiske tilnærminga. At dette var ei forståing som også kom til uttrykk innanfor den nordiske samarbeidskomiteen, ser ein av protokollen frå møtet der Allan Larsson presenterte ”Sett Europa i arbeid!”:

”Thorbjørn Jagland, DNA, sa at det er viktig å gjenopprette troen på at politikk nytter. Vi må ikke forespeile en lettvent vei, som for eksempel at det er mulig for et enkelt land å løse problemene alene bare politikerne vil. Keynes er død nasjonalt, men kan gjenopplives på europeisk plan.”<sup>299</sup>

Slik eg les ”Sett Europa i arbeid!” så uttrykker den ei tru på at sosialdemokratiske svar kan realiserast i eit Europa med eit utdjupa samarbeid. Denne vendinga mot ei meir tradisjonell sosialdemokratisk linje uttrykk slik eg ser det ikkje den kjensla av ”the logic of no alternative”, som Lundberg talar om.

---

<sup>297</sup> Eit fenomen som gjerne vert omtala som ”catch-up convergence”. Omgrepet har mellom annan vore nytta om Sør-Europesiske lands raske utbygging av sine sikringsnett. Sjå Kautto m.fl. (2001): s.10

<sup>298</sup> Lundberg: s. 290

<sup>299</sup> SAMAK 1993 (1): Protokoll frå SAMAKs ordinære møte 21.-22. januar 1993 Oslo

Det som gjer arbeidet med ”Sett Europa i arbeid!” ekstra spanande er dei europeiske ringverknadane av SAMAK-gruppas arbeid. Karl Magnus Johansson har i artikkelen ”Tracing the employment title in the Amsterdam treaty: uncovering transnational coalitions” forsøkt å spore rollene til og påverknaden frå transnasjonale koalisjonar fram mot gjennombrøtet for ein felles sysselsettingsstrategi i den Europeiske Unions Amsterdamtraktat i 1997. Dette er eit arbeid eg støttar meg tungt til når eg no vil spore dei europeiske ringverknadane frå SAMAK-gruppa, men der eigne studiar og materialet eg har undersøkt syner eit sterkare band til SAMAK og rettar merksemda meir mot innhaldet enn Johansson gjer.

### **Vegen mot den europeiske scenen**

Heilt frå partisekretæranane avgjorde at ei arbeidsgruppe skulle utarbeide eit sysselsettingsprogram i SAMAK-regi, var tanken at det endelege produktet skulle utgjere eit nordisk bidrag i ulike europeiske samarbeidsfora. Den endelege rapporten vakte stor interesse mellom sosialdemokratiske parti og fagrørsla i Europa, og ved eit møte i Dei europeiske sosialdemokratars parti(PES) tidleg i september i 1993, vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein felles sysselsettingsstrategi. Ingvar Carlson nominerte der Allan Larsson til leiar for den nye arbeidsgruppa, som fekk namnet: The European Employment Initiative (EEI).<sup>300</sup> Gruppa vart sett saman av representantar for dei 20 partileiarane i PES, ein representant for presidenten i EU-kommisjonen, ein representant for PES-gruppa i Europaparlamentet samt ein gjest frå European Trade Union Confederation, og fungerte som ei av dei mest aktive arbeidsgruppene PES nokon gong hadde sett ned.<sup>301</sup> Framfor PES-kongressen i Brussel i desember 1993 vart dokumentet: ”Put Europe to work” lagt fram og diskutert, og få endringar vart gjort den påfølgjande våren før den endelege rapporten, etterkvart med tilnamnet ”Larssonrapporten”, stod ferdig i juni 1994.<sup>302</sup>

Held ein denne rapporten opp mot den eldre SAMAK-skrivne namnebroren er det tydeleg at likskapen stikk langt djupare enn namnevalet. Hovudbodskapen som kjem fram i begge er at ei samordning av kampen mot den europeiske arbeidsløysa er vegen å gå. Noko som er tydeleg når rapporten uttrykker: ”EU bør gå i spissen for en samordnet sysselsettingspolitikk som gir Europa en mulighet til å spille en positiv og ledende rolle i verdensøkonomien”.<sup>303</sup>

---

<sup>300</sup> Johansson (1999): s. 90, samt opplysningar frå den norske utgåva av PES-rapporten ”Put Europe to work”: ”Sett Europa i arbeid” trykt hausten 1994.

<sup>301</sup> PES (1993): Opplysningar i føreordet skrive av Willy Claes formann i PES.

<sup>302</sup> Johansson (1999): s. 91

<sup>303</sup> I den norske utgåva av PES-rapporten ”Put Europe to work”: ”Sett Europa i arbeid” (1994): s. 33

Denne samla sysselsettingspolitikken må vidare erstatte passiv arbeidsløyse med aktive tiltak, der utdanning og kompetanseheving står som nøkkelomgrep. Den ambisiøse sysselsettingspolitikken bygger også på ei omlegging av den økonomiske politikken der investeringsleia vekst skal skape fleire arbeidsplassar. Handlingsrommet for å føre ein slik vekstpolitikk finn Larssonrapporten i forståinga av Europa som ein samla aktør, der den nye økonomien må: ”...bygge på den felles europeiske økonomiens virkelige potensiale, ikke på begrensningene i de enkelte nasjonenes økonomi”.<sup>304</sup> Allan Larsson har og teke med seg det breie perspektivet i den nye rapporten, der både likestilling og det økologiske perspektivet vert arbeidd inn i sysselsettingstematikken. At også konkrete mål frå SAMAK-rapporten er nærmast identiske med måla i Larssonrapporten, syner at forslaga frå den nordiske arbeidsgruppa har gått heim mellom europeiske partifellar.<sup>305</sup> Ringverknadane let seg så vidare spore inn i EU-systemet.

For å underbygge påstanden om at SAMAK-rapporten ”Sett Europa i Arbeid!” representerte ein sentral premissleverandør for at sysselsettingsspørsmålet kom inn som ein eigen del av EU-traktaten, trengs eit kort riss av vegen sysselsettingsstrategien hadde gått i EU-systemet før gjennombrøtet i Amsterdamtraktaten.<sup>306</sup> I denne vart det slått fast at medlemslanda skulle betrakte sysselsettingspolitikken som eit spørsmål av felles interesse og samordne sine avgjersler i samsvar med dette.<sup>307</sup> Poul Nyrup Rasmussen var i kraft av embetet som statsminister i Danmark i juni 1993 vert for møtet til Europarådet i København, der arbeidsløyses spørsmålet fekk topp prioritet. Europakommisjonen, under leiing av Jacques Delors, fekk i oppdrag å utarbeide ein rapport som seinare det same året vart presentert som Delors` *Whitepaper on growth, competitiveness and employment*.<sup>308</sup> EU-toppmøtet i Brussel i desember i 1993 uttrykte si støtte til Kvitboka, som mellom anna kravde ein overgang frå passiv til aktiv arbeidsmarknadspolitik, større fleksibilitet på arbeidsmarknaden og satsing på utdanning og kompetanseutvikling.<sup>309</sup> Ved Europarådets møte i Essen i desember 1994

---

<sup>304</sup> I den norske utgåva av PES-rapporten ”Put Europe to work”: ”Sett Europa i arbeid” (1994): s. 45

<sup>305</sup> Dette gjeld målet om at ytterlegare 2-2,5 prosent av arbeidsstyrken skal drive utdanning eller kompetanseheving. Men også det overordna målet om å halvere arbeidsløysa i Europa. (Her vert rett nok målet sett til år 2000)

<sup>306</sup> For ein grundigare gjennomgang av denne vegen sjå: Goetschy (1999), Johansson (1999), European Commission (1999) og Jacobsson (2005)

<sup>307</sup> Jacobsson (2005): s 142 Artikkel 125-130 i den nye traktaten utgjer det nye kapittelet om sysselsetting.

<sup>308</sup> Johansson (1999): s. 90

<sup>309</sup> Jacobsson (2005): s. 142

klarte delegatane så å einast om ei liste med fem prioriterte område i sysselsettingskampen.<sup>310</sup> Tidlegare det same året hadde EU-leiarane sett ned ei refleksjonsgruppe som skulle vurdere framtidige reformer, der sysselsettingsspørsmålet kom på agendaen.<sup>311</sup> Innanfor denne gruppa er det ein i 1995 kan sjå dei første offisielle dokumenta frå Europaparlamentet der det vert uttrykt støtte for ein eigen sysselsettingsdel i det nye traktatforslaget.<sup>312</sup> Frå dette stadiet vart kampen om ein eigen sysselsettingsdel i traktaten ført gjennom "the intergovernmental conference"(IGC) som trengte over eit år på å kome fram til det endelege traktatforslaget som stod ferdig i juni 1997.<sup>313</sup> Traktaten skulle først tre i kraft etter ratifisering frå medlemsstatane, men sysselsettingsspørsmålet vart vurdert som så presserande at eit ekstraordinært Euoparådsmøte vart sett opp i Luxemburg i november 1997 for å få implementert sysselsettingspolitikken.<sup>314</sup>

Det er eit komplisert nett av påverknadskanalar bak sysselsettingsstrategien som vaks fram i EU. Held ein utviklinga eg kort skisserte opp mot arbeidet innanfor EEI, så ser ein at dette tidsmessig fell saman med utarbeidinga av Delores` kvitbok. Delores var sjølv tilstades ved leiarkonferansane i PES, ein representant frå presidenten i Europakommisjonen tok del i EEI og Allan Larsson heldt kontakta med Delores under arbeidet med Larssonrapporten, noko som underbygger dei tette banda mellom desse arbeida.<sup>315</sup> Og det var forut for EU-toppmøtet i Brussel Larssongruppa la fram ein førebels rapport for leiarkonferansen i PES, der også Kvitboka vart lagt fram. Gjennom den fleirnasjonale deltakinga i EEI og aktiv møteverksemd frå Allan Larssons side, var Larssonrapporten slik Robert Ladrech uttrykker det "...the product of intensive consultation at the highest levels of party and government", og makta med det å "...successfully prduced a program aimed at EU policymaking".<sup>316</sup> Etter ferdigstillinga av rapporten vart det arbeidd aktivt frå PES for å få gjennomslag for sysselsettingspolitikken rapporten staka ut. I referansegruppa som skulle arbeide fram mot IGC sat ein representant for

---

<sup>310</sup> Dei fem prioriterte områda var: utdanningssatsingar, sysselsettingsintensiv vekst, reduserte indirekte lønnskostnader, ein meir effektiv arbeidsmarknadspolitikkk samt sterkare innsats for utsette grupper. Jacobsson (2005): s. 142, Goetschy (1999): s. 121-122

<sup>311</sup> Refleksjonsgruppa hadde 15 representantar frå medlemslandas utanriksministrar, ein frå Kommisjonen og to observatørar frå Europaparlamentet. European Commission (1999): s. 8

<sup>312</sup> Johansson (1999): s. 94

<sup>313</sup> European Commission (1999): s. 5. Avtalan vart endeleg signert 2. oktober 1997

<sup>314</sup> Goetschy (1999): s. 126-127. Det var dette møtet som gav navnet til Luxemburgprosessen, som sette opp fire grunnpilarar for sysselsettingspolitikken i EU ved å: "Förbättra anställbarheten, utveckla företagarnandan, uppmuntra anpassningsbarheten samt stärka jämställdheten." Jacobsson (2005): s.143

<sup>315</sup> Johansson (1999): s. 89-91 og 93-94

<sup>316</sup> Ladrech (1997): s. 180 Ladrech undersøker i artikkelen "Partisanship and Party Formation in European Union Politics" korleis transnasjonale parti utviklar seg med den veksande politiseringa av EU. Og han nyttar her PES sitt sysselsettingsinitiativ til å syne påverknaden transnasjonale parti kan ha.

PES som saman med representanten frå den svenske utanriksministeren arbeidde aktivt for ein eigen sysselsettingsdel i den nye traktaten. Allan Larsson sjølv fekk etter arbeidet med rapporten tildelt stilling som generaldirektør i EU-kommisjonen med ansvar for EUs sysselsettingsstrategi, ei stilling som gav moglegheiter til å fremje engasjementet frå arbeidsgruppa.<sup>317</sup> Ettersom IGC nærma seg, vart dei ulike lands regjeringar meir aktivt involvert i prosessen, der det var tydelege partipolitiske skilnader bak kven som støtta ein sysselsettingsdel i traktaten. Med singlar for venstresida i Storbritannia og Frankrike hadde maktbalansen i Europa falle over i PES sin favør før den endelege traktaten stod ferdig, noko som bidrog til å få gjennomslag for dei nye artiklane om sysselsetting.<sup>318</sup>

### **Modellrefleksjonar frå slutten av tiåret**

Merksemd retta mot rapportane: ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” og ”Sett Europa i arbeid!” syner tydeleg ei vending mot Europa i den nordiske sosialdemokratiske tankegangen. Ei vending som i modellartikleringa ber preg av overraskande lave ambisjonar om å skilje ut det nordiske som noko særlege, og der den tematiske disposisjonen ikkje gir rom for meir overordna teoretiske refleksjonar kring kva denne modellen er. Seinare dette tiåret sette SAMAK ned ei arbeidsgruppe på velferdsområde. Gruppa, leidd av den danske skatteminister Ole Stavad, utarbeidde debattopplegget ”Nordisk Velferd”.<sup>319</sup> Denne teksten danna grunnlaget for ei velferdskonferanse hausten 1998 og gir gjennom sin refleksjon kring den nordiske modellens natur og utvikling ei moglegheit til å syne korleis modelltanken utvikla seg innanfor SAMAK gjennom 90-talet. Mellom dei to rapportane frå fyrste halvdel av 90-talet og utarbeiding av ”Nordisk Velferd” har Sverige og Finland gått inn i den Europeiske Union og med det endra dei politiske forutsetningane for SAMAK-samarbeidet. Men der den komande integrasjonen fekk ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” til å vise varsemd med bruken av modellomgrepet og ”Sett Europa i arbeid!” til å tale om ein europeisk samfunnsmodell, ser velferdsgruppa det som fruktbart å skilje ut ein nordisk velferdsmodell.

Som ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” legg ”Nordisk Velferd” til grunn at det er store skilnader mellom ordningar og system i dei nordiske land, men velferdsgruppa tek grep ved å vende merksemda mot verdiane desse kviler på: *”Kernen i de nordiske*

---

<sup>317</sup> Hadde denne stillinga i tidsromet 1995-2000

<sup>318</sup> Sjå Johansson (1999) for ei meir detaljert framstilling av dei ulike politiske kanalane.

<sup>319</sup> SAMAK 2000 (1): ”Sluttrapportering fra SAMAKs velfærdsgruppe”



*velfærdssamfund er imidlertid ikke de konkrete modeller, men et fælles sæt af værdier og principper, som i dette debatoplæg betegnes "velfærdssamfundets grundpiller".*<sup>320</sup> Disse grunnpilarane ser Stavad-gruppa i like mogelegheiter, sosial tryggleik og solidarisk finansiering. Frå dette utgangspunktet er det arbeidsgruppa teiknar opp dei prinsipielle skiljelinjene verdiane skal materialiserast innanfor. Tre idealtypar av velferdsstatar som avspeglar ulike idè- og verdigrunnlag dannar triangelet for mogeleg velferdsorganiseringar. Den universelle velferdsstaent, der staten gjennom skattlegging trekk inn midlar til omfordeling gjennom generelle ytingar. Den selektive velferdsstaten, der forsikringsordningar har det primære ansvaret for sosial tryggleik. Og den residuale velferdsstaten, der berre eit eksistensminimum er garantert medan marknaden spelar hovudrolla.<sup>321</sup> Det interessante er at debattopplegget så ope understrekar at dei nordiske landa i seinare år har gått fleire steg frå den universelle forståinga i retning av den selektive.<sup>322</sup> Bakgrunnen for vandrainga finn gruppa i arbeidsløyseproblematikken. Den universelle tilnærminga bygger på tanken om likskap i inntektsfordelinga og inneber stor grad av omfordeling gjennom skattesystemet. Med høg arbeidsløyse vert legitimiteten til dette systemet undergrave, ettersom ei gruppe av produktive arbeidrarar må betale stendig meir for eit generelt system som gir mindre tilbake. *"Beskæftigelsesproblemerne i de nordiske lande med deraf afledet pres på velfærdssystemet har uden tvivl også medvirket til, at den selektive velfærdsmodel har erobret tærren."*<sup>323</sup> Gruppa meiner modellen berre kan overleve om høg sysselsetting let seg realisere.

Kampen for den fulle sysselsettinga er nøkkelen for å skilje ut ein eigen nordisk modell, men og for mogelegheitene denne har for å overleve. Sysselsettingsambisjonen går slik som ein raud tråd i 90-talets elles noko skiftande modellforståing, og ettersom arbeidsløysetalane igjen har byrja gå nedover i dei nordiske landa, kan Stavad-gruppa stå inne for at *"... de nordiske velfærdssamfund har vist at det har været muligt at forene en høj grad af lighed med en høj*

---

<sup>320</sup> SAMAK (1998): s. 4

<sup>321</sup> Denne tredeling minner om dei tre velferdsregima Gøsta Esping-Andersen skisserer opp. Esping-Anderssen (1990). Tankane om prinsippa som ligg til grunn for dei sosiale rettane innanfor ulike velferdsstatar let seg også spoer heilt tilbake til T.H Marshall på 1950-talet. Åmark (2005): s. 23

<sup>322</sup> I debattopplegget vert dei ulike velferdsstatsmodellane teikna opp som hjørne i ein trekant og røsla vert omtala som: *"Der synes næppe tvivl om, at de nordiske velfærdsmodeller bevæger sig fra øverste hjørne i trekanten og ned mot venstre hjørne i trekanten. Der er altså tale om en blandingsmodell med grundtydelser, der følger den universelle velfærdsmodel samt forskellige former for ekstraydelser, der følger den selektive velfærdsmodel."* SAMAK (1998): s. 6. I førre kapittel såg vi refleksjonar kring spørsmålet om det universelle og selektive i Eklunds premoria frå 1987, og her ser vi altså SAMAK vedkjenne at det har vore ei rørsle i retning av den selektive forståinga.

<sup>323</sup> SAMAK (1998): s. 6



*beskæftigelse*".<sup>324</sup> Som i "Sett Europa i Arbeid!" er det den aktive arbeidsmarknadspolitikken kombinert med ein offensiv utdanningspolitikk som er medisinen i kampen mot arbeidsløysa. Men debattopplegget er tydelegare på at det må stillast strenge krav til målgruppa for denne politikken. "*De borgerlige skal ikke have patent på "at det skal kunne betale sig at arbejde"*",<sup>325</sup> skriv arbeidsgruppa og avviser med det at lediggang med høge ytingar skal vere eit fritt gode.

Modellrefleksjonen velferdsgruppa presenterer uttalar direkte at det har vore ei gliding bort frå ei rein universell forståing i dei nordiske landa. Men når det gjeld vegen vidare er debattopplegget noko tvetydig. Slik det vert lagt fram så skil framleis dei nordiske landa seg frå EU-landa ved den solidariske finansieringa gjennom skattar framfor forsikring. Med den utviklinga av velferdsstaten frå "servicestat" til større grad av "overførselsstat" Stavad-gruppa meiner har funne stad frå midten av 70-talet, så ser dei det ikkje mogeleg å stille heile velferdstilbodet folket ynskjer gratis til rådvelde. "*Derfor bliver man nødt til at foretage en prioritering af de områder, hvor man fortsat vil leve op til befolkningens forventninger og de områder, hvor man må gå væk fra den universelle velferdsmodells principper*".<sup>326</sup> Samstundes kan ein sjå ei utvikling i motsett retning gjennom ein type argumentasjon som peikar mot eit sosialdemokrati som er i ferd med å vinne tilbake trua på meir tradisjonell sosialdemokratisk tankesett. Dette ser ein tydeleg når ein les: "*Det er centralt at få en debat om, hvordan vi bedst kommer tilbage "på sporet", hvor socialpolitik betragtes som en investering*".<sup>327</sup> Denne tvetydigheita og vendinga mot dei grunnleggande verdiane bak den nordiske modellen står for meg som teikn på at den nordiske sosialdemokratiske rørsle står i ei slags brytningstid, og der det siste kapitlet i denne oppgåva vil syne korleis denne slår ut i full blomst.

Eit spørsmål som melder seg særleg sterkt i dette kapitlet, men som og let seg problematisere i møte med andre delar av denne oppgåva, er korleis ein skal tolke bruken av modellomgrepet. I "Nordisk velferd" er det eksplisitt tale om ein nordisk velferdsmodell og teksten er retta mot eit nordisk publikum. I "Sett Europa i arbeid!" er det tale om sysselsettingspolitikk retta mot eit europeisk publikum, og sjølv om den breie tilnærminga til problematikken trekker inn heile det velferdspolitiske feltet, så treng ikkje eit fråver av omgrepet "nordisk modell" nødvendigvis tyde at arbeidsgruppa tvilar på eksistensen av eller framtida til ein eigen nordisk

---

<sup>324</sup> SAMAK (1998): s. 12

<sup>325</sup> SAMAK (1998): s. 12

<sup>326</sup> SAMAK (1998): s. 15

<sup>327</sup> SAMAK (1998): s. 6

velferdsmodell. I debattinnlegget til Kleppe vert merksemda retta mot den økonomiske organiseringa og styringsevna til ein eigen nordisk modell, medan ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” langt på veg er ein karakteristikk av dei ulike politiske områda som er sentrale for dei nordiske landa i møte med Europa. I mange tilfelle vert modellomgrepet også nytta som eit bilete på det SAMAK forsvarer og som ein stad å hente legitimitet for politiske forslag, men utan at det vert nærmare forklart kva forståing av modellen som ligg til grunn. Spørsmålet vert då korleis ein kan forhalde seg til dette mangfaldet og trekke historiske konklusjonar med bakgrunn i eit differensiert materiale. Eg meiner eit første grep er å forstå den mangfaldige bruken som ein ressurs for utdjupa forståing. Nettopp det at ulike aspekt ved modellen vert vektlagt og at bilete av denne skiftar, gir interessante poeng for å forstå utviklinga. Når evna til styring vert trekt fram på byrjinga av 80-talet så gjenspeglar det den store politiske utfordringa som hadde oppstått, og viser at modellomgrepet vart trekt inn som ein del av forsøket på å løyse dette. På byrjinga av 90-talet har nye utfordringar kome til, og lyssettinga og bilete av modellen er eit anna. Og sjølv om ei velferdspolitisk tilnærming skil seg frå spørsmåla ei utgreiing av sysselsettingspolitikken representerer, så meiner eg at bruken av modellomgrepet gjer det mogeleg å trekke ut i kva grad dei ulike rapportane ser mogelegheiter for ein nordisk veg som skil seg ut og korleis ein kan påverke omverda. Sjølv om rapportane rettar seg mot ulike målgrupper og omhandlar ulike politikkområde, så meiner eg altså at det er mogeleg å sjå overgripande tendensar som syner at modellforståinga endrar seg over tid.

## **Konklusjon**

Arbeidet med rapportane ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” og ”Sett Europa i Arbeid!” syner at SAMAK på byrjinga av 90-talet såg det som naudsynt å vende seg mot den europeiske politikktutforminga for å kunne kjempe for ordningane i den omfattande nordiske velferdsstaten. Både rapportar er prega av at trua på ein eigen nordisk veg var kraftig redusert, men ser i dette bilete kampen for den fulle sysselsettinga som den viktigaste politiske oppgåva dei nordiske landa kan løyse gjennom eit utdjupa europeisk samarbeid. Behovet for ei brei politisk samordning mellom dei europeiske landa kjem også unisont fram i dei to rapportarbeida, men der den vage og defensive modellformuleringa ser store vanskar med å gjennomføre ein sosialdemokratisk politikk, representerer ”Sett Europa i Arbeid!” eit radikalt og offensivt program som også får brei europeisk resepsjon og avgjerande gjennomslag. Ved å gå inn i denne rapporten har kapitlet trekt fram eit rapportarbeid som strid mot konklusjonane i Urban Lundbergs arbeid. Utan mogelegheit til å føre ein eigen nordisk

sosialdemokratisk politikk meiner Lundberg det er tydeleg at det er ein nordisk modell i krise som avteiknar seg i medvitet til SAMAK på byrjinga av 90-talet og at sosialdemokratane såg seg sjølv i ein situasjon utan reelle alternativ. I ein slik situasjon meiner han SAMAK forsøkte å alliere seg med krefter som drog i den same politiske retninga, utan at ein hadde store forventingar til kva ein kunne oppnå ved felles nordisk handling.<sup>328</sup> Mi forståing av rapporten ”Sett Europa i arbeid!” syner derimot stor tru på at ein tradisjonell sosialdemokratisk politikk kunne vere svaret på vanskane Europa var råka av, og i arbeidet med det europeiske sysselsettingsprogrammet, presenterer arbeidsgruppa velkjende svar for ein europeisk region med moglegeheiter til å gå ein eigen ”sosialdemokratisk” veg. Ved å fylgje ringverknadane av dette arbeidet på den europeiske scenen har det og kome fram ny kunnskap om korleis SAMAK har verka som premissleverandør.

Slik eg les Lundberg meiner han SAMAK trass iherdig innsats gjennom sin ”large area approach” heller ikkje inn i det nye tusenåret har makta å finne svar på den krisa 90-åra representerte for ein nordisk modell. Nye utfordringar har kome til, utan at dei gamle har vorte løyst.<sup>329</sup> Eg meiner derimot det noko tvetydige debattopplegget ”Nordisk Velferd” ber i seg ei ny vending i forståinga av den nordiske modellen innanfor SAMAK. Ei vending tolkinga til Lundberg ikkje fangar opp, og som først inn i det nye tusenåret slår ut i full blomst. I det siste kapitlet vil eg difor argumentere for det som kan verte omtala som ei revitalisering av den nordiske modellen. Trua på at dei nordiske landa kan gå sin eigen veg og at dei har ein samfunnsmodell som held, er sterk, men sosialdemokratane slit med å halde på eigarskapen til det særeige nordiske.

---

<sup>328</sup> Lundberg (2006): s. 290-291

<sup>329</sup> Lundberg (2006): s. 289-297

## 6. Ei revitalisering av den nordiske modellen

Ein viktig ambisjon med dette arbeidet er å forsøke å teikne ei lang linje - ei linje som kjem til syne gjennom tankane kring ein nordisk veg innanfor SAMAK. Forståinga av og trua på denne ”nordiske modellen” er i stendig endring, og eg meiner ei ny vending let seg spore i vår næraste samtid. I dette kapitlet vil eg studere det eg meiner er ei revitalisering av den nordiske modellen innanfor SAMAK. Dei nordiske økonomiane har blomstra inn i det nye tusenåret, og spådomar om at dei omfattande velferdsordningane ville gjere landa til taparar i den globale konkurransen, har førebels ikkje slått til. Det er med stor grad av framtidsoptimisme den nordiske modellen i denne røyndomen har vorte til ein offensiv politisk reiskap. For nordiske sosialdemokratar verkar kampen å stå om eigarskapen til den nordiske suksesshistoria og om mandatet til å forvalte og fornye det som i rørsle sjølvforståing ligg forankra på ”våre” verdiar.

For å syne denne vendinga og samstundes få eit grep om måten SAMAK i dag nyttar modellomgrepet på, vil eg ta utgangspunkt i to dokument. Det første er publikasjonen ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighet.” Den vart lagt fram for den 22. Nordiske Arbeidarkongress i 2006, og introduserte samstundes satsinga på ein eigen nettstad om den nordiske modellen, tenkt som ein stad for informasjon og forskingsresultat kring denne.<sup>330</sup> Til den same kongressen vart også rapporten: ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”<sup>331</sup> frå SAMAKs Velferdsforum lagt fram. Eg vil i dette kapitlet halde forståinga av den nordiske modellen som kjem til uttrykk i rapporten frå Velferdsforumet saman med forståinga av den nordiske modellen som kjem til uttrykk i publikasjonen om dei aktive samfunna for å syne forståinga og bruken av modellomgrepet innanfor SAMAK i dag

### Opphavet til modellartikuleringa

Utarbeidinga av publikasjonen ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed” har vore ført i ein noko annan relasjon til SAMAK enn dei tidlegare rapportane eg har nytta som kjelder, ein relasjon det er naturleg å sjå litt nærmare på før eg går inn i teksten. Det heiter at publikasjonen er utgitt av SAMAK i samarbeid med den

---

<sup>330</sup> ”Virksomhedsberetning for SAMAK 2005-2006” [internett] Oppretta nettstaden:

<http://www.nordicmodel.info>

<sup>331</sup> Heretter forkorta til ”De næste skridt for nordisk velfærd”

sosialdemokratiske gruppa i Nordisk Råd og Socialdemokraterne i Danmark.<sup>332</sup>

Generalsekretæren i SAMAK, Peter Palshøj, står redaksjonelt ansvarleg for den nye modellartikuleringa, og han har fått med seg Henning Jørgensen og Göran Färm. Jørgensen var tidlegare direktør for European Trade Union Institut og er i dag professor i politisk vitskap og offentlig administrasjon ved Center for Arbejdsmarkedsforskning ved Aalborg Universitet. Färm sat i Europaparlamentet i tidsromet 1999-2004, eit verv han vende tilbake til i februar 2007. Slik er det altså ikkje ei tradisjonell arbeidsgruppe sett saman av representantar frå parti og fagrørse i dei ulike landa som har utarbeidd dokumentet. Eg meiner likevel modellartikuleringa eignar seg som kjelde til modellforståinga innanfor SAMAK. Publikasjonen er utarbeidd frå ein uttalt sosialdemokratisk ståstad og vert presentert for Arbeidarkongressen som ein viktig del av SAMAKs arbeid for å sette fokus på den nordiske modellen.<sup>333</sup> Det er delvis for å vise at dette er ei forutsetning som held, at eg i dette kapitlet også tek føre meg rapporten SAMAKs Velferdsforum la fram. Ved å halde desse dokumenta opp mot kvarandre er det mogeleg å underbygge at det her er tale om breie strøyningar mellom nordiske sosialdemokratar.

### **Ny interesse for den nordiske modellen**

Ein måte å nærme seg ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”, er å sjå korleis SAMAK argumenterer for denne nye artikuleringa av modelltanken. I verksemdsmeldinga lagt fram for Arbeidarkongressen, set ein arbeidet i direkte samheng med den store internasjonale interessa for den nordiske modellen. Særleg er det den velfungerande arbeidsmarknadspolitikken i den nye globale røyndomen, som opptek omverda.<sup>334</sup> Eit viktig aspekt ved den nordiske arbeidsmarknaden er det som gjerne vert forsøkt fanga i omgrepet ”flexicurity”, som spelar på balansen mellom fleksibilitet og tryggleik. Med grunnlag i velutbygde tryggleiksordningar og ei omfattande satsing på kompetanse gjennom livslang læring, er det i den nordiske arbeidsmarknaden mogeleg å ha den fleksibiliteten eit lavare oppsigelsesvern inneber. I SAMAK er ein uroa for at ein i studiet av dei nordiske samfunna vektlegg denne fleksibiliteten utan å sjå tryggleiken den kviler på. Samstundes er ein oppteken av å kommunisere at den nordiske modellen er meir enn ”flexicurity”, og ambisjonen er å få dette fram i lyset. Grepet publikasjonen gjer for å

---

<sup>332</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 1

<sup>333</sup> ”Virksomhedsberetning for SAMAK 2005-2006”[internett]

<sup>334</sup> ”Virksomhedsberetning for SAMAK 2005-2006”[internett] Viser her til studiebesøk frå den italienske sentrum-venstre koalisjonen L’Union i forbindelse med koalisjonens utarbeiding av valmanifest framfor parlamentsvalet våren 2006 og eit liknande besøk frå greske PASOK.

oppnå dette, er å rette merksemda mot det SAMAK meiner er dei grunnleggande verdiane bak den nordiske suksesshistoria, verdiar som knyt banda til den sosialdemokratiske rørsle. Her ser vi altså det same grepet som blei nytta i ”Nordisk Velferd”, vert ført vidare .

Slik eg les denne nyaste artikuleringa av modelltanken innanfor SAMAK, så er det mogeleg å skilje ut ei ganske tydeleg argumentasjonsrekke. Startpunktet i denne tenkte rekka er skildringa av dei gode tidene dei nordiske landa er inne i, noko som i lesaren bygger opp ei undring over kva det er som ligg bak desse gode konjunkturane. Kva er det som bind desse landa saman, og kvifor gjer dei det så godt? Forfattarane nyttar så denne undringa til å reflektere litt rundt kva den nordiske modellen er, før merksemda vert retta mot dei felles verdiane den kviler på. Dette knyt band til den sosialdemokratiske rørsle og pregar også refleksjonane som peikar framover og spørsmålet om korleis grunnlaget kan nyttast til å møte nye utfordringar. Og det er ved å gå djupare inn i denne rekka eg vil forsøke å fange kjernen i dette dokumentet.

### **Norden – ein global vinnarregion**

”Det fanns en tid, på 1980- och 1990-talen, då den nordiska modellen var närmast dödförklarad”,<sup>335</sup> skriv forfattarane og teiknar opp eit bilete av ei gruppe land som var dømt til taparar i den globale konkurransen. Omfattande velferdsstatar, høgt skattetrykk, sterkt inngripande reguleringar og korporative tradisjonar mellom stat, arbeidsgivarar og fagrørsle let seg på ingen måte harmonisere med dei ny-liberale økonomiske doktrinene som rådde.<sup>336</sup> Og med dramatisk stigande arbeidsløyse og svak økonomisk utvikling, så kunne det verke som modellen ikkje hadde klart å følge med i utviklinga. Men korleis ser bilete ut i dag? Publikasjonen viser til at marknadsstyre, skattelette, deregulering og nedskjering av velferdsytingar framleis er konvensjonell økonomisk visdom, men at dei skandinaviske landa i stor grad har vendt det døde øyret til. Og medan Europa plagast av massearbeidsløyse, stagnerande vekst og angrep på velferdsordningar, hevdar dei at landa i nord kan skilte med ei ganske anna utvikling.<sup>337</sup>

Med tal henta frå undersøkingane til World Economic Forum viser arbeidsgruppa at samtlege av dei nordiske landa ligg på lista over dei 10 mest konkurransedyktige økonomiane i

---

<sup>335</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 10

<sup>336</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 7

<sup>337</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 7

verda.<sup>338</sup> Og sjølv om dei understrekar at bruttonasjonalprodukt aldri har lukkast å fange inn verdien av sosiale investeringar og produktivitetutvikling i offentleg sektor, så plasserer også OECDs velstandsranking alle dei nordiske landa mellom dei 15 fremste i 2004.<sup>339</sup> Med støtte i analyser frå Eurostat viser dei også at dei økonomiske vekstratane dei siste åra har vore høgare enn tilfellet er i EU. Viktigare enn vekstratane er det kanskje at tal frå den same instansen viser høg sysselsetting samt lågare langtidsarbeidsløysing og høgare sysselsettingsfrekvens hjå kvinner enn i dei fleste andre land.<sup>340</sup> Talmaterialet vert i publikasjonen nytta til å underbygge påstanden om at dei nordiske landa, som på førehand var spådd som økonomiske taparar i den globale konkurransen, på oppsiktsvekkande vis har kome ut som vinnarar. Og i SAMAK sine auger medfører dei gode resultatane at den nordiske modellen har: ”...blevet et selvstændigt argument for omfattende forandringsprosesser i andre europæiske lande.”<sup>341</sup> Men kva nordisk modell er det publikasjonen her talar om, og er det grunnlag for å hevde at dei gode konjunkturane for dei nordiske landa grunnar i noko av det som bitt dei saman?

### **Kva er den nordisk modellen?**

I arbeidet til Kleppegruppa var det i stor grad den økonomiske organiseringa av dei nordiske samfunna som stod i sentrum for arbeidet med ”ein ny nordisk modell”, sjølv om bindinga til sosialdemokratiets grunnleggjande verdiar var viktig. Når SAMAK no 25 år seinare skal kaste lys over det særegne nordiske, så er det verdiane som står i fremste rekke, verdiane som underbygg den nordiske velferdsstaten. Men på vegen mot ei utkrystalisering av desse, så gjer forfattarane eit forsøk på å seie noko om kva denne modellen er, og dei gjer det tildels gjennom ei historisk tilnærming.

Publikasjonen understrekar at velferdsstaten var ei europeisk oppfinning, men med svært ulike nasjonale forutsetningar for utvilking. Første steg for å skilje ut ein nordisk modell er å skilje dei ulike europeiske modellane frå den amerikanske. Dette gjer dei ved å vise til at dei europeiske velferdsstatane er meir generelt orienterte, meir solidarisk finansierte og med ei

---

<sup>338</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 13. Tre sentrale faktorar i utarbeiding av rapporten er: det makroøkonomiske miljøet, offentlege institusjonar styrke samt det teknologiske utviklingsnivået. (Finland(1), Sverige(3), Danmark(4), Island(7) og Noreg(9)) Kjelde: World Economic Forum ”Global Competitiveness Report – country rankings 2005-2006”.

<sup>339</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 11 og s. 25. OECD-rapporten måler landas kjøpekraftjusterte BNP per capita. (For 2004: Norge(2), Island (7), Danmark (7), Sverige(13) og Finland (15))

<sup>340</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 12, s. 30 og s. 34.

<sup>341</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 4



sterkare rolle til det offentlege og partane i arbeidsmarknaden. Og det er i stor grad etter den same aksa den nordiske modellen så vert skilt frå sine europeiske motstykker, og då som den som ligg lengst frå den amerikanske på denne skalaen. Bakgrunnen for denne utviklinga ser dei i den demokratiske arbeidarrørslas sterke innflytning på samfunnsutviklinga i dei nordiske landa. Ei utvikling som skil seg frå den amerikanske ved at arbeidarrørsla der aldri har nådd den nødvendige maktposisjonen, og frå store delar av sør- og mellomeuropa fordi konflikten mellom arbeid og kapital der har vore så voldsam at dei konstruktive kompromissa som har prega den nordiske utviklinga ikkje var mogelege å oppnå.<sup>342</sup> For ytterlegare å legitimere bruken av modellomgrepet om Norden, er forfattarane opptekne av å vise at dei nordiske landa på mange måtar høyrer saman som ein naturleg region. Med eit av dei eldste og mest omfattande regionale samarbeida i verda, ser dei dette som den europeiske regionen der den indre marknaden er nærmast si endelege realisering.<sup>343</sup>

Det publikasjonen så trekker fram som kanskje det viktigaste særtrekket ved den nordiske utviklinga, er at arbeidarrørsla har lukkast med å kommunisere at det ikkje er ei motsetning mellom økonomisk effektivitet og likskap. Og her støttar dei seg aktivt til Gøsta Esping-Andersen, som har peika på dette som sosialdemokratiets viktigaste argument. Heilt tilbake til Gunnar Myrdal og utforminga av den svenske sosialpolitikken på 1930-talet har dette vore ein hjørnestein for arbeidarrørslas politiske planar: *”Rättvisan och välfärden är inte bara en fråga om politisk solidaritet, utan rättvisan och välfärden är produktiv”*, har rørsla proklamert med brei aksept i dei nordiske samfunna.<sup>344</sup> Eit postulat som for alvor vart rysta først med høgrebølgjas skakingar og dei nedskjeringane i velferdssektoren som også fann stad innafør dei nordiske landa på 90-talet. Det presset desse tiåra representerte for å skilje ut sosialpolitikken som ei rein utgiftsside i økonomien har gjennom oppgongen dei siste åra sleppt litt taket, men innanfor SAMAK vil ein ikkje ukritisk gå tilbake til å formidle rettferdas produktivitet. For sjølv om dagens sosialdemokratar er klar over postulatets sentrale betydning for velferdsstatens kraft, kjem forfattarane av publikasjonen med ein klar

---

<sup>342</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 24  
Publikasjonen kjem her med dei same forklaringane som kjem til uttrykk i forkinga til Esping-Andersen når det gjeld framveksten av den nordiske velferdsmodellen. I kampen mellom arbeid og kapital meiner han den velorganiserte nordiske arbeidarrørsla makta å inngå alliansar og institusjonalisere denne maktkampen i den politiske sfæren. Denne tilnærminga vert gjerne omtala som ”power resource theory”. For ein kort gjennomgang, sjå Lundberg og Petersen (1999): s. 3-5

<sup>343</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 16-17

<sup>344</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 25-26

sjølvkritikk ettersom rettferda ikkje har nådd store grupper av ”*improduktiva*”, særleg mellom innvandrarak og handikappa.<sup>345</sup> Ein sjølvkritikk som ligg i bakhovudet når eg no vil sjå nærmare på det verdisettet publikasjonen trekker fram som grunnlag for den nordiske modellen i dag.

### **Grunnleggjande verdiar**

Sjølv om det ikkje har lege nokon ferdig plan bak utviklinga av dei nordiske velferdsstatane, så hevdar forfattarane av ”Nordicmodel.info – ...” at det er lange historiske prosessar og medvitne politiske val som er bakgrunnen for at dei nordiske landa i dag gjer det så godt. Og desse vala og prosessane har, med sterk påverknad frå arbeidarrørsla, vorte forma av eit sett bakanforliggende verdiar. Om dette skriv forfattarane:

”Når det gælder en sikring og videreudvikling af velfærdssamfundet under nye globale betingelser, må der ske tilpasning og udvikling af det værdimæssige grundlag. Derfor er der også behov for at genoverveje værdisættet. Disse værdier og deres institutionelle realisering i konkrete, aktuelle og fremtidige politikarrangementer kan koges ned til tre nøgleord: fuld beskæftigelse, velfærd og retfærdighed.”<sup>346</sup>

Dei understrekar at dette er kjente omgrep som er nydefinerte i takt med den politiske utviklinga dei seinare år. Men korleis vert desse kjerneverdiane presenterte, og kva ynskjer SAMAK å formidle ved å presentere dette verdigrunlaget?

### ***Full sysselsetting***

Som det kom fram i førre kapittel, så har arbeidet for å auke sysselsettinga stått svært sentralt i SAMAK dei seinaste tiåra og den fulle sysselsettinga vert her lansert som kjerneverdi og mål for arbeidarrørsla. Med unntak av dei danske og svenske borgarlege regjeringane kring 1990 så har, slik det her vert lagt fram, ingen turt å rikke ved dette målet i dei nordiske landa: ”*Arbejderbevægelsens grundværdi: fuld, vedvarende, produktiv og selvvalgt beskæftigelse er gået hen og blevet nationalt politikmål.*”<sup>347</sup> Det er tydeleg at særleg danskane sin innsats for å få bukt med den eksplosive arbeidsløysa på 90-talet har gjeve tru på at ein ikkje står maktelause mot denne problematikken,<sup>348</sup> ei tru som representerer sjølve

---

<sup>345</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 25

<sup>346</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 8-9

<sup>347</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 33

<sup>348</sup> Viser her til at ein keynesiansk inspirert makropolitikk kombinert med ein aktiv arbeidsmarknadspolitikkk fekk ned den opne ledigheita frå 12,3 % i 1994 til 5% i 1998 i Danmark. ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 36

forutsetninga for full sysselsetting som kjerneverdi. Den praktiske tilnærminga til sysselsettingstematikken ber vidare sterkt preg av denne danske snuoperasjonen. 90-talets alvorlege vanskar tvinga fram politiske grep som plasserte danskane i arbeidsmarknadspolitikken nordiske førarsete, og det er tydeleg at SAMAK-publikasjonen ser den danske utmyntinga av kjerneverdien, fanga i omgrepet ”flexicurity”, som ein viktig rollemodell.<sup>349</sup>

”Tryggleikens vengjer” er den poetiske tilnærminga til det danske systemet forfattarane så forsøker å fange ved å vise til tre grunnleggande utviklingstrekk: Gjennom kollektive avtalar har det utvikla seg ei semje om relativt korte oppseiingsperiodar i den danske arbeidsmarknaden. Denne utviklinga har gått i takt med lovnadene om inntektserstatning ved arbeidsløyse med eit erstatningsnivå som ligg høgt også i ein europeisk samanheng. Det tredje utviklingstrekket er så den svært offensive arbeidsmarknadspolitikken, som inneber å sjå denne i eit større velferdspolitisk bilete. Det inneber aktiviseringstilbod, men også utdanning, etterutdanning og barneomsorg, konkretisert mellom anna i plikta til å ta del i undervisning under arbeidsløyseperioden. Det grunnleggande prinsippet er at staten tek på seg omkostningane for arbeidsgiverane sin fleksibilitet, noko som i ein større samanheng ikkje vert forstått som ei omkostning, men som ein produktiv investering i høgare sysselsetting.<sup>350</sup>

### *Velferd*

Den andre grunnverdien publikasjonen trekker fram er velferdsstaten. Den universelt baserte velferdsstaten, med sine institusjonaliserte kollektive forpliktingar, har som samfunnsgrunnlag historisk ført med seg klare verdimesseige føringar i dei nordiske landa. Desse meinar forfattarane har verka avgjerande inn på kva utforming nye reformer har fått. Men kva er meininga med å sette velferdsstaten opp som ein verdi? På mange måtar verkar det meir nærliggande å forstå den universelle velferdsstaten som ei utmynting av eit sett verdiar, ein måte å bake dei saman på? Tilnærminga til denne verdien kan kanskje gi nøkkelen ein treng for å forstå dette. For ved å syne korleis velferdsstaten som prosjekt har vore grunnlaget for den rettferd, tryggleik og velferd dei nordiske samfunna er prega av, så

---

<sup>349</sup> Tanken om ein fleksibel og omstillingsfremjande arbeidsmarknadspolitikk er på ingen måte ny i dei nordiske landa. Dette var ein heilt avgjerande del av den svenske Rehn-Meidnerska modellen. Sjå Sejersted (2005): s. 245-248

<sup>350</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 29-30, 36

representerer denne noko absolutt. Som ”...ubetinget historisk succes!”<sup>351</sup> er den eit fast grunnlag som skal vidareførast. Men samstundes med det absolutte forsvaret, så er ”velferdsstaten” eit omgrep som opnar for endringar og nytenking. For her finn publikasjonen rom til å få nye, ”tidstypiske” verdiar inn under ein større paraply. Velferdsstaten skal ikkje berre gi tryggleik, den skal også gi rom for det kreative og skapande menneske. Og sjølv om rettferd er ein grunnleggande byggestein, så hindrar ikkje velferdsparaplyen publikasjonen frå å tenke nye tankar om kva denne rettferda er. Eg forstår altså den noko vage formuleringa ”Velfærdsstaten som grundværdi og politikmål” nettopp som ein måte å formulere den stendig tilbakevendande ambivalensen i det sosialdemokratiske fornyingsprosjektet. Det er ei fornying som heile tida skal bevare tradisjonen i seg.

I framstillinga av velferdsverdien er det samstundes ein tydeleg parallell til omtalen av den fulle sysselsettinga ved at det produktive elementet ved velferden vert så tungt vektlagt. Her står det: ”*Det er endnu ikke lykkedes arbejderbevægelsens repræsentanter at overbevise de mange om, at netop tryghed plus omfordeling (skabelse av større lighed) kan skabe effektivitet.*”<sup>352</sup> Slik eg les denne formuleringa så grip den i konsentrert form heile argumentasjonen denne nye modellartikuleringa representerer: Den nordiske modellen er konkurransedyktig, ikkje trass i, men mykje på grunn av sitt underliggande verdsett, og ein avgjerande del av utfordringa er å kommunisere denne samanhengen. Interessant i relasjon til tidlegare kapittel i denne oppgåva er det også å sjå den strenge dommen New Public Management får i verdirefleksjonen. Denne forma for modernisering av velferdssystema, som søker å etterlikne marknadsløysingar i kvasi-marknadsmodellar for politikk og forvaltning ”... *strider imidlertid mod velfærdsstatslige grundværdier, når retfærdighed bliver gradbøjet og snævre økonomiske effektivitetskriterier bliver lagt til grund for arbejdet*”.<sup>353</sup> Av dei SAMAK-rapportane denne oppgåva har teke føre seg råkar denne kritikken særleg ”Förnya den offentliga sektorn!”, som har sterke innslag av det som her vert kalla New Public Management.<sup>354</sup> Med denne kritikken av den gradbøya rettferda er det spanande å sjå korleis denne siste kjerneverdien vert lagt fram.

---

<sup>351</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 45

<sup>352</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 48

<sup>353</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 47

<sup>354</sup> Publikasjonen legg heller ikkje skjul på at denne tankegangen tidlegare har hatt sosialdemokratisk aksept. Ein aksept som slik det her vert lagt fram har vore minst i Noreg av dei skandinaviske landa. ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 47

## **Rettferd**

Rettferd er ikkje berre tale om omfordeling av samfunnets ressursar, men og om respekt for den einskilde som bunnar i ”...et nutidigt indhold i begreber som autonomi og frihed”.<sup>355</sup> Publikasjonen har her teke opp i seg kritikken mot det sterke samfunns tendens til å standardisere identitetar og livsstilar. Kva rettferd er det då det vert tale om?<sup>356</sup> Her maktar ikkje forfattarane å gi eit tydeleg svar, men når vi noko tidlegare i publikasjonen kan lese at: *Lighedsmålsætningen kan i en nutidig udformning ikke gøres synonym med en resultatlighed, men har i betydningen lige muligheder og ligelig ressourc sikring et moderne fundament...*,<sup>357</sup> gir det eit svar på kva rettferd det her er tale om. Publikasjonen insisterer vidare på at rettferdsomgrepet må byggast i ein solidarisk samanheng og det vert presisert at det på ingen måte er høgresidas fridomsforståing som må ligge til grunn når rettferdsomgrepet tek opp i seg fridomsaspektet: *”At tro at frihed for den enkelte er den vigtigste værdi, er en af de største fejltagelser, der er blevet tilskrevet menneskelig selvished under dække af politisk visdom!”*,<sup>358</sup> er den klare budskaben.

Spørsmålet vert så korleis SAMAK knyt desse grunnverdiane opp mot utfordringane den nordiske modellen står ovanfor. Utviklinga i samtida får her i breie penselstrok merkelappar som *”...globalisering, internationalisering og trans-nationalisering på den ene side og decentraliseringer på den anden...”*<sup>359</sup> Utviklinga har ført til at ein ikkje kan *”...styre som i efterkrigstiden fra ét centrum; magtarenaerne er blevet flere og indflydelsesmåderne mangedoblede”*.<sup>360</sup> Eit første vilkår for at grunnverdiane skal prege samfunnsutviklinga, er difor at dei må inn i institusjonelle rammer som held tritt med utviklinga. Publikasjonen talar her for ein balanse mellom konkurransekrefter og sosiale reformer der også verksemdene ser fordelar i velferdsstatens institusjonar. For å skape ein slik balanse vert samarbeidet mellom arbeidsmarknadens partar tillagt stor verdi. *”Velfærdsstatsrammerne og de korporative traditioner i de nordiske lande har vist sig at fungere som produktive sociale buffere og kilder til fleksibel tilpasning og udvikling af arbejdsmarkeder og sociale forhold for små åbne*

---

<sup>355</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 50

<sup>356</sup> Den sosiale ingeniørkunsten som låg til grunn for den storstilte utbygginga av velferdsordningane i dei nordiske samfunna har vorte kritisert for dette. Yvonne Hirdman skriv i ein slik samanheng om det svenske ”Folkhemmet” at: ”När människor skulle ordnas in under normer och föreställningar om ”hur det ska vara” fanns det risk för övergrepp.” Hirdman (1990): s. 17

<sup>357</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 48

<sup>358</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 52

<sup>359</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 53

<sup>360</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 53

*økonomier, der nu er viklet dybt ind*".<sup>361</sup> SAMAK er her på linje med Esping-Andersen i sin omtale av det institusjonelle rammeverket i dei nordiske landa. Han meiner at den nordiske organiseringa av arbeidsmarknaden "... constitute the best possible institutional infrastructure for harmonizing wage-equalization, full employment, and growth",<sup>362</sup> som saman med evna til "... a redirection of welfare state efforts increasingly emphasizing services and shifting resources towards younger households"<sup>363</sup> ligg til grunn for at dei nordiske velferdsstatane maktar å møte utfordringane i det postindustrielle samfunnet.

### **Kva kan ein lese ut av publikasjonen?**

Eg har i det føregåande lese "Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed" med utgangspunkt i det eg kalla ei argumentasjonsrekke, ei rekke med det føremål å knyte eit band mellom ei nordisk suksesshistorie og dei verdiane som er berande i den nordiske velferdsstaten. Men kva bilete av den nordiske modellen er det som vert teikna her? Modellomgrepet vert ikkje forstått som ein statisk storleik, men bygd over dei grunnleggande verdiane rettferd, solidaritet og full sysselsetting, verdiar som knyt modellen til sosialdemokratane. Heilskapsinntrykket eg sit igjen med er eit modellomgrep bygd over ein naturleg nordisk region, tufta på ei sosialdemokratisk historie. Ser ein modellartikuleringa i forhold til dei tidlegare modellformuleringane, er kanskje den største overraskinga at det miljøpolitiske aspektet er nerast heilt fråverande i karakteristikken av dei nordiske samfunna. Med eit aktivt miljøpolitisk arbeid innanfor SAMAK-systemet som strekk seg tilbake til midten av 80-talet er det oppsiktsvekkande at den økologiske dimensjonen, som var ein av berebjelkane i modellformuleringa "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa" nesten er heilt borte. No er dette rett nok ei artikulering som vender seg mot dei bakanforliggende verdiane til modellen, men at denne dimensjonen verken er med i kjennteikna på dei nordiske systema eller i utmyntinga av verdiane, er overraskande. Miljøaspektet kjem først inn som ein del av utfordringane den nordiske modellen står ovanfor.

Ein openberr forskjell frå modellartikuleringa utarbeidd på byrjinga av 90-talet kviler på den overbevisande konkurransekraften dei nordiske økonomiane har utvist. På byrjinga av 90-talet har vi sett at SAMAK såg det som vanskeleg å føre ein økonomisk politikk som skilde seg frå omverda. Finansieringsproblema til den omfattande offentlege sektoren hadde også skua det

---

<sup>361</sup> "Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed"(2006) [internett]: s. 54

<sup>362</sup> Esping-Andersen (1999): s. 16

<sup>363</sup> Esping-Andersen (1999): s. 165



sentrale postulatet om ”rettferdas produktivitet” eit stykke unna. No er det tydeleg at dette produktive elementet er tilbake med full tyngde, og SAMAK uttrykk stor tru på krafta i det særeigent nordiske. Det er slik ein lang veg frå modellforståinga i ”Den nordiske samfunnsmodellen og Europa” og oppfordringane om å nytte omgrepet nordisk modell med varsemd til å hevde at: ”...den nordiske model [er] blevet et selvstændigt argument for omfattende forandringsprocesser i andre europæiske lande”.<sup>364</sup>

Slik eg les denne modellartikuleringa, er det tydeleg at modellomgrepet og vendinga mot verdiane bak den nordiske modellen igjen vert nytta som ein offensiv politisk reiskap. Korleis skal vi forstå dette? Ein måte å forstå politikk på, er å sjå den som eit forsøk på å gi eit svar på kven vi er, for slik å skape ein identitet for eit handlande kollektiv.<sup>365</sup> I ei slik forståing kan ein sjå kampen om innhald og tolkingar av omgrep som politikkenessens.<sup>366</sup> Det handlar om å fortelje menneske ei historie dei trur på, ei historie som gir formidlaren eigarskap til noko mottakaren kan identifiserer seg med. Det folk trur på er ein integrert del av den realhistoriske røyndomen, og publikasjonen formidlar ein bruk av modellomgrepet som inneber ein naturleg nordisk region som har makta å møte utfordringane i den globale røyndomen med bakgrunn i utmyntinga av eit underliggende sosialdemokratisk verdisett. Men er dette ei forståing og ein bruk av modellomgrepet ein kan finne att i andre av dagens SAMAK-dokument?

### **Rapport frå SAMAKs velferdsforum**

Som tenketank og møtestad for nordiske sosialdemokratar er diskusjonar om korleis ein kan møte nye utfordringar kjernen i SAMAK-samarbeidet. Når eg her vel å analysere rapporten SAMAKs velferdsforum la fram for Arbeidarkongressen i 2006, så er det for å finne ein måte å studere korleis modelltanken vert nytta i desse diskusjonane i dag. Velferdsforumet vart oppretta av SAMAKs leiarmøte i november 2004, mellom anna med bakgrunn i valanalysar som viste at nordiske veljarar tilla den konkrete velferdspolitikken stor vekt uavhengig av kva parti dei stemte på.<sup>367</sup> Under leiing av Ylva Johanson, dåverande minister for vård och äldreomsorg i Sverige, skulle forumet diskutere dei neste skritt for dei nordiske velferdssamfunna.<sup>368</sup>

---

<sup>364</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 4

<sup>365</sup> Neumann (2001): s. 123-124

<sup>366</sup> Stråth (1993): s. 57

<sup>367</sup> ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(2006) [internett]: s. 26

<sup>368</sup> Andre deltakarar i SAMAKs Velferdsforum: Bjarne Haakon Hanssen (Arbeids- og Inkluderingsminister, AP, Noreg), Jan Erik Støstad (Statssekretær Arbeids og inkluderingsministeriet, LO, Noreg) Olle Burrell og Refik Sener (Politisk sakkyndige – vård- och äldreomsorgsministern, Sverige) Lena Westerlund og Thord Petterson



Eit første spanande trekk er at ekspertise utanfor parti og fagrørsle vart trekt inn i arbeidet til forumet. Om arbeidsprosessen skriv leiaren i sin introduksjon at forumet har ført sine diskusjonar gjennom seminar og møte der *”...vi involveret en række akademikere, samfunnsdebattører, socialdemokrater og faglige tillidsvalgte i diskussionen om utviklingen af den nordiske velfærd”*.<sup>369</sup> Halde saman med måten modellartikuleringa vart utarbeidd på, er dette eit tydeleg teikn på at det har funne stad endringar i samarbeidsformene innanfor SAMAK dei seinare åra. Frå å vere ein relativt lukka møtestad for representantar frå parti og fagrørsle har utviklinga dei seinare åra opna SAMAK for impulsar frå eit breiare spekter av aktørar. Slik kan representantar frå akademien og andre samfunnsdebattørar bidra med kunnskap og innspel nyttige for den sosialdemokratiske politikktutforminga. I fråsegna *”Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover”* frå den 22. nordiske Arbeidarkongressen, der både den nye modellartikuleringa og rapporten frå Velferdsforumet vart debattert, heiter det at *”...det er nødvendig å sette av flere ressurser, både politiske og samfunnsvitenskaplige, til å identifisere klarere hvilke elementer i velferdsmodellen som skal og må tas vare på...”*.<sup>370</sup> Slik uttalar SAMAK eksplisitt at kunnskap frå akademien er avgjerande for skape eit grunnlag for dei vala som skal gjerast. Eit anna teikn på den noko opnare forma er at SAMAKs årsmøte i 2005 vart organisert med fleire eksterne debatantar.<sup>371</sup>

Men om vi no vender tilbake til Velferdsforumet, så skriv Ylva Johanson at det er tre tema som har fungert som utgangspunkt for diskusjonane: Det første er nødvendigeita av forsvaret av den nordiske velferdsmodellen og marknadsføringa av denne i Europa. Vidare er det forandring og fornying der utviklinga har skapt nye vilkår, mens det siste temaet har vore moglegheita for å skjerpe retorikken for å få fram dei nye skillelinjene i nordisk velferdspolitikk.<sup>372</sup> Og det er desse tre temaa eg vel å ta tak i i mitt møte med *”De næste skridt for nordisk velfærd”*.

---

(Utredningar for velferdspolitikk, LO, Sverige) Lene Hansen (Folketinget for Socialdemokratiet, Danmark), Lotte Bundsgaard (Politisk ordførar Socialdemokraterne, medlem av Folketinget og tidlegare boligminister) Preben Karlsen (LOs leiingssekretariat, Danmark), Janne Metsämäki (SDP/SAK, tidlegare spesialmedarbeidar for Social och hälsovårdsministeren, Finland), Mirja Janerus (Sosialpolitisk sakkkyndig, SAK, Finland) og Peter Palshøj (Generalsekretær, SAMAK)

<sup>369</sup> *”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”*(2006) [internett]: s. 2

<sup>370</sup> *”Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover”*(2006) [internett]

<sup>371</sup> *”Virksomhedsberetning for SAMAK 2005-2006”* [internett]

<sup>372</sup> *”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”*(2006) [internett]: s. 2

## *Forsvar for den nordiske velferdsmodellen*

Innleiingsvis i rapporten finn ein den same argumentasjonen som låg til grunn for utarbeidinga av publikasjonen om den nordiske modellen. Vi kan lese:

”Når disse år byder på en stor europæisk interesse for den såkaldte nordiske model, så har det hidtil handlet om den aktive arbejdsmarkedspolitik og dens succes med mange nye jobs i den internationale økonomi. I SAMAKs Velfærdsforum lægger vi stor vægt på, at de nordiske lande også har en vigtig opgave i at fortælle om sammenhængen mellem den aktive arbejdsmarkedspolitik og den generelle tryghed, som er skabt gennem et velfærdssamfund med lighed, retfærdighed og menneskeligt fællesskab som centrale værdier.”<sup>373</sup>

Som i modellartikuleringa er hovudpoenget at den nordiske modellen er ein heilskap som kviler på grunnleggande verdiar, og det er denne heilskapen som gjer den underliggande strukturen i ”...vores unikke og internationalt anerkendte nordiske velfærdsmodel.”<sup>374</sup> verd å forsvare.

Utgangspunktet for rapportens refleksjonar kring det særeigne ved dei nordiske velferdssamfunna er det stibundne i utviklinga: dagens samfunn er prega av valet av den generelle velferdsmodellen teke fleire tiår tilbake. Her tek altså rapporten opp i seg eit heilt avgjerande trekk frå forskartradisjonen. Som vi såg av gjennomgangen i innleiinga, er det eit viktig poeng både i den samfunnsvitskaplege- og den historiske velferdsstatsforskinga at det i tidlegare val ligg sterke føringar for velferdsstatens utvikling.<sup>375</sup> Slik eg les ”De næste skridt for nordisk velfærd” er føremålet med å rette merksemda mot denne stibundne utviklinga å knyte sosialdemokratisk eigarskap til valet av den generelle vegen.<sup>376</sup> I dagens samfunn ser Velfærdsforumet valet materialisert i ein omfattande, primært offentleg, velferdssektor som og er forutsetninga for ein familiepolitikk som fremjar likestilling og kvinners deltaking på arbeidsmarknaden. Vidare er rapporten klar på at den ambisiøse velferdspolitikken er ein viktig del av bakgrunnen for at dei nordiske landa gjer det så godt i den globale økonomien. Argumentet om rettferdas og likskapens produktivitet framstår som i modellartikuleringa som avgjerande for nordiske sosialdemokratar. I ein europeisk røyndom prega av ei aldrande befolkning viser dei til at det er mange røyster som talar for at velferdsambisjonane må senkast. Nettopp her er det SAMAK-rapporten uttrykker at dei nordiske landa kan spele ei avgjerande rolle ved å vise at gode velferdsytningar er forutsetninga for å meistre

<sup>373</sup> ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(2006) [internett]:s. 4

<sup>374</sup> ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(2006) [internett]: s. 21

<sup>375</sup> Sjå eksempelvis Esping-Andersen (1999): s. 174 og Christensen m.fl (2006): s. 351

<sup>376</sup> Når det gjeld eigarskapen til denne utviklinga er SAMAK på linje med Esping-Andersen (jamfør innleiinga i denne oppgåva)

vanskane.”Derfor skal vi forsvare den nordiske velfærdsmodell, når man i europæisk sammenheng taler om forskjellige sociale modeller. Vi har noget at byde på fra Norden med vore generelle velfærdssamfund”<sup>377</sup>, skriv Velferdsforumet.

### ***Eit medvite svar på ”velferdsstatens krise”***

Med ei medviten haldning til fortidas innverknad på dagens velferdsordningar kombinert med ønske om stendig fornying av velferdsstaten, meiner eg det er ein tydeleg parallell mellom det som kjem til uttrykk i SAMAK og arbeidet til Gøsta Esping-Andersen. Og når vegen no går vidare til utfordringane samtidas velferdsstat står føre, vert dette bandet tydelegare. Om eg her kort rekapitulerer Esping-Andersens hovudpoeng i *Social Foundations of Postindustrial Economies*, så finn ein dette i at velferdsstaten må analyserast i samspel med arbeidsmarknaden og familia si rolle i samfunnet. Når det utover 90-talet vart tala om ein velferdsstat i krise, så meiner Esping-Andersen at dette kom av at dei stibundne velferdsstatsregima ikkje makta å svare på endringane i familiestruktur og arbeidsmarknad. Unntaket ser han i dei nordiske sosialdemokratia, som han meiner opptrer som ei fleksibel framtidretta kraft i møtet med desse utfordringane. Ein fleksibilitet han meiner kjem fram ved at dei har makta å legge om velferdsinnsatsen på ein måte som opprettheld sysselsettinga og fødselstala.<sup>378</sup>

To av dei sentrale utfordringane ”De neste skridt for nordisk velfærd” teiknar opp for europeiske velferdsstatar, er den demografiske utviklinga med ei stendig aldrande befolkning, samt utfordringa med å etablere ein familiepolitikk som svarer til likestilling og den enkelte families behov. Svaret på desse utfordringane ser Velferdsforumet i ein moderne familiepolitikk der det skal vere mogeleg å kombinere aktivt arbeids- og familieliv. Og her er Velferdsforumet ved nøkkelen til det Esping-Andersen ser som det nordiske konkurransefortrinnet. Målet om ein fleksibel familiepolitikk, der sosialdemokratane avviser løysingar som har til føremål å betale kvinner for å halde seg borte frå arbeidsmarknaden, er for SAMAK ein måte å møte det som i Europa er eit dramatisk demografisk problem. Med mogelegheiter for begge foreldre i arbeidslivet og gode barneinstitusjonar, kan nedgangen i fødselstala stogkast samstundes som større likestilling vert oppnådd. For Velferdsforumet er dette ein sentral del av bakgrunnen for suksessen til den nordiske modellen og ei forståing

---

<sup>377</sup> ”De neste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(2006) [internett]: s. 6

<sup>378</sup> Esping-Andersen (1999) (Jamfør innleiinga i denne oppgåva.)

som bør eksporterast til øvrige europeiske land.<sup>379</sup> Og SAMAK meiner interessa for desse aspekta ved den nordiske modellen har fått land i Europa til å sjå nordover og studere den nordiske modellen.<sup>380</sup>

### *Den retoriske kampen*

I samtidas nordiske politiske diskurs er ikkje velferdsstaten eit belasta omgrep, slik tilfellet er i ein del andre europeiske land. Kampen står om fornyinga, om korleis velferda kan organiserast mest effektivt for dei breie folkelag. Men trass denne folkelege sigeren for kjerneomgrepet i den nordiske samfunnsmodellen, ein siger som langt frå var sikker gjennom 80- og 90-talets kriser, er det inga sjølvfølge at rørsla som i eiga sjølvforståing har vore hovudarkitekten bak den nordiske velferdsstaten får denne fornyingsoppgåva. Ser ein til Danmark, så viser Christoffer Green-Pedersen at det leiande borgarlege partiet Venstres valsigrar dei siste åra i stor grad har kome som eit resultat av at partiet har opparbeida seg eigarskap og truverde i forhold til velferdsstaten som politikkområde.<sup>381</sup> Og det er nettopp her Velferdsforumets fokus på den politiske retorikken som skal ”...klargjøre de nye skillelinjer om nordisk velfærdspolitik”<sup>382</sup> kjem inn i bilete. Som det var i Auken-gruppas arbeid, så er det tale om å demaskere det borgarlege prosjektet og syne at det ikkje står i forhold til dei hevdvunne verdiar i dei nordiske landa. I resolusjonen ”Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover” kan vi lese:

”Utfordringen gjelder også den politiske retorikk og kommunikasjon med velgere og befolkning. Politikken må profileres slik at den slår gjennom i dagens medie verden. Det er paradoksalt at den vellykkede nordiske velferdsmodellen trues av høyrekreftene med urealistisk budskap om ubegrenset valgfrihet og at kommersielle løsninger vil bli billigere for skattebetalerne.”<sup>383</sup>

At rørsla lukkast i denne retoriske kampen er heilt avgjerande for at sosialdemokratane skal få mandat til å forvalte og fornye modellen gjennom verdiane full sysselsetting, velferd og rettferd.

---

<sup>379</sup> ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(2006) [internett]: s. 8-10

<sup>380</sup> ”Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover”(2006) [internett] og ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(2006) [internett]: s. 10

<sup>381</sup> Green-Pedersen (2005).

<sup>382</sup> ”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab”(206) [internett]: s. 20

<sup>383</sup> ”Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover”(2006) [internett]

## Konkluderande tankar

Slik eg les ”De næste skridt for nordisk velfærd”, så speglar rapporten forståinga av den nordiske modellen som kjem til uttrykk i ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”. Det er tale om ei suksesshistorie med sosialdemokratiske anar, der kampen i dag står om å finne reiskapar og løysingar for å vidareføre eit hevdvunne verdsett som har synt at det let seg kombinere med ei produktiv utvikling. Hovudutfordringa vert då å formidle budskapet om at det ikkje er borgarlege marknadseksperiment, men ei sosialdemokratisk fornying som er vegen å gå i møte med nye utfordringar. Ettersom det innanfor sosialdemokratisk tenking har vore ei ujamn politisk gliding i retning av marknads- og fleksibilitetsparadigmet dei siste tiåra, kan ein kanskje forstå denne vendinga mot verdiane bak modellen som ein manøver i møte med dei pedagogiske vanskane denne budskapet ber med seg.<sup>384</sup> Ein manøver i møte med spørsmålet om kvifor sosialdemokratane er best eigna til å teikne denne grensa mellom det offentlege og private eller mellom tryggleik og fleksibilitet som dei også sjølve gradvis flyttar. Det indirekte svaret desse tekstane peikar mot, er det uttalte engasjementet for verdiane full sysselsetting, velferd og rettferd som rørsle ikkje er villige til å gå på akkord med.

Om denne merksemda mot dei bakanforliggende verdiane står det i ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”:

”Det normative fundament for den nordiske velfærdsstat har været forholdsvis upåagtet gennem mange år, hvor diskussionsaksen alene har været, hvad der er effektivt og økonomisk forsvarligt. Også langt ind i arbejderbevægelsen har man accepteret, at det har været den rette diskussionsakse. Det er det ingenlunde, for retfærdiggørelse af det offentliges indgreb, omfordelinger og aktiviteter og betydningen for mobilisering bag disse er meget afhængig af, at der vaskes grundværdier frem som er synlige og alment forståede og accepterede.”<sup>385</sup>

Slik eg har tolka vendinga mot verdiane så er det ikkje berre for å rettferdiggjere offentlege inngrep og omfordeling, men ein måte å bygge sosialdemokratisk identitet og eigarskap til den nordiske suksesshistoria. Samstundes finst det openberre problem med denne vendinga mot verdiane. Finst det eit fast fundament i desse? I ei tid med raske omskiftingar og krav om endringar taler modellartikuleringa om desse grunnleggande verdiane som rettesnorer for å

---

<sup>384</sup> Ein annan interessant analyse av vanskane dei svenske og danske sosialdemokratiske partia i dag står ovanfor, er gjort av Urban Lundberg og Klaus Petersen. Dei meiner at dei leiande borgarlege partia har bevegde seg mot midten i det politiske bilete og gjort mykje for å kommunisere at også dei representerer eit forsvar for velferdsstaten. Her skriv dei mellom anna: ”I de skandinaviske länderna är den politiska mitten samma sak som ett försvar för välfärdsmodellen” Lundberg og Petersen (2007)

<sup>385</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 51

unngå kortsiktige retningsendringar. I modellpublikasjonen kan vi lese: ”*At disse grunnleggende verdier har båret de nordiske lande gjennom tidligere økonomiske kriser, og også vil være et solidt fodfæste, når fremtidens utfordringer og kriser melder sig*”.<sup>386</sup>

Samstundes omtalar publikasjonen utmynting av dei grunnleggande verdiane som del av ei ”...*tilpasning og utvikling af det værdimessige grundlag*”.<sup>387</sup> Verdiane vert slik framstilt som både fast rettesnor og som noko som må tilpassast samfunnsutviklinga, framstillingar som nærmar seg det kontradiktoriske.

Sjølv om vendinga mot verdiane kan problematiserast, meiner eg den utlesinga dette kapitlet representerer teiknar eit ganske anna bilete av forståinga som i dag rådar av den nordiske modellen innanfor SAMAK, enn det Urban Lundberg konkluderer med i sin artikkel.

Modellen i si opprinnelege form kan kanskje verke som ein fjern skrivebordskonstruksjon ”...*where attempts to translate it into concrete action are associated with great danger*”,<sup>388</sup> men heile poenget med modellforståinga innanfor SAMAK er at modellkonstruksjonen skal kunne ta opp i seg nye verkemiddel.

---

<sup>386</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 5

<sup>387</sup> ”Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed”(2006) [internett]: s. 8

<sup>388</sup> Lundberg (2006): s. 297

## 7. Oppsummering og konklusjon

I innleiinga formulerte eg ei todelt problemstilling: ”Kva utfordringar ser den sosialdemokratiske rørsla for ein nordiske modell etter gullalderen, og kva vert gjort innafor SAMAK-samarbeidet for å skape ein modell som møter desse utfordringane? Korleis har forståinga og bruken av denne modellen endra seg fram til i dag?” Og vidare: ”Kva kan eit møte med desse spørsmåla fortelje om SAMAK, og er det med bakgrunn i ein slik studie mogeleg å spore konkrete ringverknader av SAMAK-arbeidet?” For å svare på desse spørsmåla har eg gjennom oppgåva fylgt modellforståingas utvikling innanfor Arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomité gjennom eit kvart århundre. Den historiske studien har vist at den nordiske modellen har vore ein viktig del av det sosialdemokratiske sjølvmedvitet, og at den kan fungere som ein nøkkel til forståing av dei endringsprosessane det nordiske sosialdemokratiet har vore gjennom dei seinare tiåra. Eit anna bidrag er vidare at møtet med problemstillinga har gjeve mogelegheita til å teikne eit bilete av kva SAMAK er og gjer.

### Modellen gjennom tre tiår

Av dokumenta eg har gått djupare inn i framstår tre som reine modellartikuleringar, kvar av dei frå forskjellige tiår. Den første av desse var debattinnlegget ”Den nordiske modellen” som Per Kleppe la fram for Arbeidarkongressen i Sandefjord i 1982. I dei sosialdemokratiske partia vart arbeida med politiske program på byrjinga av 80-talet til forsøk på å finne svar på utfordringane den sviktande trua på dei tradisjonelle keynesianske verkemidla og ei veksande høgrebølgje utgjorde i kjølvatnet av 70-åras økonomiske krise. Eg har lese modellartikuleringa som eit forsøk på å finne ein felles nordisk plattform i møte med desse utfordringane. Ein ”ny nordisk modell” vart presentert i kontrast til bilete av ein tradisjonell skandinavisk modell tida hadde sprunge frå, og i mi forståing er modellartikuleringa eit forsøk på å fylle modellomgrepet med innhald, eit innhald som kunne gjere modellen til ein reiskap i den politiske nytenkinga. I ei slik forståing framstår lanseringa av modellomgrepet som eit forsøk på å gjere det Kjell-Olof Feldt meinte det svenske kriseprogrammet ikkje makta: ”...att skapa en politisk plattform för att göra själva krisbekämpningen till en förnyelsesprocess, där nödvändiga positionsförflyttningar blev led i att förverkliga en vision om ett bättre samhälle”.<sup>389</sup> Den posisjonsforflyttinga modellartikuleringa førespegla talte for innrømmingar

---

<sup>389</sup> Feldt (1991): s. 25



i møte med høgrekraftene, og møtte motbør frå røyser i eigne rekker for å bevege seg for langt inn i fiendelandet.

Tre år seinare utarbeidde ei økonomisk-politisk arbeidsgruppe, Auken-gruppa, eit materiale som var tenkt å vere ein del av SAMAKs svar på utfordringane den økonomiske krisa og dei rådande nykonservative doktrinene utgjorde, for å halde liv i den nordiske modellen. I eit tid der marknaden dominerte ville Auken-gruppa skape eit truverdig sosialdemokratisk alternativ til handlingslamminga den meinte prega vestlege land etterkvart som internasjonaliseringa hadde redusert det nasjonale handlingsromet. I eit radikalt program argumenterte gruppa for eit utdjupa nordisk samarbeid og ein forhandla inntektspolitikk som dei to hovudkomponentane for å skape eit truverdig alternativ. Ved å samle dei nordiske landa meinte gruppa marginane for å føre ein sjølvstendig og ekspansiv økonomisk politikk kunne aukast, og ein aktiv nordisk næringspolitikk skulle i dette bilete sikre at stimulansen av økonomien kom dei nordiske landa til gode. Det mest omdiskuterte i gruppas forslag var likevel å køyre fram den forhandla inntektspolitikken som sosialdemokratisk svar på inflasjonsproblematikken. Her gjekk forslaga frå gruppa på tvers av utviklinga i samtida der mykje peika i retning av desentralisering og mindre statleg innblanding i lønsdanninga. Trass den massive kritikken forslaga om ein forhandla inntektspolitikk møtte på Arbeidarkongressen i Gøteborg, har eg frå ein norsk ståstad argumentert for at forslaga frå den nordiske arbeidsgruppa må inn som ein del av bakgrunnen for den inntektspolitikken som var opptakta til det norske Solidaritetsalternativet på byrjinga av 90-talet. Mogelegheitene i forståinga av Norden som ein samla aktør for ein ekspansiv økonomisk politikk viste seg derimot som lite realistiske.

At 80-talet innanfor SAMAK representerer ei politisk brytingstid i den politiske tenkinga og i forståinga av kva dei nordiske landa måtte gjere for å verne velferdsordningane, kom tydeleg fram i arbeidet med rapporten "Förnya den offentliga sektorn!". Lykketoft-gruppa nytta då det nordiske forumet til å lufte idear som var for kontroversielle å ta opp i dei nasjonale fora og føretok eit kraftig politisk linjeskifte i forhold til Auken-gruppas konklusjonar. Som hovudverkty i den universelt innretta velferdsstaten representerer den skattefinansierte offentlege sektor sjølve kjernen i den særeigne nordiske modellen. Ved å gå inn i denne sektoren for å gjere "*en förutsetningslös genomgång av centrala probelmställningar*",<sup>390</sup> der

---

<sup>390</sup> SAMAK (1986) b

arbeidsgruppa tok til orde for færre offentlege oppgåver og problematiserte det generelle systemet dei nordiske samfunna var bygd over, var det tydeleg at kritikken frå høgresida hadde ramma det sosialdemokratiske prosjektet. Sjølv med desse tydelege innslaga av "New Public Management" vart rapportarbeidet innanfor SAMAK likevel legitimert nettopp som eit forsvar for den nordiske modellen.

Den andre reine modellartikuleringa denne oppgåva har teke føre seg, er rapporten "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa" som SAMAK-sekretariatet utarbeidde i 1991. I møte med den tiltakande europeiske integrasjonen framstod SAMAK-rapporten som overraskande lite villig til å skilje ut dei nordiske samfunna som særleine. Den nordiske modellen hadde gått frå å vere eit offensivt politisk nytenkingsverktøy for politisk styring på byrjinga av 80-talet, til å representere eit knippe kjenneteikn som berre i styrkegrad skilde seg frå ein større europeisk modell. Dette knippet, samanfatta i "*...den velferdsorienterte markedsøkonomien, satsingen på sysselsetting, det relativt gode miljøet, kvinnenes stilling, eksistensen av sterke folkebevegelser og et demokrati der ulike sosiale grupper trekkes inn i beslutningsprosessen*",<sup>391</sup> vart på mange måtar berre ein rein karakteristikk. Tanken Aukengruppa fremja om dei nordiske landa som ein samla aktør med mogelegheit til å gå i utakt med omverdas krav, hadde i rapporten vorte til eit bleikare ønske om å påverke den europeiske utviklinga gjennom breiare samordning. At oppfordringa til ei breiare europeisk samordning ikkje trong vere eit uttrykk for resignasjon i møte med oppgåva om å formulere ein radikal sosialdemokratisk politikk, synte derimot sysselsettingsprogrammet SAMAK utforma to år seinare.

Mot slutten av oppgåva har vi sett ei ny og spanande vending kome til syne i modelltenkinga innanfor SAMAK. Etter at dei fleste økonomar på byrjinga av 90-talet meinte den nordiske kombinasjonen av høgt skattetrykk, omfattande velferdsstatar, sterkt inngripande reguleringar samt korporative tradisjonar mellom stat, arbeidsgivar og fagrørsle ikkje ville makte å hevde seg i den globale konkurransen, har den faktiske utviklinga vist noko anna. Dei nordiske økonomiane har klart seg godt og har i SAMAKs forståing "*...blevet et selvstændigt argument for omfattende forandringsprosesser i andre europæiske lande*".<sup>392</sup> Dette er utgangspunktet for den tredje uttalte modellartikuleringa eg har sett på, der SAMAK har valt å vende merksemda mot dei grunnleggjande verdiane bak den nordiske suksesshistoria.

---

<sup>391</sup> SAMAK (1991): s. 4

<sup>392</sup> "Nordicmodel.info – Historien om aktive samfund bygget på velfærd og retfærdighed"(2006) [internett]: s. 4

Føremålet med modellarbeidet vert internt i SAMAK presentert som ein del av arbeidet med å syne at den nordiske modellen er meir enn den fleksible arbeidsmarknaden som i omverda vert gitt mykje merksemd. Slik eg har lese modellarbeidet er det også ein del av kampen om eigarskapen til den nordiske suksesshistoria og om mandatet til å forvalte og fornye det som i rørselas sjølvforståing ligg forankra på "våre" verdjar.

### **Kva er det nye i denne oppgåva?**

Lite forskning er gjort på det som har funne stad innanfor Arbeidarrørselas nordiske samarbeidskomité dei siste tiåra. Artikkelen "A Leap in the Dark. From a Large Actor to a Large Area Approach: The Joint Committe of the Nordic Social Democratic Labour Movement and the Crisis of the Nordic Model", er eit heiderleg unntak, men hindrar ikkje at både SAMAK i seg sjølv og kva som har kome ut av dette samarbeidet er relativt lite kjent. Ved å gå inn i eit kjeldemateriale basert på den interne nordiske sosialdemokratiske diskursen har det vore mogeleg å kome nært dei nye tankane endringar i den politiske røyndomen har sett i sving i den sosialdemokratiske rørsela. I mi tilnærming har eg valt ei problemformulering som bygg vidare på forståinga Urban Lundberg gir av SAMAK som ein stad der tanken om den nordiske modellen vert via stor merksemd. Men der Lundberg har trukke sine konklusjonar på bakgrunn av det trykte materialet, har eg gjennom eit breiare kjeldetilfang hatt mogelegheita til å gå fleire steg vidare. Det utvida kjeldetilfanget, med fleire rapportar som tidlegare ikkje har vore undersøkte, ei problemstilling som angrip modellforståinga frå ein ny vinkel og ei tilnærming gjort frå ein norsk ståstad, har fått fram mange nye opplysningar. Desse funna ligg til grunn for konklusjonar som dels underbygg og utdjupar arbeidet Lundberg har gjort, men som på andre punkt også strid mot dette.

Opningskapitlet i oppgåva, som omhandlar Kleppegruppas artikulering av ein ny nordisk modell, tek føre seg eit arbeid Lundberg ikkje nemner og som etter det eg kjenner til heller ikkje er lyssett andre stader i den historiske forskingslitteraturen. Denne modellartikuleringa eignar seg til å utdjupe inntrykket Lundberg har av at det innanfor SAMAK hadde vakse fram ei forståing av ein nordisk modell det var verdt å forsvare, samstundes som den syner at denne modellen ikkje vart nytta berre som eit fiksert bilete av det ein hadde oppnådd, men som ei kjelde til nytenking. I møte med Auken-gruppas arbeid deler eg i mi utlesing Lundbergs forståing av at det her er tale om å gjere Norden til ein samla aktør, mens det nye ligg i avdekkinga av omstenda kring utarbeidinga og resepsjonen arbeidet fekk. Når det gjeld den overordna linja i modellforståinga er det først frå midten av 90-talet og fram til i dag at mi

tolking skil seg grunnleggande frå Lundberg si. Lundberg ser på byrjinga av 90-talet ein nordisk modell i krise, og sjølv om han legg vekt på at det heilt inn i det nye årtuset i SAMAK-regi har vore gjort arbeid for å etablere forståinga av ein nordisk modell innanfor det nye Europa, så meiner han at "...with every report published, history becomes further removed and the surrounding world more present".<sup>393</sup> Dette får i hans forståing den nordiske modellen til å framstå som ein stendig fjernare skrivebordskonstruksjon. Eg meiner derimot at den overraskande gode konkurranseevna dei nordiske økonomiane har utvist dei seinare åra innanfor SAMAK har revitalisert forståinga av at det finst ein eigen nordisk veg. Ein veg som skil seg frå den dei andre europeiske landa har valt. Vidare er vendinga mot dei grunnleggande verdiane bak den nordiske modellen noko eg forstår som eit ønske om å knyte eigarskap til ein modell i framgong.

Heilt nye bidrag til forskinga har kome til der arbeidet med kjeldematerialet har gjort det mogeleg å syne konkrete ringverknader av SAMAK-arbeidet. Fotmerka sysselsettingsprogrammet "Sett Europa i Arbeid!" sette som premissleverandør for utarbeidinga av den samla sysselsettingsstrategien innanfor EU er spanande i så måte. Sjølv om Karl Magnus Johansson i sine undersøkingar har trekt linjene frå Amsterdam tilbake til SAMAK, så har eg med mitt utgangspunkt i samarbeidskomiteen kunne studere innhaldet i det nordiske sysselsettingsprogrammet. Dette meiner eg viser eit sterkare band til SAMAK enn det som kjem til uttrykk hjå Johanson. Arbeidet med rapporten "Sett Europa i Arbeid!" gjorde det også klart at trua på meir tradisjonelle sosialdemokratiske løysingar framleis kom til uttrykk mellom nordiske sosialdemokratar inn på 90-talet.

Frå ein norsk ståstad har eg også argumentert for at SAMAK-impulsar har vore viktige i den nasjonale politikkkutforminga. Den politiske nyorienteringa i Arbeidarpartiet i andre halvdel av 80-talet gjekk parallelt med utarbeidinga av program i SAMAK-regi som tok føre seg dei nye tankane, og materialet syner at det ikkje var tette skott mellom dei nye tankane på nasjonalt og nordisk nivå. Påverknaden frå SAMAK er ikkje omtala i det som er skrive om utarbeidinga av Arbeidarpartiets meir marknadsvennlege profil og eg meiner tankane sentrale aktørar som Gunnar Berge, Einar Førde, Thorbjørn Jagland og Gro Harlem Brundtland tok med seg frå dei nordiske samlingane må inn i dette bilete. Eg har også tala for at forståinga av det svært mykje omtala Solidaritetsalternativet, som reetablerte og formaliserte det norske

---

<sup>393</sup> Lundberg (2006): s. 297

trepartssamarbeidet på byrjinga av 90-talet, kan utdjupast ved å sjå mot SAMAK. Men kva kan eg med bagrunn i undersøkingane eg har gjort seie om Arbeidarrørslas nordiske samarbeidskomite?

### ***Kva syner oppgåva om SAMAK?***

Eigentleg er det oppsiktsvekkande at eit forum Per Kleppe omtala som ”...eit av dei viktigaste i Norden”,<sup>394</sup> ikkje er meir forska på. Eg har nytta omgrepet ”tenketank” om SAMAK og deler Urban Lundberg si forståing av at dette er eit forum som har givne: ”...opportunities for leading Nordic Social Democrats and trade unionist to establish personal contacts and compare experiences and perspectives within central areas of policy”.<sup>395</sup> Tidlegare i oppgåva har eg gjengitt grunngevinga den økonomisk-politiske arbeidsgruppa gav for at dei ønskte å ta tak i den offentlige sektor i SAMAK-regi:

”Vi anser att det vore värdefullt att göra en sådan genomgång på ett nordisk plan därför att våra utgångspunkter och värderingar är tillräckligt lika för att ge en solid grund för diskussioner och förslag, men våra system är ändå tillräckligt olika för att belysa problemen och stimulera till slutsatser om möjliga alternativ.”<sup>396</sup>

Sitatet dekkjer ikkje berre den økonomisk-politiske gruppa sitt arbeid, men fangar slik eg ser det denne meir allmenne verdien ved SAMAK-samarbeidet på ein god måte. Samstundes som dei i samarbeidet dreg vekslar på dei små skilnadane mellom landa, understrekar den sterke merksemda retta mot modellomgrepet forumets rolle som identitetsskapar. SAMAK gir på denne måten medlemsorganisasjonane ei større ramme dei kan forstå og legitimere sitt arbeid innanfor.

I det som tradisjonelt har vore eit relativt lukka forum føregår mykje av det politiske nybrottsarbeidet i arbeidsgrupper. Gruppene får så ved SAMAK-møter og arbeidarkongressane mogelegheit til å fremje sine konklusjonar. Undersøkingane av arkivmateriale etter slike gruppearbeid meiner eg har utvida forståinga av SAMAK. Det har vore mogeleg å rette merksemd mot arbeidsprosessen i samarbeidskomitéen og samstundes teikne opp vegen frå ide til endeleg rapport. Funna av konkrete ringverknader frå desse gruppearbeida syner vidare at SAMAK ikkje berre er ein møtestad for utveksling av idear, men også sjølv har verka som premissleverandør.

---

<sup>394</sup> Intervju med Per Kleppe 26.02.2007

<sup>395</sup> Lundberg (2006): s. 272

<sup>396</sup> SAP 1986: Den offentliga sektorn. Samhällsekonomska frågeställningar till diskussion i SAMAK-gruppen

Eit anna spanande trekk er at samarbeidsforma har endra seg noko dei seinare åra. SAMAK har opna opp det lukka samarbeidet for bidrag frå eksterne aktørar og trekk kunnskap frå akademia tydelegare inn i sine arbeid. Det uttalte ønske om å trekke vekslar på samfunnsvitskaplege ressursar for å klarere kva element ved den nordiske velferdsmodellen som skal takast vare på, underbygg denne forståinga.<sup>397</sup> Korleis samarbeidskomiteen vel å fylgje opp dette ønske er noko det vert spanande å fylgje i framtida.

### **Nye spørsmål**

I denne studien av SAMAK har eg valt å undersøke ein relativt lang periode. Dette har gjort det mogeleg å studere endringar over tid, men valet av den lengre linja har samstundes medført avgrensing av breidda på undersøkingane. Med ei slik tilnærming ligg det i oppgåvas natur at den opnar opp felt som etterlet seg mange ubesvarte spørsmål. Avslutningsvis kan det vere interessant å reflektere litt rundt eit par av desse.

På ein del område har eg også gått inn og sett på korleis SAMAK-arbeidet forhold seg til den nasjonale politikkkutforminga. I all hovudsak har eg då retta merksemda mot Noreg og Det norske Arbeidarparti. Med augene vendt mot dei andre nordiske landa ville andre samanhengar kome til syne. Her står difor mykje ope etter dette arbeidet. Ved å sjå utviklinga i SAMAK opp mot utviklinga i fleire av dei nordiske landa, vil det også vere mogeleg å danne eit bilete av kven som har vore pådrivarar og bremser i utviklinga. Det kan også vere interessant å rette blikket mot Europa og SAMAK si rolle i ein vidare samanheng.

Eg har i oppgåva synt at SAMAK-rapporten ”Sett Europa i arbeid!” vart aktivt nytta i Dei eurpeiske sosialdemokratars parti (PES), noko som gav arbeidet slagkraft inn mot den Europeiske Union. Eg har også peikt mot den europeiske konferansen SAMAK skipa til på Bommersvik i 1985, der bodskapen frå Auken-gruppa vart kommunisert til delegatar frå eit 30-tals politiske og faglege organisasjonar. Ein del av føremålet med SAMAK er nettopp å knytte kontakter og utveksle erfaringar med europeisk og internasjonal arbeidarrørsle. For SAMAK er det også eit uttalt mål å hevde dei sosialdemokratiske verdiane i dei europeiske og internasjonale samhengane medlemsorganisasjonane verkar.<sup>398</sup> Etter mi meining syner det begrensa arbeidet eg har gjort for å vise impulsane frå SAMAK-arbeidet ut i det europeiske

---

<sup>397</sup> ”Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover”(2006) [internett]

<sup>398</sup> ”Hvad er SAMAK” [internett]

rom at dette kan vere ein tråd å fylgje vidare. Spørsmålet om korleis det nordiske sosialdemokratiske samarbeidet forhold seg til det europeiske og internasjonale samarbeidet og vidare kva gjennomslag nordiske sosialdemokratar har oppnådd gjennom SAMAK som felles plattform, kan utgjere startpunkt for vidare studiar.



## Litteratur og kjelder:

### Litteratur:

Andersson, Jenny: *Mellan tillväxt och trygghet. Idéer om produktiv socialpolitik i socialdemokratisk socialpolitisk ideologi under efterkrigstiden*. Doktorsavhandling för filosofie doktorsexamen i ekonomisk historia framlagd vid Uppsala universitet, 2003

Andersson, Jenny: "Produktiv socialpolitik i socialdemokratisk ideologi" I *Nytt Norsk Tidsskrift* Nr. 3-4 2004 21. årgang

Baldwin, Peter: *The Politics of Social Solidarity*. Cambridge, Cambridge University Press, 1990

Benum, Edgeir: *Overflod og fremtidsfrykt 1970-. Aschehougs Norges Historie bind 12*. Oslo, Aschehoug. 1998

Bergh, Trond: "Solidaritetsalternativet – typisk LO?" I: *Arbeiderhistorie. Årbok for Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek*, 1999

Bjørnhaug, Inger, Bjørnson, Øyvind, Halvorsen, Terje og Ågotnes, Hans-Jacob (red.): *I rettferdighetens navn. LO 100 år historisk blick på fagbevegelsens meningsbrytninger og veivalg*. Oslo, Akribe, 2000

Christensen, Tom: "Staten og reformenes forunderlige verden" I: *Nytt Norsk Tidsskrift* 3/2006

Christiansen, Niels Finn, Petersen, Klaus, Edling, Niels og Haave, Per (red.): *The Nordic Model of Welfare – A Historical Reappraisal*. København, Museum Tusulanum Press, 2006

Dølvik, Jon Erik og Stokke, Torgeir Aarvaag: "The Revival of Centralized Concentration". I: *Changing Industrial Relations in Europa*. Ferner, Anthony og Hyman, Richard (red.). Blackwell Publishing, 1998

Esping-Andersen, Gøsta: *The Three Worlds of Welfare Capitalism*. Oxford, Polity Press, 1995

Esping-Andersen, Gøsta: *Social Foundations of Postindustrial Economies*. Oxford, University Press, 1999

European Commission: *Treaty of Amsterdam: what has changed in Europe*. Luxembourg, Office for Official Publications of the European Communities, 1999

Evans, Richard J.: *In Defence of History*. London, Granta Books, 1997

Feldt, Kjell-Olof: *Alla dessa dagar... i regeringen 1982-1990*. Stockholm, Norstedts, 1991

Furre, Berge: *Norsk Historie 1914-2000*. Oslo, Det Norske Samlaget, 2000

Goetschy, Janine: "The European Employment Strategy: Genesis and Development". I: *European Journal of Industrial Relations*. 5(2). 1999

Green-Pedersen, Christoffer: "Dør Lægen nødvendigvis, og lykkedes operationen nu også så godt? Socialdemokratiet og velfærdsstaten på den politiske dagsorden i Danmark". I: *Arbejderhistorie* nr. 4 2005

Grøndahl, Øyvind N og Grønlie, Tore: *From the Swedish Ideal to EU Direction: Scandinavian Central-State Administrative Reform in the 1980s and 1990s, in a Post-1945 Perspective*. I: *Jahrbuch für Europäische Verwaltungsgeschichte* 16, 2004

Heiret, Jan: "Et nasjonalt system i en internasjonal verden 1978-2003". I: *Arbeidsliv, historie, samfunn. Norske arbeidslivsrelasjoner i historisk, sosiologisk og arbeidsrettslig perspektiv* Fagbokforlaget, 2003

Hirdman, Yvonne: *Att lägga livet til rätta – studier i svensk folkhemspolitik*. Stockholm, Carlsson Bokförlag, 1990

Hobsbawm, Eric: *Ekstremismens tidsalder. Det 20. århundrets historie*. Oslo, Gyldendal, 1997

Jacobsson, Kerstin: "EU:s sysselsättningsstrategi som institutionaliserad kompromiss". I: *Lissabonstrategin i halvtid. Europaperspektiv 2005*. Årsbok för europaforskning inom ekonomi, juridik och statskunskap, Santerus Förlag, 2005

Jenkins, Keith: *Re-thinking History*. New York Routledge, 2003

Johansson, Karl Magnus: "Tracing the Employment Title in the Amsterdam Treaty: Uncovering Transnational Coalitions" I: *Journal of European Public Policy*, 6 (1), 1999

Kautto, Mikko, Fritzell, Johan, Hvinden, Bjørn, Kvist, Jon og Uusitalo, Hannu (red.): *Nordic Welfare States in the European Context*. London, Routledge, 2001

Kjellberg, Anders: "Sweden: Restoring the Model?". I: *Changing Industrial Relations in Europa*. Ferner, Anthony and Hyman, Richard (red.), Blackwell Publishing, 1998

Kleppe, Per: *Kleppepakke –Meninger og minner fra et politisk liv*. Oslo, Aschehoug, 2003

Ladrech, Robert: "Partisanship and Party Formation in European Union Politics". I: *Comparative Politics* 24, 1997

Lundberg, Urban: "A Leap in the Dark. From a Large Actor to a Large Area Approach: The Joint Committee of the Nordic Social Democratic Labour Movement and the Crisis of the Nordic Model." I: *The Nordic Model of Welfare*. København, Museum Tusulanum Press, 2006

Lundberg, Urban og Petersen, Klaus: "Social Democracy and the Welfare State in Denmark and Sweden since the 1960`s" Københavns Universitet Arbejdsrapport nr. 3, sept. 1999

Lundberg, Urban og Petersen, Klaus: "Qou vadis?" Ideologi och strategi i dansk och svensk socialdemokrati 1990-2006", Upublicert manuskript, 2007

- Neumann, Iver B: *Mening, materialitet, makt – En innføring i diskursanalyse*. Oslo, Fagbokforlaget, 2001
- Nyhamar, Jostein: *Nye utfordringer 1965-1990. Arbeiderbevegelsens historie i Norge bind 6*. Oslo, Tiden Norsk Forlag, 1990
- Sassoon, Donald: *Hundra år av socialism. Vänstern i Europa under 1900-talet*. Stockholm, Atlas, 2003
- Sejersted, Francis: "Frihetsrevolusjonen". I: *Nytt Norsk Tidsskrift* 3/2007
- Sejersted, Francis: *Socialdemokratiets tidsalder*. Oslo, Pax Forlag,, 2005
- Seip, Anne-Lise: "Velferdsstaten – en Nordisk Modell?". I: *Arbeiderhistorie 91 – Årbok for Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek*, Oslo, 1991
- Skånland, Hermod: *Inntektspolitikens dilemma – kan det løses?*. J.W. Cappelens Forlag. 1981
- Skånland, Hermod: *Doktriner og økonomisk styring. Et tilbakeblikk*. Norges Banks skriftserie Nr. 36. 2004
- Stråth, Bo: "Den Nordiska Modellen. Historisk bakgrunn og hur talet om en nordisk model uppstod." I: *Nordisk tidskrift för vetenskap, konst och industri*. 69, Stockholm, 1993
- Terjesen, Einar A: *Norsk Kommuneforbund 75 år Bind 3 1970-1995 Samhold gir styrke*. Tiden Norsk Forlag, 1997
- Tjernshaugen, Karen R: "Hellige kyr på slaktebenken. Nyorientering i Arbeiderpartiet på 1980-tallet" Masteroppgåve i historie, Bergen, 2006
- Åmark, Klas: *Hundra år av välfärdspolitik – välfärdsstatens framväxt i Norge och Sverige*. Umeå, Boréa, 2005

### **Trykt materiale:**

#### ***Rapportar frå SAMAK:***

SAMAK 1985: *Näringspolitik för Norden Rapport från ekonomisk-politisk grupp inom SAMAK* ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

SAMAK 1985 b: *Solidaritet för tillväxt och sysselsättning Rapport utarbetad av ekonomisk-politisk grupp inom SAMAK* ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København

SAMAK 1986: *Organisation och arbetsformer. Riktlinjer för arbetarrörelsens nordiska samarbetskommitté SAMAK 1987* (nordisk arbeiderkongress (17: 1986: Göteborg))

SAMAK 1986 b: *Utveckla Norden 17:e Nordiska Arbetarekongress*. Folkets hus, Göteborg 1986. Anførande. Trykt rapport ved Arbetarrörelsens Arkiv och Bibliotek i Stockholm.

SAMAK 1986 c: De nordiska arbetarekongresserna under 100 år. Arbetarrörelsens framväxt och utveckling i de nordiska länderna. Ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København

SAMAK 1987: "Möjligheternas samhälle" Rapport frå SAMAKs kommunale gruppe. Trykt rapport ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

SAMAK 1990: "Förnya den offentliga sektorn! Rapport från SAMAKs ekonomisk-politiska grupp". Trykt rapport ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

SAMAK 1990 b: "Hela Nordens Framtid. 18:e Nordiska Arbetarkongressen 25.-27. april 1990 Folkets Hus Helsingfors". Trykt rapport ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

SAMAK 1990 c: "Leve Norden! Vern og velferd. Miljøprogram for SAMAK". Trykt rapport ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

SAMAK 1991: "Den nordiske samfunnsmodellen og Europa". Trykt rapport i SAMAKs arkiv ved Arbetarrörelsens Arkiv och Bibliotek i Stockholm.

SAMAK 1993: "Sett Europa i Arbeid! Forslag til et nytt økonomisk og sosialt samarbeid" Trykt rapport ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

SAMAK 1998: "Nordisk velferd. Debattopplegg" Lagt fram ved SAMAKs Velferdskonferanse 23.-24.10 1998 i Helsingør. Trykt rapport ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.

***Partiprogram:***

"*Ny vekst for Norge*", arbeidsprogram for perioden 1986-1989, vedteke på Arbeidarpartiets landsmøte i 1985.

"*Krav til innsats for felles framtid*", arbeidsprogram for perioden 1990-1993, vedteke på Arbeidarpartiets landsmøte i 1989.

***Andre program:***

*Langtidsprogrammet 1982-1985* lagt fram som St.meld. nr. 79 (1980-81) av Planleggingssekretariatet

PES 1993: *Put Europe to Work Declaration of the leaders of the party of european socialists: "The European Employment initiative"* Brussel 9<sup>th</sup> December 1993. Trykt rapport i: SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 6

*Sett Europa i arbeid* Norsk oversetting av den endelege versjonen av PES programmet: *Put Europe to Work*. Utgave av Det norske Arbeidarparti oktober 1994

**Arkivmateriale:*****ARK 2566 Kleppe Per: Serie D Ved Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek i Oslo***

PKL 1981 "Arbeiderbevegelsen i 1980-årene. Sammendrag av Per Kleppe's innlegg på Den nordiske samarbeidskomité's møte på Bommersvik 15.- 16. mai 1981." 15.5.81 Kle/ea. Opprettet 17.8.81. I boks 114: "Partiet 1974-81"

PKL 1981 b "En ny skandinavisk modell" med Kari Gjestebys kommentarer i teksten. Opprinneleg dokument datert 23.10.81, kommentarane 19.11.81. I boks 114: "Partiet 1974-81"

PKL 1981 c Adresseliste over medlemmar i modellskrivargruppa. Datert 1981 09 25. I boks 114: "Partiet 1974-81"

PKL 1981 d "Noen momenter for diskusjonene på Star Hotell 14. august 1981" Datert 11.8.81. I boks 114: "Partiet 1974-81"

PKL 1981 e Notatar merka "Leangkollen 27/10 81" I boks 114: "Partiet 1974-81"

PKL 1981 f Brev datert 9.11.1981 frå Pekka Korpinen til Per Kleppe. I boks 114: "Partiet 1974-81"

***3335 Clas-Erik Odhners Arkiv Ved Arbetarrörelsens Arkiv och Bibliotek i Stockholm***

Odhner 1987: "Diskussionspunkter om offentlig sektor. SAMAKS ek-pol kommitt Helsingfors 25/5 87". Datert 87 05 19. I Clas-Erik Odhner vol. 57

Odhner 1988: "Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp Version 2" Datert 88-05-22 og skrive av Klas Eklund. I Clas-Erik Odhner vol. 57

Odhner 1989 "Udkast til følgeskrivelse til diskussionsmateriale om rapport fra SAMAKs økonomisk-politiske gruppe om fornyelse af den offentlige sektor" telefax frå Mogens Lykketoft til Christer Ahlen. Datert den 22. mai. 1989. I Clas-Erik Odhner vol. 57

***ARK 1001 Det Norske Arbeiderparti. Ved Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek i Oslo***

DNA 1981: "Förslag till dag- och arbetsordning. SAMAK-mötet, Leangkollen, Asker, 27-28 oktober 1981". I boks 221: "SAMAK 1970-81"

DNA 1985: Brev datert årsskiftet 84/85 frå Svend Auken til SAMAK. I boks 222: "SAMAK 1982-85"

DNA 1985 b: Sammanfattning av rapporten Näringspolitik för Norden. I boks 222: "SAMAK 1982-85"

DNA 1985 c: En politikk för produktiv rättvisa – Uttalande av SAMAKs europeiska konferens 15-17 november 1985. I boks 223: "SAMAK 1985"

DNA 1985 d: "SAMAKs verksamhet 1985 – i sammanfattning." I boks 350 "SAMAK frå 1986-88" (Uordna materiale)

DNA 1985 e: "Konferensdokument till SAMAKs europeiska konferens 15-17 november – andra utkast" datert 1985-10-01. I boks 223: "SAMAK 1985"

**1989 SAPs Arkiv. Ved Arbetarrörelsens Arkiv och Bibliotek i Stockholm**

SAP 1981: Brev datert 25. mai 1981 frå Sven Dahlin/Gunilla Banks til Per Kleppe. I boks 23: "SAMAK Int. enh- Nordiskt 1980-1981 F2G"

SAP 1981 b: "PM i anslutning till förslaget till dagsordning vid mötet den 27 – 28 oktober 1981 med arbetarrörelsens nordiska samarbetskommite (SAMAK)" I boks 25: "SAMAK Int. enh- Nordisk 1981-1984 F2G"

SAP 1981 c: Brev datert 10. juli 1981 frå Per Kleppe til Sven Dahlin/Gunilla Banks. I boks 23: "SAMAK Int. enh- Nordisk 1980-1981 F2G"

SAP 1981 d: Brev datert 11. august 1981 frå Per Kleppe til Sven Dahlin/Gunilla Banks. I boks 23: "SAMAK Int. enh-Nordisk 1980-1981 F2G"

SAP 1981 e: Deltagarlista for den Nordiska Kleppe-gruppen (Stockholm, 1981 08 14). I boks 23: "SAMAK Int. enh- Nordisk 1980-1981 F2G"

SAP 1981 f: Brev datert 21. august 1981 frå Sven Dahlin/Gunilla Banks til Nordiska Kleppe-gruppen. Boks 23: "SAMAK Int. enh- Nordisk 1980-1981 F2G"

SAP 1981 g: Brev datert 23. oktober 1981 frå Per Kleppe til Sven Dahlin. Boks 23: "SAMAK Int. enh- Nordisk 1980-1981 F2G"

SAP 1981 h: Brev datert 2. november 1981 frå Sven Dahlin/Gunilla Banks til Kjell Olof Feldt, Clas-Erik Odhner, Pekka Korpinen. Boks 23: "SAMAK Int. enh- Nordisk 1980-1981 F2G"

SAP 1982: "Den nordiske modellen – et debattinnlegg" av Per Kleppe – lagt fram ved den nordiske arbeiderkongress 1982. Boks 26: "SAMAK Int. enh. Nordisk 1982 F2G"

SAP 1985: PM angående Auken-gruppens rapport. Frå Michal Sohlman til Björn Wall, datert 1985-01-08. I Boks 29: "SAMAK Int. enh. Nordisk 1984-1985 F2G"

SAP 1985 b: Notat med tittelen: "Konferens med företrädare för europeisk socialdemokrati och fackföreningsrörelse i november 1985, arrangerad av SAMAK." datert 85.02.11. I Boks 32: "SAMAK Int. enh. Nordisk 1985 F2G"

SAP 1986: "Den offentliga sektorn. Samhällsekonomiska frågeställningar till diskussion i SAMAK-gruppen" Datert 86-12-22. I Boks 31: "SAMAK Int. enh. Nordiskt 1985-1989 F2G"

SAP 1986 b: "PM om SAMAK-gruppens fortsatta arbete" Datert 1986-07-11 og skrive av Clas-Erik Odhner. I Boks 31: "SAMAK Int. enh. Nordisk 1985-1989 F2G"

SAP 1987: "Den offentliga sektorn. PM till SAMAKs ekonomisk-politiska grupp" Datert 87-05-11 og skrive av Klas Eklund. I Boks 31: "SAMAK Int. enh Nordisk 1985-1989 F2G"



**500 Socialdemokratiets Ariv. Ved Arbejderbevægelsens Bibliotek og Arkiv i København.**

Socialdemokratiet 1983: "Udtalelse fra Den Nordiske Samarbejdskomite`s møde i Køge, den 15.-16. februar 1983." I boks 969/1

Socialdemokratiet 1985: Anteckningar och beslut vid SAMAKs møte den 16-17 januari 1985 – hotell SAS Globetrotter, Fornebu flygplats, Oslo. I boks 969/3

**1213 SAMAKs Arkiv. Ved Arbetarrörelsens Arkiv och Bibliotek i Stockholm.**

SAMAK 1990 (1): "Protokoll- fört vid gemensamt möte mellan partisekreterarna och LO-företrädarna den 12.-13. december 1990, Köpenhamn, Danmark." I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1991 (1) "Utredning om den "nordiske modell" i et europeisk perspektiv" vedlagt Protokoll fra det ordinære SAMAK-møte 17. – 18. januar 1991 i Helsingfors. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1992 (1): "Uttalelse om Norden i Europa" frå SAMAKs ordinære møte 16-17 januar 1992. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1992 (2): Protokoll fra partisekretærmøte på Bommersvik utenfor Stockholm 24. og 25. mars 1992. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1992 (3): "Europa kan gøre det bedre" uttalelse frå SAMAK den 18. mai 1992 ved Formannsmøtet i København. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1992 (4): "Vedr. dansk initiativ om SAMAK-møte i København i forbindelse med folkeavstemningen om EF-union" Notat utarbeidd av Frode Forfang. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1992 (5): Verksamhetsberetelse 1991 I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 1993 (1): Protokoll frå SAMAKs ordinære møte 21.-22. januar 1993. Oslo. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 2

SAMAK 2000 (1) "Slutrapportering fra SAMAKs velfærdsgruppe" lagt fram ved SAMAKs årsmøte 13.-14. januar 2000. I SAMAK Arbetarrörelsens Nordiska samarbetskommite Acc 2000/80 Volym 6.

**SAMAK-materiale frå internett:**

SAMAK har eiga heimeside med adressa: <http://www.socialdemokratiet.dk/samak/> Under fanen "Rappoter fra SAMAK" tilgjengeleg frå:

<http://socialdemokraterne.dk/A-Samak-Rapporter-fra-SAMAK-default.aspx?site=samak&func=article.view&menuAction=selectClose&menuID=142120&id=142133> , har eg nytta fylgjande dokument:

"Kampen for den nordiske velferdsmodellen – veien framover" Forslag til resolusjon/uttalelse om velferd på den 22. nordiske arbeiderkongress. [lasta ned 25.03.2007]



”De næste skridt for nordisk velfærd: Et moderne menneskelig fællesskab” rapport fra SAMAKs Velferdsforum. [lasta ned 25.03.2007]

”Virksomhedsberetning for SAMAK 2005-2006” [lasta ned 25.03.2007]

Under fanen ”Hvad er SAMAK” tilgjengeleg frå: <http://socialdemokraterne.dk/A-Samak-Hvad-er-Samak-default.aspx?site=samak&func=article.view&menuAction=selectClose&menuID=142157&id=139123> har eg nytta:

”Hvad er SAMAK” [lasta ned 28.11.2007]

SAMAK har også oppretta ein eigen nettportal om den nordiske modellen med adressa: <http://www.nordicmodel.info>. Her har eg funne fylgjande artikkel:

”Nordicmodel.info – Historien om aktive smfund bygget på velfærd og retfærdighed” utgitt av SAMAK i samarbeid med den socialdemokratiske gruppe i Nordisk Råd og Socialdemokraterne/Danmark. [www.nordicmodel.info](http://www.nordicmodel.info) (<http://socialdemokraterne.dk/A-Nordicmodel-Skandinavisk-intro-default.aspx?site=nordicmodel&func=article.view&menuAction=selectClose&menuID=160733&id=161224>) [Lasta ned 20.09.2006]

### **Presseklipp:**

”- Klar for samarbeid” i *Arbeiderbladet* 28.08.1986

”Offentliga sektorn. Bakläxa för Feldts nya ideer” i *Dagens Nyheter* 6. februar 1989

”Tankar långt från partiet”, ”De känsliga formuleringarna” og ”Offentliga sektorn. Rapporten våller LO-kritik” i *Dagens Nyheter* 7. februar 1989

”Vi måste ompröva medeln!” i *Aftonbladet* 18. februar 1989

”Valgfrihet for hva?” i *Dagbladet* 18. mai 1990

”Valgfrihet for hva?” i *Dagbladet* 1. juni 1990

”Kan vi velge bort køene?” i *Dagbladet* 20. juni 1990

”Fornyelse må til” i *Dagbladet* 29. juni 1990

### **E-post**

Gullvåg, Steinar: E-post til underteikna 18.08.2007. Gullvåg var tilsett i Norsk Kommuneforbund i perioden frå desember 1989 til mars 1994

Palshøj, Peter: E-post til underteikna 20.10.2006. Palshøj er per i dag generalsekretær i SAMAK.

**Muntlege kjelder:**

Intervju med Per Kleppe 26.02.2007. Kleppe er tidlegare norsk handelsminister (1971-72), finansminister (1973-79) og planleggingsminister (1979-81).

Intervju med Gunnar Berge 24. mai 2007. Berge er tidlegare norsk finansminister (1986-89) og kommunal- og arbeidsminister (1992-1996).